Heilt ledige i Ulstein i % 2016	4,3	4,3	4,8	4,6	4,3	4,1	4,8	4,6	4,1	4,5	4,8	5,1
Heilt ledige i Ulstein i % 2015	2,0	1,8	2,2	2,2	2,1	2,7	3,2	3,4	3,2	3,3	4,0	4,3

Som ein ser må ein heilt tilbake til juni/juli 2015 for å finne tilsvarande arbeidsløysetal. Utviklinga er positiv, og forhåpentlegvis varar den ved framover.

- Folkeveksten hittil år utgjer 0,7% (25 personar) etter eit par svake månadar i februar og mars, sjå figuren under:



Utviklinga i juni månad vert spanande, då innbyggartilskotet vert utrekna etter talet på busette personar 1.juli.

Status og tenesteproduksjon

Sentraladministrasjon/folkevalde:

Bemanning på økonomi og personal er god og personar er tilbake frå permisjonar. Der er svært høg aktivitet og mykje omfattande prosjektarbeid. Kommunestyret har fått orientering om prosjektet heiltidskultur som vi er ein del av saman med Ørsta kommune og KS. Etablering av nytt sak arkiv system har vore eit omfattande arbeid som har lagt beslag på mange ulike ressursar i organisasjonen. Eit nytt sak / arkiv system verkar inn på arbeidsporsessar i heile organisasjonen. Systemet vart sett i drift i slutten av mai og vi ventar at det vil gi ein lettare arbeidssituasjon og betre kvalitet på arkiv og gevinstar på saksbehandling etter kvart som organisasjonen tek systemet i bruk. Det er og etablert eit nytt system for rekruttering (Webcruiter).

Innanfor servicetorg / rådmannskontoret går vi med noko redusert bemanning på grunn av sjukefråvær og vakansar i stillinga etter assisterande rådmann. Stillinga er gjort om til kommunalsjef for strategi og utvikling og vi reknar med tilsetting i juni. Ledige lønsmidlar vert i nokon grad nytta til prosjektarbeid på reiselivsplan og autonome bussar.

Oppvekst og kultur:

Oppvekst

Barnehage.
Alle med rett til barnehageplass fekk tildelt plass ved årets hovudopptak. Det er full barnehagedekning i kommunen, men med knapp margin. Det er særleg i sentrumsområdet ein kan få utfording med å ha tilstrekkeleg antal plassar.
Klagesaker knytt til berekning av tilskot i perioden 2012-2017 er handsama og berekna på nytt. Eit par punkt i ny berekning er påklaga, og ein avventar endeleg handsaming av dette.
Brakkene ved Sundgotmarka barnehage er selde og fjerna. Det er behov for noko rydding og tilrettelegging av utearealet som følgje av dette. Det er ønskjeleg å overføre investeringsmidlar frå prosjekt «Oppgradering av leikeområde skular» med kr 130.000,- til dette.

Skule.
Prosjektet Teknologiskulen/Læringsarena held fram i god fart. Mykje skal implementerast, og mykje nytt skal utviklast.
Skulane er i gang med førebuing til den omfattande fagfornyinga av grunnskulen som skal ha verknad frå hausten 2020.
Lærarnorma får full verknad frå hausten 2019. Dette fører til eit behov for om lag 2 nye stillingar i sektoren. Det er usikkert om statlege midlar til føremålet dekker alle kostnadar. Dette må vi eventuelt kome tilbake til.

IMU.
Elevgrunnlaget ved kompetansesenteret varierer i perioder, mest grunna varierande behov ved asylmottaket. Det kan vere utfordrande å dimensjonerer tenesta effektivt, men dette er kontinuerleg i fokus.
Det vert arbeidd aktivt med å utvikle samarbeid med næringslivet og med frivilleg sektor. Ei klar målsetting er å bidra til at flest muleg av busette flyktningar skal oppnå fast arbeid.

Kultur

Arbeid med spelemidlar har hatt særleg fokus i perioden. Utbetaling av vel 30 mill kr til Ulstein Arena står i vent, og ei utbetaling på vel 2,5 mill kr til to mindre anlegg så langt i vår. Prosjektet Ung Arena, som vart støtta av Gjensidigestiftinga med 1,32 mill kr, har starta opp. Her har vi i løpet av våren tilsett prosjektmedarbeidar, som har hovudansvaret for dei tre av dei fire delprosjekta. Det er leksehjelp (fire dagar i veka, open hall ein gong pr månad og BUA – utlånssentral. Utlånssentralen er no etablert i den gamle helsestasjonen. Det fjerde delprosjektet er debattarena for ungdom. Her har vi så langt hatt ei samling/ ein debatt, med Ulstein bibliotek som arena.

I Sjøborg kulturhus og kino har kinoen har fått ei oppgradering med mellom anna nye komfortable kinostolar. Investeringa på nær 700.000 kr er finansiert av Ulstein kultur og konferansesenter AS og ei gåve frå Sparebanken Møre på 150.000 kr. Oppgraderinga førte til stengt kinosal i nær to veker, noko som gir seg utslag i eit bortfall på 1200 – 1500 besøkande. I kulturhuset elles har det vore eit noko roligare vinterhalvår, men dei gjennomførte arrangementa har hatt godt besøk.

Turvegen over Gamleeidet til Breifjellet blei ferdigstilt i perioden. Tilbakemeldingane er gode og talet på turgåarar i fjellet er stort.

Ustein Arena har stor aktivitet og godt besøk i alle avdelingar. Idrettshallen har fullt belegg gjennom heile veka. Ulstein bibliotek er møteplass frå morgon til kveld, med folk i alle aldrar. Spesielt kan vi denne våren nemne alle møta og samlingane med ulike lag og organisasjonar, gjerne fleire kveldar i veka. Ei utfordring som vi må ha som mål å utbetre, er muligheita for lyd og bilde knytt til desse møta. Elles er Ulsteinbadet med kafeteriaen, den store «motoren» i anlegget. Utanom elevbading hadde Ulsteinbadet eit gjennomsnittleg besøk på nær 5000 personar pr mnd, dei tre første månadane. Dette er som forventa noko lavare enn opningsåret 2018 (6000 pr mnd). Elles har vi denne våren gjort avtalar med fleire nye aktørar som vil leige bassenget fast fram til våren 2020, noko som vil gi Ulsteinbadet nye inntekter på om lag 150.000-200.000.

Teknisk etat:

Brann og feiing:

Det er tilsett to nye konstablar ved Hareid stasjon i første kvartal. Ulsteinvik stasjon har hatt utrykking til Herøy i samband med klemskadeulukke som førte til dødsfall, og til Eiksundtunnelen ved dødsulukke der.
Det brannførebyggande arbeidet har hatt fokus på tilsyn i særskilte brannobjekt og kurs/øvingar. Tilsyn i særskilde brannobjekt (§ 13 i brann- og eksplosjonsvernlova):

Kommune	Ulstein	Hareid
Tilsyn i særskilde brannobjekt	10	4

Det har vore halde ein del kurs og øvingar frå januar til april. Totalt har avdelinga hatt kurs for 115 personar. Stillinga som leiar førebyggande avdeling er framleis vakant pga. pågåande utgreiing om eit meir omfattande brannvernsamarbeid. Av denne grunn er det ikkje realistisk å få gjennomført tilsyn i alle særskilde brannobjekt i 2019.

Status for feiing og tilsyn i bustadane er slik:

	Ulstein	Herøy	Vanylven	Hareid
Feiing	2	7	0	131
Tilsyn	71	363	0	254

Feietenesta må få på plass ein bil til for å oppnå god effektivitet, dette vert det jobba med, jf. budsjettløyving 2019.

Vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg:

Innanfor vatn og avløp har det vore ein normal driftsvinter, men noko utfordringar med kapasiteten på vassreinseanlegget på Gamleeidet, jf. løyving til nye membranar. Det har vore jobba med etappe to og tre for ny tilførsleleidning frå Garsholhaugen vassreinseanlegg til Ulsteinvik sentrum v/innleigd entreprenør.

Vegvedlikehaldet var også denne vinteren noko utfordrande tidleg på året med stort behov for strøing. Dermed har ein i første kvartal brukt om lag like mykje ressursar som i 2018 på vintervedlikehaldet. Det omfattande etterslepet på vedlikehald av veglys vart jobba vidare med i første tertial. Av økonomiske årsaker vart det beordra stans i veglysvedlikehaldet frå kring påske, så vil det blir vurdert å ta dette opp igjen etter sommarferien.

Plan, byggesak, kart og oppmåling:

Arealdelen til kommuneplanen vart godkjent av kommunestyret i mars.
Innanfor byggesak og kart/oppmåling har det vore lavare aktivitet enn i gjennomsnittsåret siste 10 år. Saksmengda innanfor oppmåling har vore om lag som i 2018, medan talet på byggesaker har gått ytterlegare ned. Avdelinga har største parten av det praktiske arbeidet med eigedomsskatten, og om lag 1/3 årsverk går med til dette arbeidet. Kapasiteten på sakshandsaming av bygge-, frådelings- og dispensasjonssaker er dermed tilsvarande redusert.
Innføring av nytt sak/arkivsystem har vore svært arbeidskrevjande for to av medarbeidarane ved plan- og bygningsavdelinga. Digitaliseringsprosjektet for teknisk sektor har i første tertial i stor grad stoppa opp pga. dette.
På grunn av at innlånet til kommunen frå Husbanken vart redusert frå 12 til 6 mill. kr i 2018, må det til tøff prioritering på kven som får lån. Søknadsmengda er redusert i høve toppåra fram til 2015.

Helse og omsorg:

Etaten har fortsatt store oppgåvemessige utfordringar. Samstundes har vi 1.kvartal ikkje hatt overbelegg på sjukeheimen. Dette er ein situasjon som gjev rimeleg grad av handlefridom både i forhold til heimetenestene, legetenesta og sjukehusa. På sjukeheimen og i heimetenestene har det fortsatt vore store utfordringar knytt til enkeltbrukarar som krev ekstra bemanning. I tillegg har det også i dette kvartalet vore auka etterspurnad etter avlastning. Samstundes har vi fortsatt positiv erfaring med kvardagsrehabilitering, der mykje av rehabiliteringa etter sjukehusopphald vert gjennomført i brukaren sin heim.

Økonomi

Sentraladministrasjon/folkevalde:

Drift:

TENESTEOMRÅDE FOLKEVALDE OG SENTRALADMINISTRASJON PR. APRIL 2019			
Konto	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Avvik**
Utgifter	1 298 954	1 304 902	5 948
Inntekter	-93 687	-93 320	367
Folkevalde	**1 205 267**	**1 211 582**	**6 315**
Folkevalde	**1 205 267**	**1 211 582**	**6 315**
Utgifter	16 220 396	15 080 870	-1 139 526
Inntekter	-1 114 488	-1 609 474	-494 986
Administrasjon og fellestenester, Sentraladm	**15 105 908**	**13 471 396**	**-1 634 512**
Utgifter	2 995 158	3 258 947	263 789
Inntekter	-53 344	-225 725	-172 381
Overføring til andre	**2 941 814**	**3 033 222**	**91 408**
Utgifter	-	83 332	83 332
Tilleggsløyving	**-**	**83 332**	**83 332**
Sentraladm.,kyrkje mm	**18 047 722**	**16 587 950**	**-1 459 772**
Sum folkevalde og sentraladministrasjonen	19 252 989	17 799 532	-1 453 457

Området er som sum forventa å balansere når innsparingsmålet på 4,5 mill.kr. som ligg på rådmannsansvaret vert fordelt ut på einingane i andre tertialrapport, med unntak av tilleggsløyvingane kor ein forventar eit positivt avvik på om lag 1,6 mill.kr. som fylgje av årets lønnsoppgjer.

Investering:

Sentraladministrasjon - status investeringar april 2019			
Prosjekt	**Rekneskap**	**Rev.bud**	**Avvik**
Geileneset kai/uteområde	347 500	1 167 010	819 510
Bjørndalsparken/Hydrotomta	-	140 625	140 625
Investeringsmidlar omstilling	-	625 000	625 000
Trivselsgate	8 313	142 754	134 441
Fjernvarme	83 986	4 402 201	4 318 215
Park/uteområde Bjørndalvegen 2	-	6 250 000	6 250 000
Sjøsida - trinn 2	-	2 500 000	2 500 000
Rådmannen	**439 799**	**15 227 590**	**14 787 791**
Nytt kyrkjebygg - arkitektkostnader	-	3 343 564	3 343 564
Etterisolering himling	-	52 488	52 488
Fornying av teknisk utstyr på Osnes kyrkjegard	-	120 470	120 470
Kyrkjeleg administrasjon	**-**	**3 516 522**	**3 516 522**
IKT investeringar i skulen	-	135 308	135 308
Utbygging av fibernett	-	212 145	212 145
Utbygging av nettverk	-	404 137	404 137
Fiber Hasund skule	-	63 866	63 866
Interkommunalt IKT-samarbeid	-	960 701	960 701
Fellesprosjekt digitalisering SSIKT	-	804 500	804 500
SSIKT - investeringsbudsjett 2019	-	2 206 250	2 206 250
EDB-avdeling	**-**	**4 786 907**	**4 786 907**
Sentraladm.,kyrkje mm	**439 799**	**23 531 019**	**23 091 220**

Bjørndalsparken, Park uteområde Bjørndalsvegen 2 og Sjøsida 2 er tiltak som er knytt til utbyggingsprosjekt med privat utbyggar. Framdrift i desse prosjekta er avhengig av byggeprosjektet. Utbygging Fjernvarme er knytt til prosjekt som skal gjennomførast av Ulstein fjernvarme AS.

Oppvekst og kultur:

Drift:

TENESTEOMRÅDE OPPVEKST OG KULTUR PR. APRIL 2019			
Konto	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Avvik**
Utgifter	38 521 351	37 248 825	-1 272 526
Inntekter	-1 800 966	-1 363 273	437 693
Barnehage	**36 720 385**	**35 885 552**	**-834 833**
Utgifter	55 325 519	52 298 821	-3 026 698
Inntekter	-9 567 758	-7 827 615	1 740 143
Skule	**45 757 761**	**44 471 206**	**-1 286 555**
Utgifter	6 247 079	6 121 092	-125 987
Inntekter	-320 529	-256 385	64 144
PPT	**5 926 550**	**5 864 707**	**-61 843**
Utgifter	4 951 438	4 360 029	-591 409
Inntekter	-460 959	-367 580	93 379
Administrasjon og fellestenester, OPK	**4 490 479**	**3 992 449**	**-498 030**
Utgifter	3 536 266	5 053 761	1 517 495
Inntekter	-4 412 805	-6 055 461	-1 642 656
Flyktning og innvandring	**-876 539**	**-1 001 700**	**-125 161**
Oppvekst	**92 018 636**	**89 212 214**	**-2 806 422**
Utgifter	3 594 292	3 304 845	-289 447
Inntekter	-1 156 257	-1 054 170	102 087
Kulturskulen	**2 438 035**	**2 250 675**	**-187 360**
Utgifter	2 554 375	2 347 164	-207 211
Inntekter	-158 245	-158 308	-63
Kultur	**2 396 130**	**2 188 856**	**-207 274**
Utgifter	2 608 009	2 072 810	-535 199
Inntekter	-1 928 095	-1 948 468	-20 373
Sjøborg	**679 914**	**124 342**	**-555 572**
Utgifter	11 037 353	10 442 161	-595 192
Inntekter	-3 008 288	-2 488 056	520 232
Idrett	**8 029 065**	**7 954 105**	**-74 960**
Kultur og idrett	**13 543 144**	**12 517 978**	**-1 025 166**
	105 561 780	**101 730 192**	**-3 831 588**

Det er forventa eit negativt avvik på barnehageområdet på kr 1,750 MNOK. Dette skuldast klagesaker som er gitt delvis medhald, og at tal på barn vil variere noko i høve tal vi kjenner pr dd.
Om statleg tilskot ikkje fullt ut dekkjer kostnadar ved innføring av ny lærarnorm, vil det kunne føre til ein meirkostnad på inntil 2 stillingar (kr 1,4 MNOK).
Kulturområdet viser pr april 2019, eit negativt avvik i høve budsjett på om lag 840.000 kr (Kulturskulen høyrer til under oppvekst, og er ikkje med her). For Ulstein Arena er det grunn til å tru at budsjettavviket kan verte om lag på nivå med 2018, auka inntekter vil kunne bøte på dette. For Sjøborg kulturhus vil ein haust med mange arrangement gi eit resultat meir i tråd med budsjett for 2019. Arrangementa som er gjennomført i 2019 viser så langt eit positivt resultat på om lag 100.000 kr.

Det vil vere utfordrande for området å vere i balanse på kulturområdet pr 3112, og det må gjerast tiltak i drifta for å nå dette målet.

Investering:

Oppvekst og kultur - status investeringar april 2019			
Prosjekt	**Rekneskap**	**Rev.bud**	**Avvik**
Forprosjekt utbygging Ulsteinvik Barnesk	-	137 500	137 500
Ulsteinvik Barneskule	**-**	**137 500**	**137 500**
Golvdekke/stolar i UA/Idrettshallen	712 493	725 000	12 507
Idrettshall og badeanlegg	**712 493**	**725 000**	**12 507**
Utvikling av skuleområde - forprosjekt	-	200 000	200 000
Oppgradering av leikeområde skular	-	825 000	825 000
Oppvekstadministrativt system	-	437 500	437 500
Skisse/forprosjekt kommunal barnehage	-	625 000	625 000
Administrasjon oppvekst	**-**	**2 087 500**	**2 087 500**
Gym-utstyr Ulstein Arena	15 152	118 261	103 109
IKT-utstyr skulane	605 231	1 250 000	644 769
Grunnskule	**620 383**	**1 368 261**	**747 878**
Oppvekst	**1 332 876**	**4 318 261**	**2 985 385**
Turveg Gamleeidet - Vikeskaret	12 500	-	-12 500
Nærmiljøanlegg Onglasætre	1 062	-	-1 062
Fellestenester kultur	**13 562**	**-**	**-13 562**
Eiksund Ballbinge	-	205 041	205 041
Fellestenester kultur	**-**	**205 041**	**205 041**
Kultur og idrett	**13 562**	**205 041**	**191 479**

Forprosjekt «Utbygging Ulsteinvik barneskule» er under arbeid, og midlar som gjenstår vil verte nytta i det vidare arbeidet. Tiltak knytt til uteområda ved skulane vert sett i samanheng, og arbeid med plan for oppgradering er under arbeid. Det er behov for midlar til oppgradering av delar av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage, og det er ønskjeleg å få nytta kr 130.000 av investeringsmidlar til dette.

Teknisk etat:

Drift:

TENESTEOMRÅDE TEKNISK PR. APRIL 2019			
Konto	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Utgifter	2 559 835	2 592 079	32 244
Inntekter	-2 070 837	-2 060 098	10 739
Anlegg og drift	488 998	531 981	42 983
Utgifter	5 475 601	5 156 104	-319 497
Inntekter	-759 078	-1 033 062	-273 984
VAR	4 716 523	4 123 042	-593 481
Utgifter	2 910 747	1 916 710	-994 037
Inntekter	-429 444	-239 108	190 336
Veg og hamn	2 481 303	1 677 602	-803 701
Utgifter	5 158 300	5 441 353	283 053
Inntekter	-202 517	-173 675	28 842
Brann	4 955 783	5 267 678	311 895
Utgifter	966 292	897 260	-69 032
Inntekter	-1 500	-	1 500
Feiing	964 792	897 260	-67 532
Utgifter	294 589	278 870	-15 719
Inntekter	-505 000	-5 458	499 542
Bustadføremål	-210 411	273 412	483 823
Utgifter	2 023 248	2 409 817	386 569
Inntekter	-653 790	-1 264 522	-610 732
Oppmåling/regulering/bygningsavd.	1 369 458	1 145 295	-224 163
Utgifter	625 211	665 592	40 381
Inntekter	-111 483	-44 168	67 315
Administrasjon og fellestenester teknisk	513 728	621 424	107 696
Teknisk etat	15 280 174	14 537 694	-742 480

Innanfor vegvedlikehaldet må det køyrast stram budsjettdisiplin ut året. Utifrå statusen ved utgangen av 1. tertial, vil det erfaringsmessig kunne bli vanskeleg å halde årsbudsjettet utifrå at der kjem faste utgifter til brøyteberedskap og kanskje også utgifter knytt til flaum og snøfall i siste del av året. Difor vert det signalisert eit meirforbruk for vegvedlikehaldet ved årsslutt på kring 300.000 kr. Det negative avviket innanfor dei sjølvfinansierande tenestene vatn, avlaup og feiing skal balansere ved årsslutt eller ev. setjast i bunde fond/hente frå bunde fond.

Det bør vere aktuelt å leggje inn i vegvedlikehaldet eit bunde fond for veg Eika på 52 772 kr som mest truleg er unytta midlar frå vegopprusting kring 2008-09.

Pga. lav aktivitet på byggesak, sviktar gebyrinntektene i vesentleg grad. Det er signalisert eit negativt avvik på minst 300.000 ved årsslutt, og dermed samla 600.000 for teknisk etat.

Investering:

Teknisk - status investeringar april 2019				
Prosjekt	**Rekneskap**	**Rev.bud**	**Avvik**	**Kommentar/merknad**
Mindre nyanlegg vatn 2018 - vassleidningar	-	1 121 450	1 121 450	overført til 2019 prosj. 31901
Brannkummar - utbetringar 2018	-	24 794	24 794	overført til 2019 (utført)
SD anlegg	33 450	114 104	80 654	igangsett
Vassledning gangveg Dimna	-	315 396	315 396	dekke prosjekt 31710 gangveg kleven
Vassledning gangveg Skeide	427 755	272 307	-155 448	Inndekning mindre nyanlegg prosjekt 31901
Vassleidning Hasund - Stradabø	1 958 678	792 840	-1 165 838	Inndekning etappe 3 under
Ny kostemaskin	-	197 842	197 842	til p 31909 maskin sjå under
Vassledningar - mindre nyanlegg 2019	40 000	1 000 000	960 000	960 000 (+ 1 121 450 sjå over)
Hovudvassledning etappe 3 Strandabø - Ulsteinvik	1 198 604	6 000 000	4 801 396	i arbeid
Reinseanlegg Gamleeidet membranar/filter	3 785	3 000 000	2 996 215	prosjektering pågår
Maskin 2019	177 100	-	-177 100	Sjå prosj. kostemaskin over
Vassforsyning	**3 839 372**	**12 838 733**	**8 999 361**	
Overvatn	3 471	-	-3 471,00	Inndekning mindre nyanlegg 31904
Hovudplan avløp	13 618	-	-13 618,00	Inndekning mindre nyanlegg 31904
Ny Pumpestasjon Sundgotvatnet	21 200	-	-21 200,00	Inndekning mindre nyanlegg 31904
Mindre nyanlegg 2019 - Avløp	390 040	4 550 000	4 159 960,00	
Resipientundersøking	-	300 000	300 000,00	tinga
Tømestasjon bu-bilar	-	450 000	450 000,00	avtale med entreprenør
Pumpestasjonar ombygging	-	200 000	200 000,00	i arbeid
Maskin 2019	177 100	200 000	22 900,00	gjennomført
Kloakk og avlaup	**605 429**	**5 700 000**	**5 094 571**	
Gangbru over Haddalelva	62 021	111 200	49 179	liten del av arbeidet gjenstår
Kryss Vikemyra-Bjørndalsvegen	-	150 478	150 478	i arbeid
Gangveg Kleven	17 765	-	-17 765	Litt arbeid gjenstår - tilksott ikkje utbet.
Sykkelparkering	-	245 724	245 724	Dette prosjektet er ferdig
Ny kostemaskin	-	350 893	350 893	Aktuelt å omdisponere inn til maskin/utstyr
Gangveg i Botnen	-	131 743	131 743	Dette prosjektet er ferdig
Gangveg Skeide - byggesteg 1	894 695	-	-894 695	Tilskott innvilga på 1,15 mill - ikkje utbet.
				Prosj. ferdig - ikkje motteke sluttfaktura
Kommunale vegar	**974 481**	**990 038**	**15 557**	

Brannstasjon - forprosjekt	-	1 750 000	1 750 000	Under arbeid etter avklaring k-st. 28.3.19
Brann og redning	**-**	**1 750 000**	**1 750 000**	
Kjøp av nye feiebilar	-	300 000	300 000	Under arbeid
Feiing	**-**	**300 000**	**300 000**	
Flykartlegging 2019	-	187 500	187 500	
Oppmåling/ regulering/ bygningsavd.	**-**	**187 500**	**187 500**	
Sanitærbygg Osnessanden	-	1 250 000	1 250 000	Uavklart om grunn
Administrasjon teknisk etat	**-**	**1 250 000**	**1 250 000**	
Vikebakkvegen - veglys mm	-	314 687	314 687	planlagt prioritert i år
Grunnkjøp Skeide	-	14 875 426	14 875 426	Overskjønn veke 23 - 2019
Legehaugane	138 944	-	-138 944	Må sjekkast nærare
Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	-	21 916 549	21 916 549	Planl. Oppstart første kvartal 2020
Tomteklargjering Saunesmarka	175 963	1 687 500	1 511 537	Oppstarta, avventar tomtesal for finans.
Utbyggingsområder	**314 907**	**38 794 162**	**38 479 255**	
Teknisk etat	**5 734 189**	**61 810 433**	**56 076 244**	

I samband med etappe tre av prosjektet med utskifting av vassleidning frå Garsholhaugen til sentrum, ser ein at det hadde vore viktig å fått laga til ei gangbru over Sauneselva sidan der er fortau på begge sider av brua. Den nye leidningen kan i så fall innlemmast der. Det er henta inn budsjettpris frå utførande entreprenør på 400.000 kr for denne jobben. Det er sannsynleg at kostnaden vil kunne bli ein del større om dette skal iverksetjast som eige prosjekt seinare.

Helse og omsorg:

Drift:

HELSE OG OMSORG - STATUS ØKONOMI APRIL 2019			
	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik
Utgifter	66 966 340	66 040 677	-925 663
Inntekter	-13 809 356	-11 945 007	1 864 349
Omsorg	53 156 984	54 095 670	938 686
Utgifter	4 158 859	3 254 397	-904 462
Inntekter	-252 553	-157 105	95 448
Helsestasjonteneste	3 906 306	3 097 292	-809 014
Utgifter	5 082 505	4 558 187	-524 318
Inntekter	-152 238	-309 433	-157 195
Legeteneste	4 930 267	4 248 754	-681 513
Utgifter	8 132 065	8 039 363	-92 702
Inntekter	-18 530	-	18 530
Barnevern	8 113 535	8 039 363	-74 172
Utgifter	380 429	93 598	-286 831
Inntekter	-26 756	-3 600	23 156
NAV	353 673	89 998	-263 675
Utgifter	-	-1	-1
Inntekter	-102 617	-50 000	52 617
Økonomisk sosialhjelp	-102 617	-50 001	52 616
Helse og Omsorg	**70 358 148**	**69 521 076**	**-837 072**

Ut frå det vi ser av den økonomiske situasjonen i etaten etter første kvartal, er det utsikt til at budsjettet kan være i balanse ved årets utgang.

Omsorg

Slik det ser ut nå vil budsjettet her gå i balanse.

Helsestasjonsteneste

Dette budsjettet vil kunne bli i balanse ved hjelp av prosjektmidler frå fond.

Legeteneste

Innan legetenesta er det forventa eit negativt resultat. Eg vil komme tilbake 2. tertial med eventuell inndekning frå ressurskrevjande tenestemottakar

Barnevern

Ut frå det vi veit i dag ser budsjettet ut til å gå i balanse, men nye saker kan kome til.

Nav/økonomisk sosialhjelp

Slik det ser ut i dag budsjettet være i balanse ved årsskiftet, men vanskeleg å seie noko sikkert.

Investering:

Helse og omsorg - status investeringar april 2019			
Prosjekt	**Rekneskap**	**Rev.bud**	**Avvik**
Velferdsteknologi 2018/19/20/21	808 917	1 250 000	441 083
Administrasjon omsorgstenester	**808 917**	**1 250 000**	**441 083**
Inventar Ulstein sjukeheim	328 334	375 000	46 666
Ulstein sjukeheim	**328 334**	**375 000**	**46 666**
Helse og Omsorg	**1 137 251**	**1 625 000**	**487 749**

<u>Sjukefråvær</u>

Sentraladministrasjon/folkevalde:

FOLKEVALDE/SENTRALADMINISTRASJON - STATUS SJUKEFRÅVÆR PR 30.4.19						
	JANUAR - APRIL 19			JANUAR - APRIL 18		
	Fråvær%	Korttid%	Langtid%	Fråvær%	Korttid%	Langtid%
Folkevalde/Sentraladm.	**8,23 %**	**1,89 %**	**6,34 %**	**9,24 %**	**2,22 %**	**7,02 %**

Sjukefråveret viser litt nedgang, men det er likevel høgre enn det som er målsettinga. Mykje av fråveret er knytt til langtidsfråver og det slår prosentvis relativt kraftig ut i små miljø. Sjukefråveret omfattar og området for lærlingar i tillegg til sentraladministrasjonen.

Oppvekst og kultur:

OPPVEKST OG KULTUR - STATUS SJUKEFRÅVÆR PR 30.4.2019						
	JANUAR - APRIL 2019			JANUAR - APRIL 2018		
	Fråvær%	Korttid%	Langtid%	Fråvær%	Korttid%	Langtid%
Sundgotmarka barnehage	11,13	3,72	7,41	18,17	2,88	15,29
Haddal skule	13,38	2,04	11,34	13,45	2,16	11,28
Hasund skule	7,91	2,28	5,64	9,25	5,44	3,81
Ulstein skule	5,57	2,06	3,51	4,82	2,31	2,50
Ulsteinvik barneskule	4,82	1,65	3,17	5,44	2,65	2,79
Ungdomsskulen	2,47	0,73	1,74	7,92	2,74	5,18
PPT	17,20	2,90	14,30	5,46	2,68	2,77
Ulstein kompetansesenter	6,71	3,42	3,29	30,94	3,40	27,54
Oppvekst	**7,78**	**1,95**	**5,83**	**9,62**	**2,95**	**6,67**
Kulturskulen	10,43	2,66	7,77	1,59	1,14	0,45
Kultur og idrett	**5,89**	**1,66**	**4,23**	**3,89**	**1,74**	**2,15**

Det er stor variasjon i sjukefråværet ved dei ulike avdelingane. Det er grunn til å merke seg positive tal ved Ulstein Kompetansesenter samanlikna med same periode i fjor. Høgt langtidsfråvær skuldast i hovudsak langvarig sjukdom. Ved fråvær som er arbeidsrelatert, vert det arbeidd godt for å bøte på dette.

Teknisk etat:

TEKNISK - STATUS SJUKEFRÅVÆR PR 30.4.2019						
	JANUAR - APRIL 2019			JANUAR - APRIL 2018		
	Fråvær%	Korttid%	Langtid%	Fråvær%	Korttid%	Langtid%
Anlegg og drift	3,31	3,31	0,00	2,12	2,12	0,00
VAR	31,08	0,92	30,16	10,08	0,63	9,44
Veg og hamn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Brann	9,15	8,61	0,54	5,63	5,36	0,27
Bustadføremål	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Oppmåling/regulerin/bygningsavd.	4,29	4,29	0,00	5,98	3,81	2,17
Teknisk administrasjon	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Feiing	0,81	0,81	0,00	0,00	0,00	0,00
Teknisk etat	**7,45**	**3,27**	**4,18**	**4,43**	**2,65**	**1,78**

Hovudårsaka til høgt samla fråvær er langtidssjukmelding. Men også korttidsfråværet har gått noko opp utan at dette er vurdert til å vere dramatisk.

Helse og omsorg:

HELSE OG OMSORG - STATUS FRÅVÆR PR. APRIL 2019						
	JANUAR - APRIL 2019			JANUAR - APRIL 2018		
	Fråvær%	Korttid%	Langtid%	Fråvær%	Korttid%	Langtid%
Helsestasjonsteneste	5,97	3,21	2,76	2,95	2,95	0,00
Fellestenester admin.omsorg	4,59	0,86	3,73	3,07	3,07	0,00
Sone 4	9,12	3,43	5,69	14,19	5,12	9,07
Sone 1	9,96	3,51	6,45	8,70	4,08	4,62
Sone 3	9,94	1,95	8,00	15,34	1,96	13,38
Sone 2	10,79	3,30	7,49	13,24	4,62	8,62
Helse og omsorg	**9,26**	**2,95**	**6,31**	**11,57**	**3,88**	**7,70**

Det vert arbeid godt med både styrking av arbeidsmiljø og reduksjon sjukefråværet. Tabellen over viser nedgang både i langtids- og korttidssjukefråværet 1. kvartal 2019 samanlikna med første kvartal 2018.

Avvik
Avvik fordelt på område og type avvik:

Område	Teneste kvalitet	HMS	Truslar og vald	Informasjons-sikkerheit	Sum avvik
Helse og omsorgsetaten	78	7	93	1	179
Oppvekst og kulturetaten	-	1	23	-	24
Teknisk etat	-	4	-	-	4
Sentraladministrasjonen	1	-	-	-	1
Sum avvik	79	12	116	1	208

Avvik fordelt på vurdering av konsekvens:

	Helse og omsorg	Oppvekst og kultur	Teknisk	Sentraladm.	Sum
Mindre alvorleg	151	18	-	-	169
Alvorleg	26	5	2	1	34
Svært alvorleg/ kritisk	-	1	-	-	1
Ikkje vurdert	2	-	2	-	4
Sum	179	24	4	1	208

Kommentar: Vi har eit elektronisk system for rapportering og behandling av avvik. Helse og omsorgsetaten rapporterer framleis mest på alle område. Vi trur at denne rapporteringa viser eit tilnærma korrekt bilde av omfanget. Andre etatar/avdelingar har ikkje hatt like sterk kultur for rapportering av avvik, men vi ser at oppvekst/skule rapporterer stadig fleire avvik. Alle avvik vert behandla av næraste leiar. Avvik på HMS og vald og truslar vert presentert og gjennomgått i Arbeidsmiljøutvalet. Det samla talet på avvik har auka frå 137 i 2017, til 161 i 2018 og 208 i år. Den store auken gjeld i hovudsak meldingar om vald og truslar. Alvorsgrad varierer og det er få saker som er svært alvorlege. Både for brukarar, pasientar, pårørande og tilsette, er det krevjande å stå i situasjonar med munnbruk, slag, lugging, sparking og spytting. Alle avvik vert behandla av leiar og vert brukt som grunnlag for tiltak som opplæring, samarbeid med 2.linjeteneste, og andre einingar ev. i samarbeid med pårørande. Andre tiltak er fordeling eller auke av bemanning/ressursar, individuell plan og endra rutinar.

Vurdering og konklusjon:
Tertialrapporten viser negative avvik på fleire område, særleg innanfor oppvekst og kultur. Det er utsikter til positive avvik på enkelte område, men stram økonomistyring og drift må til om ein skal klare budsjettbalanse i 2019.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: sjå saksutgreiinga
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Verner Larsen rådmann	Steinar Nummedal leiar økonomiavdelinga

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10155 19/10178
Saksbehandlar: Marit Botnen
Dato: 03.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
07/19	Fellesrådet	11.06.2019
33/19	Levekårsutvalet	12.06.2019
70/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt på Sunnmøre

Samandrag:

Ålesund kommune har hatt barnevernsvakt sidan tidleg på 90-talet. I samband med at Ålesund kommune skal slåast saman med fleire kommunar har dei utgreia ny organisering av barnevernsvakta i kommunen. Dei inviterer omliggande kommunar inn, slik at vakta vert interkommunal. Rådmannen tilrår å takke ja til interkommunal barnevernsvakt.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommune takkar ja til tilbod om å ta del i interkommunal barnevernsvakt på Sunnmøre med Ålesund som vertskommune.

Det vert lagt fram ei eiga sak for godkjenning av samarbeidsavtale med Ålesund kommune om interkommunal barnevernsvakt etter vertskommunemodell jf. kommunelova § 28.

For 2019 kan kostnader knytt til barnevernsvakt dekkast av prosjektmidlar. For 2020 og vidare må tiltaket inn i økonomiplanen. Modell for kostnadsfordeling kjem i vertskommuneavtalen. Alternativ med ulik kostnadsfordeling er vist i saksutgreiinga og ligg rundt 350 000.

Vedlegg:
Prosjektskisse
Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.2019
Tildeling prosjektskjønn 2018
Prosjektskjønn - Rapport-15-18-0040-22.01.2019
Prosjektskjønn - Søknad-15-18-0040-16.03.2018
Tilbod til kommunane 07.02.19
Tildeling skjønsmidlar 2018
Utredning ny barnevernsvakt 10.09.19
Informasjon og invitasjon til å delta i interkommunal barnevernsvakt 24
Sakspapirer til politisk behandling i Ålesund

Saksopplysningar:

Det kommunale barnevernet har ansvar for at barn som oppheld seg i Norge får nødvendig hjelp og beskyttelse. Det er eit krav at alle kommunar skal ha tilstrekkeleg og riktig barnevernsfagleg kompetanse tilgjengeleg også utanom kontortid, som kan utøve mynde etter lov om barnevernstenester. Pr. i dag har kommunane Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta ikkje ei ordning som stettar krava i lova utanom kontortid. Lov om barnevernstenester § 1-4 seier at tenester og tiltak etter lova skal vere forsvarlege.

I brev av 11.06.2016 frå Barne- ,ungdoms- og familiedirektoratet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kjem det fram følgjande :

> «*Dersom barnevernlovens formål skal oppfylles, må barnevernstjenesten kunne håndtere alle situasjoner hvor barn befinner seg i en krisesituasjon og står i fare for å bli vesentlig skadelidende på grunn av forholdene i hjemmet*»
>
> «*Det er urealistisk å tenke seg at en i Norge skal ha barnevernsvakt tilgjengelig i alle kommuner. Vi mener imidlertid at alle kommuner bør ha beredskapsordninger som sikrer tilstrekkelig og riktig kompetanse til å gi barn og familier i akutt krise nødvendig hjelp til rett tid. Et eksempel kan være samarbeidsavtale med en barnevernsvakt for å kunne ha tilgang til denne kompetansen når akutte situasjoner oppstår*»
>
> «*Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet vurderer imidlertid at kravet til forsvarlige tjenester i barnevernloven tilsier at alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenfor vanlig kontortid. Kompetansen kan være tilgjengelig i kraft av en bakvaktsordning pr.telefon. Selv om håndteringen av mange akuttsituasjoner forutsetter et tett samarbeid med politiet og andre hjelpeinstanser, kan barneverntjenesten ikke overlate ansvaret for disse situasjonene til andre alene. En bakvaktsordning må være formalisert slik at noen faktisk har ansvar for å bidra med barneverntjenestens kompetanse, og samarbeide med andre hjelpeinstanser dersom det oppstår alvorlig situasjon utenfor kontortid. En bakvaktsordning som baserer seg på at barnevernsledere eller ansatte i varierende grad kan kontaktes på privat telefonnummer i krisesituasjoner er ikke en forsvarlig organisering barneverntjenestens akuttberedskap*»
>
> «*Barnevernloven er ikke til hinder for at flere kommuner samarbeider om akuttberedskap. Et slikt samarbeid vil være særlig aktuelt for små kommuner*»
>
> «*Kravene til internkontroll i barnevernloven §2-1 annet ledd tilsier at alle*

kommuner må være i stand til å redegjøre og dokumentere hvordan de oppfyller kravene barnevernloven stiller til akuttberedskap»

Våren 2018 søkte kommunane i den interkommunale barnevernstenesta saman med dei andre kommunane i sjustjernesamarbeidet om skjønsmidlar frå fylkesmannen til etablering av ei felles vakt. (vedlegg 2) Ein fekk midlar til dette og det vart sett i verk arbeid med å finne den beste løysninga for våre kommunar.

Ålesund kommune har hatt barnevernsvakt sidan tidleg på 90-talet. I samband med at Ålesund kommune skal slåast saman med fleire kommunar har dei utgreia ny organisering av barnevernsvakta i kommunen. Dei inviterer omliggande kommunar inn, slik at vakta vert interkommunal.

Fleire av kommunane har no vedteke å gå inn i vaktsamarbeidet og andre arbeider med å førebu saker der det vert foreslått å vedta å gå inn. Slik det ser ut no vil alle kommunane på Sunnmøre vere med på ei slik vakt om kommunane i Sjustjerna vedtek å gå inn.

Ålesund kommune har som mål å starte opp vakta frå tidlegast september 2019, men vakta er framleis under arbeid og det er usikker når tidspunktet for oppstart vil vere.

Den interkommunale barnevernstenesta og kommunane Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven har i dag ikkje vaktordning utanom kontortid. Det fører til at det er barnevernsleiarane som i praksis tek i mot henvendingar på ettermiddag, kveld, natt, helger og høgtider. Det varierer kor mykje det vert tatt kontakt, og det er som regel politiet som tek kontakt. Fleire av kommunane har tidlegare hatt samarbeid om barnevernsvakt som baserte seg på at tilsette hadde vakt på toppen av eiga stilling i barnevernstenesta. Dette viste seg å ikkje kunne vare over tid, dei tilsette vart slitne og vegra seg etter kvart for å ta vakter. Avspasering skapte vanskar i den ordinære tenesta og vaktene vart etter kvart avvikla.

Omfang av akutte henvendingar til interkommunal barnevernsteneste i 2018

Barnevernsleiaren i den interkommunale tenesta har fått 23 henvendingar utanfor ordinær arbeidstid i 2018. Nokre av desse har vorte løyst i telefonsamtale, medan nokre har ført til utrykking. Det er då naudsynt for barnevernsleiaren å kontakte tilsette. Det kan være særs vanskeleg å få tak i tilsette som er klar til å rykke ut og dette gjer situasjonen krevjande og usikker for barna som treng hjelp.

Eit eksempel er at barnevernsleiaren fekk telefon frå politiet medan ho var på ferie i utlandet, om ein rusa forelder åleine med fleire små barn i sentrum i ei av kommunane på kveldstid. Politiet vart beden om å kontakte stadfortredande leiar. Denne var på oppdrag i Molde og måtte derifrå ringe rundt til tilsette for å finne nokre som kunne rykke ut. Slik tok det lang tid før barnevernet kunne kome dit borna var og gi naudsynt hjelp.

På dagtid har den interkommunale tenesta fått 109 akutte henvendingar i 2018. Desse tek mykje tid og ressursar. Anna arbeid må leggast til side og fleire tilsette må som regel
involverast.

Den interkommunale tenesta var involvert i saker der barn var til avhøyr på

barnehuset vedkomande 37 barn i 2018. Desse sakene nyttar vi mykje tid og ressursar på.

Førebuande arbeid med barnevernsvakt i sjustjerna
Barnevernsleiarane i dei sju kommunane hadde i 2017 samarbeidsmøter som førte til eit notat om saka, der det vart foreslått ei løysing med barnevernsvakt hausten 2017. Dette forslaget kom ikkje vidare. Våren 2018 vart det søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen for å utgreie og etablere felles vakt i desse kommunane. I juni 2018 fekk ein vite at ein fekk kr 750 000 til dette.

I august 2018 starta ein på nytt opp med møter om barnevernsvakt mellom barnevernsleiarane i dei åtte kommunane og hovudtillitsvald for FO i den interkommunale barnevernstenesta. I første møte vart ein einige om at ein raskt skulle utgreie saka ved hjelp av andre kommunar sine erfaringar og ha klart eit forslag til løysing innan oktober 2018. I løpet av hausten fekk vi vite at Ålesund kommune var i ferd med å utgreie barnevernsvakt for Nye Ålesund der dei la opp til å kunne ta ansvar for ei barnevernsvakt også for omliggande kommunar. Denne utgreiinga var venta å være ferdig 1.desember. Venke Brandshaug som hadde ansvar for utgreiinga tok del i eit møte med barnevernsleiarane i våre kommunar. Etter dette vart det lagt fram eit forslag for rådmannsgruppa om å vente med å arbeide vidare med ei eiga barnevernsvakt i Sjustjerna til Ålesund var ferdig med si utgreiing. Det vart bestemt at ein venta slik at ein kunne vurdere om det kunne være ei løysing å gå inn i samarbeid med Ålesund om vakta. 10.01.19 fekk ein den ferdige utgreiinga frå Ålesund kommune. (vedlegg 6)

Den 4. januar 2019 kom det tilbod frå Ålesund kommune om å delta på eit orienterings- og dialogmøte der ein drøfta om det er mogleg å etablere ei stor barnevernsvakt på Sunnmøre. Møtet blei gjennomført 4. februar 2019 med deltaking av eit fleirtal av barnevernstenestene frå kommunane på Sunnmøre. I møtet var det stor semje om at tenestene ynskjer ei interkommunal vakt. I etterkant av møtet kom vart det sendt ut eit tilbod til kommunane der det vart tydeleggjort kva ei interkommunal barnevernsvakt kan tilby.

Den 08.02.19 vart saka om barnevernsvakt drøfta på ordførar og rådmannsøte i sjustjernekommunane. I møtereferatet vert det konkludert slik:

Ein ser at ei lokal løysing på søre vil vere ei meir sårbar teneste med store krav til dei tilsette. Ein ynskjer at det vert jobba vidare med ei løysing saman med Ålesund.

Eksempel frå andre kommunar sine løysingar

Barnevernsvakta på Romerike starta opp i 1991 for fem kommunar med til saman 100 000 innbyggarar. Det har auka jamt med kommunar som har slutta seg til, og det er i dag tretten kommunar med til saman 300.000 innbyggarar som er med i vaktordninga. Kommunane sine
innbyggartal varierer frå 2.900 innbyggarar til 54.000 innbyggarar.

Vakta kostar ca. 47 kr pr. innbyggar og har i dag heildøgnsdrift med 25 faste tilsette.

Vakta har ein eigen del tilsette som utøver tilsyn med barn i fosterheim for fire av kommunane, fleire vurderer å slutte seg til ordninga. Dei ser klare fordelar med at

kommunar samarbeider om ei «stor» teneste då dette gir ei robust teneste som er kostnadseffektiv, har stabile tilsette med eigen kompetanse på akuttarbeid og gir moglegheit for å ta på seg tilleggsoppgåver som tilsyn.

Erfaringa er at når ein har vakt med eit telefonnummer og ei stabil opningstid aukar dette etterspørselen. Barn og foreldre i krise treng ein stad å vende seg for å kunne ta kontakt.

Molde starta opp med barnevernsvakt i 2016, vakta bestod i utgangspunktet av dei fire kommunane som var del av den interkommunale barnevernstenesta. Vakta var organisert slik at barnevernstenesta sine tilsette hadde vakter kombinert med arbeidet sitt i barnevernstenesta. Dei erfarte at dette ikkje er ei god løysing over tid. Det var stor turnover på dei som hadde vaktene. 10 tilsette hadde delstilling i vakta i 2016, når dei kom til 2018 var 2 av desse igjen i vakta. Dei tilsette vart utslitte og det gjekk utover arbeidet i barnevernstenesta. Dei så at dei med den vaktordninga ikkje oppnådde at tilsette opparbeidde seg erfaring og naudsynt kompetanse

Molde har no utvida vakta til ei interkommunal vakt med Molde som vertskommune. Det er 14 kommunar som er med i vakta. Kommunane har til saman 101 000 innbyggarar. Vakta har ein kostnad på 47 kr pr. innbyggar. Dei kommunane som ikkje er med er Surnadal og Rindal som er knytt opp mot barnevernsvakta i Trondheim og Fræna. Fræna vil antakeleg kome med i vakta når kommunen ver slått saman med Eide i 2020. Vakta 8 fast tilsette i ulike stillingsprosentar som er tilsett i til saman 4,6 stillingar, inkludert leiar i full stilling. Dei har vakt heile døgnet. Dei har kontor annakvar veke ved politistasjonane i Kristiansund og Molde.

Kommunane Giske, Sula, Sykkylven og Stranda har sidan 2016? hatt eit samarbeid om vakt utanfor kontortid. Dette har fungert bra på mange måtar, men dei har også erfart at det er krevjande for tilsette å ha vakt i tillegg til arbeid i tenesta og at det derfor ikkje er forsvarleg å oppretthalde vakta over tid. Desse kommunane er no i ferd med å vedta å ta i mot tilbodet frå Ålesund om ei interkommunal vakt. Det vert opplyst at t.d Sula kommune vil ved å gå inn i vaktsamarbeidet få 100 000 i auka utgifter i forhold til utgiftene til vaktsamarbeidet dei no er i, som i 2019 var estimert til kr 300 000.

Etablering av eiga vaktordning for sjustjernekommunene
Etter ei drøfting i gruppa som består av leiarteamet i barnevernstenesta, leiarane i kommunane Sande, Vanylven og Herøy er ein komne fram til følgande forslag til løysing:

Barnevernsvakta er ei passiv vakt som er tilgjengeleg utanom barnevernstenesta si kontortid; frå kl 15:30 -08:00 kvardagane og frå 15:30 fredag ettermiddag til måndag morgon kl 08:00 og heile døgnet i høgtider. Vakta består av to personar, ein som har ansvarsvakt og tek i mot telefonar og ein som ringast ved behov for drøft eller utrykking. Det er alltid to ved utrykking for i ivareta dei tilsette sin sikkerheit jf. krava i arbeidsmiljølova si forskrift om utføring av arbeid § 23-A-1.

Den interkommunale barnevernstenesta har leiaransvar for tenesta og delegert mynde frå Sande, Vanylven og Herøy i eit samarbeid etter vertskommunemodellen jf. kommunelova § 28-1.

Det vil være behov for leige av lokale som vakta kan nytte seg av ved eventuell utrykking. Å ha kontor i den interkommunale tenesta sine lokalar vurderast ikkje som sikkert nok, då der ikkje er andre folk tilstade utanom kontortid. Det er foreslått at dette kan være anten i politiet sine lokalar i Ørsta eller i legevakta sine lokalar. Evt. kan omsorgssenteret i Volda være aktuelt. Det som er viktig er at kontoret er ein stad der det er andre som også er på arbeid utanom ordinær kontortid. Det er kanskje mest nærliggande og tenke seg at kontoret ligg hjå politiet då dette vil ivareta sikkerheita best og det er politiet ein pr. i dag får flest henvendingar frå.

Det vil også være behov for tenestebil. Her tenker ein at vakta kan nytte seg av barnevernstenesta sine leasingbilar. Det må være ein eigen telefon til vakta og bærbar PC.

Ein foreslår ei vakt med ein tilsett i passiv faktor 1/5 og ein tilsett med passiv faktor 1/7. Dei tilsette i vakta må være tilsett i den interkommunale barnevernstenesta og ha vakt i ei delstilling. Om ein tek omsyn til gjeldande regelverk bør det vere 8 personar som har 25% arbeid i barnevernsvakta og øvrig del av si stilling i barnevernstenesta.

Dette utgjer ein stillingsressurs på to fulle stillingar og utgjer ein kostnad på om lag kr 1 435 000 årleg. Vakta må administrerast og leiast og om ein reknar inn ein 50% leiarressurs vil dette koste om lag kr 500 000 årleg. Til saman ein kostnad på kr 2 010 000 årleg. I tillegg kjem kostnad til overtid ved utrykking, leige av kontor, bilbruk etc.

Det vil også medføre eigne kostnadar til etablering av ei slik teneste lokalt. Det vil medføre ein omfattande tilsetjingsprosess og omstrukturering av interkommunal barnevernsteneste. Det er viktig å gjere eit grundig arbeid i startfasa for å sikre at ein etablerar ein robust teneste med naudsynt kompetanse.

Forslag til samarbeid og organisering frå Ålesund kommune

Ålesund har hatt barnevernsvakt sidan tidleg på 90-talet. Barnevernsvakta er no organisert i «Virksomhet barn og familie, barneverntjenesten». Dei har ein person på vakt. Vakta har 1,2 årsverk totalt, men berre 0,8 er besett. 0,4 nyttast til å utvide kapasiteten ved behov, ved å sette inn ein person til på vakt. Dei tilsette har turnus med fem kvardagar i strekk og så ein fri periode på sju dagar før dei har helgevakt. Vakta er først og fremst ei akuttvakt, men vert i særskilte høve nytta til tilsyn over korte periodar.

Vakta slik den er i dag har passiv vakt 16.30 – 02.00 på kvardagar. Helg: frå kl 16.30 fredag til 02.00 natt til måndag. Det er aktiv vakt fredag og laurdag frå kl 22.00 – 02.00. Politistasjonen i Ålesund er barnevernsvakta si base i dei aktive timane. Der har dei kontorplass og pc, skrivar, etc.

I samband med at Ålesund kommune skal slåast saman med fleire kommunar har dei utgreia ny organiseringa av vakta. Dei inviterer her omliggande kommunar inn, slik at vakta vert interkommunal. Utgreiinga legg vekt på at ei felles barnevernsvakt på Sunnmøre vil utvikle ein kompetanse i akuttarbeid som dekker behov for ei forsvarleg vakt.

Etter møtet i med kommunane på Sunnmøre 04.02.19 sendte Ålesund kommune ut eit tilbod til omkringliggande kommunar om ein interkommunal barnevernsvakt med ei presisering av arbeidsoppgåver, organisering og økonomi frå Ålesund kommune, sitert under:

Arbeidsoppgavene til en ny interkommunal barnevernsvakt blir følgende:

- Beredskapsvakt 24/7 for de kommunene som er delaktig i vaktordningen
- En felles vakttelefon med ett telefonnummer til barnevernsvakta
- Barnevernsfaglig bistand til politiet
- Ansvar for barn som er på gjennomreise
- Bidra ved tilrettelagt avhør
- Tilsyn etter tilrettelagt avhør i en kort periode
- Bidra ved hasteflyttinger innenfor barnevernsvakta sitt nedslagsområdet
- Oppfølging av biologiske foreldre etter hasteflytting i en kort periode
- Informasjon om barnevernsvakta ut til ulike samarbeidsparter i hver enkelt kommune
- Rådgiving til samarbeidspartnere
- Etablering av et tettere og mer formalisert samarbeid med politiet og Helse Sunnmøre
- Faste møter med de ulike barneverntjenestene
- Akutt veiledning til fosterhjem som står i akutt-krise.
- Veiledning i akutte konfliktsaker

Barnevernvakten har en forpliktelse til å rykke ut når det er påkrevet og vil være døgnåpent og fungere som beredskapsvakt-telefon hele døgnet.
Turnus:

- Alltid to på vakt
- Mandag til fredag aktiv vakt fra kl. 0800-2200
- Passiv vakt fra kl. 2200-0800

Helg:

- Aktiv vakt fra lørdag kl. 0800-0200. Resten av helgen passiv frem til mandag kl. 0800.

Ålesund kommune er enno ikkje ferdig med å arbeide med å etablere vakta. Prosessen med Nye Ålesund kommune påverkar arbeidet og dei har ikkje klar eit forslag til avtale enno. Det vil bli lagt fram ein avtale om interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt etter Kommunelova § 28 med Ålesund kommune som vertskommune.

Økonomi:

I utreiinga om barnevernsvakt har Ålesund kommune lagt fram ulike forslag til løysingar. Eit endeleg forslag vil kome seinare.

Viser til tabellen i utredninga side 18. I denne prisen er det innlagt kostnader til overtid slik at det ikkje vert meirkostnader ved utrykking.

Dei legg opp til ulike løysningar som vert skissert med ulike alternativ.(sjå figur nedanfor) Om ein til dømes vel alternativet som fordelar kostnadane med 30 % medlemsavgift og 70% sum barnetal, gir dette ein samla sum for sjustjernekommunane på kr 2 135 526 årleg.

Ei interkommunal barnevernsvakt vil tidlegast vere etablert frå september 2019. Det fører til at utgiftene for 2019 vil gjelde for fire av årets tolv månader. Våre kommunar har fått kr 750 000 frå Fylkesmannen til å utgreie og etablere ei slik vakt. Desse pengane er sett til side og det riktige vil vere å nytte desse til å dekke desse utgiftene. Det er enno ikkje utarbeidd ein avtale om interkommunalt samarbeid om barnevernsvakt. Det er frå Ålesund kommune tenkt at medlemskommunane skal vere med på å utarbeide denne avtala og med dette også kunne påverke modell for fordeling av utgiftene. Desse utgiftene vil bli innarbeidd i budsjettet for 2020.

På grunn av avstander bør det vurderes om det skal gis et delt tilbud, der kommunene kan velge hvilke tilbud de ønsker. Det er en forutsetning at de tilbudene som gis er innenfor lovkravet, er faglig forsvarlig, og ivaretar sikkerheten til de tilsette.

9.1 Forslag til bemanning av ny barnevernvakt - kostnadsoversikt:

Forslaget tar utgangspunkt i at det er to på aktiv vakt fra mandag til og med fredag fra kl. 0800-2200. I tillegg to på aktiv vakt lørdagskveld fra kl. 1800-0200.

Videre tenker en passiv vakt alle netter fra kl. 2200-0800 (med unntak av de timene lørdag natt) og passiv vakt fra lørdag 0800-1800 og søndag fra kl. fra kl. 0800-0000, dette også med to personer på vakt.

Barnevernvakta vil ha en stipulert kostnad på 5,6 mill. kroner. I beløpet ligg feriepenger, lønn til overtid, reis og kurs. Det er ikke tatt endelig standpunkt til den økonomiske fordelingen mellom Nye Ålesund og de andre kommunene i vertskommune samarbeidet. Vedlagt forslag har fordelt kostnadene med 20% eller 30% medlemsavgift og resten på folketall og barnetall for å vise ulike måter å tenke fordeling på.

Kommuner	sum barnetall 20/80	sum folketall 20/80	sum barnetall 30/70	sum folketall 30/70
Nye Ålesund	2 026 626	2 079 088	1 823 298	1 869 202
Giske	376 789	334 834	379 691	342 980
Sula	402 021	360 618	401 769	365 541
Haram	0	0	-	-
Volda	378 741	362 370	381 398	367 074
Sykkylven	316 567	316 487	326 996	326 926
Herøy	350 303	355 517	356 515	361 077
Hareid	239 477	238 272	259 543	258 488
Ørsta	410 943	412 280	409 575	410 745
Vanylven	156 393	177 944	186 844	205 701
Ulstein	359 643	342 917	364 687	350 052
Sande	145 101	157 507	176 964	187 819
Stranda	200 863	220 970	225 755	243 349
Ørskog	0	0	-	-
Sandøy	0	0	-	-
Skodje	0	0	-	-
Stordal	109 832	109 872	146 103	146 138
Norddal	126 700	131 323	160 863	164 908
Totalt	5 600 000	5 600 000	5 600 000	5 600 000

Vaktordningen vil da ha bemanning hele døgnet i en kombinasjon av aktiv og passiv vakt. Det vil være to til stede til enhver tid som er viktig for å ivareta sikkerheten til de ansatte, og være åpen på dagtid. Dette vil gjøre det mulig å tilby tilnærmet fulle stillinger med varierte vakter som også innbefatter dagtid.

18

Vurdering og konklusjon:
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvingsprogram.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og motivasjon for prosjektet

I følge St. melding 9, *Én innbygger – én journal (2012-2013)* Har regjeringa som mål at helsepersonell raskt og effektivt skal få tilgang til nødvendige pasientopplysningar og at all skriftleg informasjonsutveksling skal skje elektronisk. Dei seier at tilgang til relevant informasjon er nødvendig for at helsepersonell raskt kan danne seg eit heilheitleg bilete av pasient eller bruker og på den måten og ha eit godt grunnlag for å velje riktig utreiing eller behandling. Dette bidrar også til at pasientar og brukarar, så langt det er mogleg, slepp å gjenta dei same opplysningane kvar gong dei oppsøker helse- og omsorgstenesta.

For å oppnå dette ynskjer regjeringa å modernisere IKT-plattforma og arbeide mot ei felles nasjonal løysning som inkluderer heile helse- og omsorgssektoren. For å kunne tilrå tiltak foreslår regjeringa at det vert starta eit arbeid for å utreie alternative løysingar. Regjeringa sitt hovudmål er «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår ei felles journal- og samhandlingsløysning for kommunane. Løysinga vil gi innbyggar ein meir heilhetleg helsetjeneste og helsepersonell i kommunene et bedre arbeidsverktøy Kommunane har eit stort behov for betre journalløsningar og enklare samhandling med andre aktørar i helse- og omsorgssektoren. IKT-systema i kommunane er silobaserte og i hovudsak avgrensa til kvar einskild verksemdsområde. Dermed delast ikkje helseinformasjon om innbyggarane mellom dei ulike delane av helsetenesta.
Behovet for betre løysingar i kommunane vil bli forsterka dei neste årane på grunn av ein auke i tal eldre med meir samansette sjukdommer. Dette førar til endringar i behov for helsetenester. I tillegg vert det planlagt å føre over fleire oppgåver som i dag ligg til spesialisthelsete, til primærhelsetenesta i kommunane. Totalt sett stiller dette høge krav til digital samhandling både internt i kommunane, med spesialisthelsetenesta og med innbyggjar.
Politiske mål om ein koordinert og samanhengende helseteneste vil ikkje kunne oppfyllast utan ei meir heilheitleg og koordinert utvikling av fremtida sine IKT-løysningar. For å både sikre pasientsikkerheita og å kunne tilby heilheitlege tenester, er det behov for ei samordna nasjonal betring av kvaliteten på journalløysningar i den kommunal helse- og omsorgstenesta.
I Granavolden-plattformen 17. januar 2019, seier regjeringen at;
«Digitalisering og bruk av nye e-helseløysingar er ein føresetnad for å skape helse- og omsorgstenesta for pasienten og gjere tenesta berekraftig for framtida. Difor vil regjeringa realisere «Éin innbyggjar – éin journal» og digital helseteneste for pasientane. Digitale løysingar og ny teknologi må gå frå pilotstadiet til å bli den nye måten å jobbe på. Bruk av nasjonale e-helseløysingar må vere ein del av sørgje-for-ansvaret til helse- og omsorgstenesta.»

Våren 2016 fekk Helse Midt-Norge RHF i oppdrag å vere eit regionalt utprøvingsprogram for det anbefalte nasjonale målbildet, og eit mogleg startpunkt for ein felles nasjonal løysing for kommunale helse- og omsorgstenester. Gjennom programmet «Helseplattformen» planlegg Helse Midt-Norge RHF å etablere ein regional journalløysing i samarbeid med kommunane og sjølvstendige næringsdrivende avtaleparter i Midt-Norge. Helseplattformen som eit mogleg startpunkt, inneber å bygge vidare på deira konkurransegrunnlag i ein eventuell seinare nasjonal anskaffing, inkludert å vidareføre forankrande beslutningar som blir tatt innan områder som er sentrale for å styrke samhandlinga på tvers av verksemd og ulike IKT-løysingar. Kontrakten som er inngått og løysinga som vert

innkjøpt, kan ikkje nyttast av verksemder utanfor Midt-Norge.
Hausten 2016 fekk Direktoratet for e-helse i oppdrag å etablere et samarbeid med Helseplattformen og å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for innføring av ei nasjonal løysing for dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Oppdraget om å utarbeide et beslutningsgrunnlag for ei nasjonal kommunal løysing blei stadfesta i tildelingsbrevet for 2017. I tillegg fikk Direktoratet for e-helse i oppdrag å utarbeide eit veikart for den samlande gjennomføringa av arbeidet med «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår at «en innbygger – én journal», vert realisert gjennom tre strategiske og parallelle tiltak:

1. Etablering av Helseplattformen i region Midt-Norge
2. Vidareutvikling av eksisterande løysningar i spesialisthelsetenesta i Helse Nord, Helse Vest og Helse Sør-Øst
3. Etablering av ei nasjonal løysning for kommunale helse- og omsorgstenester for kommunane utanfor Midt-Norge.

Helseplattformen
Programmet Helseplattformen (www.helseplattformen.no) skal kjøpe inn innføre, er m.a ny pasientjournal ved sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge. Helse Midt-Norge og Trondheim kommune er hovudaktørar i innkjøpet, og alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag er med gjennom sine opsjonsavtalar. Helseplattformen er også ein regional pilot for den nasjonale målsetjinga «Én innbygger – én journal». Det er berre i Midt-Norge at ein får det same systemet både i spesialist- og primærhelsetenesta (sjå referanse 1: Konseptutvalgutredning frå Direktoratet for e-helse, side 10 og 11).
Signering av kontrakt med vald leverandør, Epic, er planlagd april 2019.

Helseplattformen skal legge til rette for pasienten sitt ynskje om tilgang til eigne helseopplysningar, betre informasjon om diagnose, meir involvering i eiga behandling, tettare dialog med helsetenesta og ei helseteneste som vert opplevd som samanhengande mellom alle aktørane i tenesta. Dei tilsette både i primær- og spesialisthelsetenesta ynskjer å kunne dele informasjon om pasientane, samanhengande og standardiserte pasientforløp, støtte for avgjerdsler og vedtak, samhandlingsverkty og ein strukturert journal.

Kommunane har behov for betre verktøy for å arbeide førebyggande og betre analyseverktøy for styring og folkehelsearbeid. Desse måla kan ein nå dersom det vert innført eit digitalt samhandlingsverktøy både på sjukehus, i kommunane, hos

fastlegane og med gode innbyggartenester. Helseplattformen skal vere eit slikt samhandlingsverktøy.
Før Helseplattformen kan innførast må det gjerast eit større arbeid i alle kommunar. Dette arbeidet omfattar analyse av arbeidsprosessar, og førebuing av organisasjonen på innføring av ny arbeidsflyt og nye måtar å jobbe på. Dette krev mellom anna eit kontinuerleg forankrings- og informasjonsarbeid. Før kommunane kan flytte over til Helseplattformen må det gjerast ei dataanalyse av helsesystema i kommunen slik at dagens helsedata kan overførast til den nye plattforma og sikre ei trygg migrering til det nye systemet. Alle system i kommunen som inneheld journalopplysningar vil bli erstatta av Helseplattformen, mellom anna journalsystemet i pleie- og omsorgstenesta og på helsestasjonane.
Fastlegane har også opsjon på å bytte sine system, noko som er vesentleg for å ta ut full effekt av Helseplattformen.

Helseplattformen-prosjektet har no kome inn i ein fase der alle kommunar med opsjonsavtalar må involverast for å kunne påverke resultatet. Når kontrakten med leverandør vert signert april 2019 bør alle 85 kommunar vere einige om kva for arbeidsprosessar det nye systemet skal støtte, samt kor stor grad av lokale tilpassingar som vert nødvendige. I perioden august 2019 til juni 2020 er det planlagt at hele systemet skal tilpassast – også for opsjonskommunane. Det må riggast ein organisasjon og ein avgjerdsstruktur der Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre arbeider tett saman med alle andre kommunar overfor leverandøren i denne fasa.

Effektmål og gevinstar:
Gjennomsnittsalderen aukar i de fleste kommunar i Midt-Norge, og trykket på helsetenesta aukar også frå dei yngre innbyggarane. Det medfører at det blir stadig færre yrkesaktive for kvar tenestemottakar. Helsepersonell må derfor få høve til å jobbe smartare og meir effektivt, i tillegg til at innbyggarar vert tettare involvert i eiga helse. Helseplattformen har definert følgjande 11 effektmål for prosjektet:

1. **Høgare behandlingskvalitet** og færre pasientskader.
2. Tilgang til **kontinuerleg oppdatert klinisk kunnskap** basert på beste praksis.
3. Innbyggarane i Midt-Norge får **enkel tilgang til eigen journal** og større moglegheit til å påverke eige behandlingsforløp.
4. **Betre samhandling** i og mellom primær- og spesialisthelsetenesta.
5. **Betre data- og informasjonsgrunnlag** for forsking og innovasjon.
6. Auka effektivitet og **betre ressursbruk.**
7. Betre styringsinformasjon som **grunnlag for kvalitets- og forbetringsarbeid** i dagleg drift.
8. **Redusert tidsbruk** på dokumentasjon og leiting etter helseopplysningar.
9. Tilfredsstille **nasjonale krav og standardar.**
10. Innbyggarane i Midt-Norge skal få høve til å **bu lengre i eigen bustad.**
11. Behovet for offentleg tenesteyting skal reduserast ved at tenester som blir gitt gjennom generiske forløp ivareteke ei **heilheitleg funksjonsvurdering.**

Desse effektmåla vil i arbeidet framover bli operasjonalisert i meir tydelege resultatmål også for den enkelte kommune som en del av arbeidet med gevinstplanlegging i prosjektet. Dei kommunale gevinstane kan skisserast slik:



Gevinstane er ikkje konkretisert enno, men ein indikasjon kan ein få gjennom referanse 1: Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste», kapittel 3, 4 og 6. Trondheim kommune har starta sitt arbeid med gevinstanalysar, og det er naturleg å kople seg på dette.

Organisering:

Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre vil vere ein del av det heilheitlege prosjektet for Midt-Norge. Det øvste organet for opsjonskommunane er Samarbeidsrådet, der kvart fylke er representert ved rådmenn og fagpersonar. Kvar kommuneregion skal vidare peike ut ein person til å delta i en «regional arbeidsgruppe». For Søre Sunnmøre deltek prosjektleiar Tommy Dahl. Det er i tillegg etablert lokal arbeidsgruppe med medlemar frå kvar kommune. Vidare er det rekruttert personar frå kvar kommune som skal vere med som fagruppe i beslutningsstrukturar i det forberedande arbeidet, når Helseplattformen skal tilpassast norske kommune-forhold.



Framdriftsplan:
Framdriftsplan for prosjektet Helseplattformen kan visuelt framstillast slik:



Økonomi:
Kostnadar knytt til sjølve anskaffelsen og innføringa av Helseplattformen
Desse kostnadane er ikkje kjende på noverande tidspunkt, då Helseplattformen er i ein anskaffelsesfase fram til april 2019. Det pågår også forhandlingar i forhold til kostnadsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Kostnader knyttet til prosjektleiing og det sentrale prosjektet på Søre Sunnmøre

Dette utgjør hovudkostnadene til dette mandatet. Hovudkostnadene for prosjektet på Søre Sunnmøre er i første rekke frikjøp av stilling frå Herøy Kommune. Dette gjeld prosjektleiing og administrasjon i Helseplattformen. Det er i utgangspunktet ein føresetnad at disse kostnadene dekkes av eksterne midlar, unntak frå dette blir behandla i styringsgruppa. Det ble i mars 2018 søkt om skjønsmidler frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal for dette, og Fylkesmannen har tildelt følgande midlar for 2019:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for 2019 tildelt til saman 4,2 millionar kroner til Helseplattformprosjektet. Desse midlane fordeler seg slik:
- Kommunane i Romsdal: 1 million kroner. Blir utbetalt til Molde kommune.
- Kommunane på Nordmøre: 1,2 millionar kroner. Blir utbetalt til Kristiansund kommune *)
- Nye Ålesund kommune: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune
- Dei andre kommunane på Sunnmøre: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune.
- Avklaring av midlar til Prosjektet på Søre Sunnmøre blir gjort i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionsråd 22.02.19
- Den 22.02.19 blei det avklart at Prosjektet på Søre Sunnmøre fekk midlane på 1 million. Midlane vil bli utbetalt til Herøy kommune og disponerast av prosjektleiar.

Budsjett oppstilling over utgifter og korleis utgiftene vert finansiert i 2019:

Prosjektbudsjett Helseplattformen 2019		
Hva	Kommentar / begrunnelse	Su
Kostnader		
Lønn, arb.giveravgift etc	Prosjektleder i 80% stilling	
Reiser, mat, materiell, workshops etc	Estimert tall	
Frikjøp av andre	Rest til frikjøp	
Sum:		1
Inntekter		
Fylkesmannen skjønnsmidler		1
Sum:		1
Balanse		
Inntekter minus kostnader		

Intern ressursbruk i eigen kommune

Det er ikkje eit eksplisitt krav om eigeninnsats knytt til dei tildelte midlane. Men for at ein skal lykkast med prosjektet må kvar kommune involverast tett både i forhold til informasjons- og forankringsarbeid, prosessarbeid og anna arbeid knytt til prosjektet. Det er for tidleg å estimere kva for innsats som vil krevjast i 2019, men det vil i hovudsak vere knytt til brei informasjon og involvering av fagpersonar og IT. Den største innsatsen vil kome når Helseplattformen faktisk skal rullast ut i

forhold til opplæring, innføring og bytte av journalsystem, som vil vere ein krevjande jobb. Dette vil truleg skje i 2022.

Helseplattformen i statsbudsjettet

Helseplattformen er omtalt i statsbudsjettet (jfr Prop. 1S (2018-2019) punkt 2.2):

> *Det foreslås til sammen 575 mill. kroner i lån og tilskudd til Helseplattformen i 2019. … For å sikre finansiering av Helseplattformen vil Helse Midt-Norge bli gitt et lån tilsvarende 70 pst. av investeringskostnaden for spesialisthelsetjenesten, med en lånebevilgning på 465 mill. kroner i 2019. I tillegg vil det bli etablert en tilskuddsordning tilsvarende 100 pst. av den faste investeringskostnaden for kommunene og fastlegene, med en bevilgning på 110 mill. kroner i 2019. Dette er et tilskudd som skal betales tilbake med renter etter hvert som kommuner og fastleger tar i bruk løsningen. Ordningen er etablert for å legge til rette for deltakelse fra kommuner og fastleger i Midt-Norge, slik at verken Helse Midt-Norge eller de kommunene som går inn i prosjektet skal bære risikoen for manglende deltakelse. Regjeringen vil komme tilbake til låneramme og tilskuddsramme etter at avtale om kjøp av løsningen er inngått.*

Vurdering og konklusjon:

Det er ikkje naudsynt å ta stilling til om kommunen skal nytte opsjonen på Helseplattformen på dette tidspunktet, sidan ein ikkje er kjend med kostnads- og gevinstbiletet. Bystyret i Trondheim skal etter planen handsame saka i mai 2019. Det vil på eit seinare tidspunkt bli lagt fram sak der politisk nivå skal ta stilling til om opsjonen skal utløysast. I første omgang er det behov for å gi informasjon til politisk nivå, samt ei politisk forankring for prosjektet.

Det er prosjektleiar si tilråding at kommune på Søre Sunnmøre deltek i dette prosjektet. Prosjektet markerer eit viktig sprang i digitaliseringa av heile helse- og omsorgssektoren, og kan gi ei markant forbetring i korleis tenestene i denne sektoren vert utøvd både i kommunar, sjukehus, hos fastlegar og ved innbyggarane sjølve. Helseplattformen vil bli eit særs viktig bidrag til kunne løyse dei store velferdsutfordringene vi ser vil komme spesielt innan dei kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Dette er eit stort prosjekt som har ein viss risiko da ein ikkje veit kostnadene med kjøp, innfasing og gevinsten. Samtidig er dette eit prosjekt som vi ikkje har noko alternativ til, og at kommunane må vere med på denne prosessen for å kunne innføre dei nasjonale krava til felles elektronisk journalløysing.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.
Konsekvensar for folkehelsa: Eit felles samhandlingsverktøy mellom kommune og helseføretak, vil gi betre kontroll og styring av eiga helse.
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.
Økonomiske konsekvensar: Kan medføre auke utgifter for kommunane.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Referanse:

1. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste» (https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal/nasjonal-journallosning-for-kommunal-helse-og-omsorgsteneste)
2. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «*Én innbygger – én journal*»

Nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste (https://ehelse.no/Documents/En%20innbygger%20-%20en%20journal/KVU%20%c3%89n%20innbygger%20-%20%c3%a9n%20journal%20Nasjonal%20l%c3%b8sning%20kommunal%20helse-%20og%20omsorgstjeneste.pdf)

3. St. melding 9, «*Én innbygger – én journal (2012-2013)*» (*https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-9-20122013/id708609/*)

Namn	Marit Botnen
Rådmann	kommunalsjef helse- og omsorgsetaten

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10158 19/10181
Saksbehandlar: Marit Botnen
Dato: 03.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
04/19	Fellesrådet	11.06.2019
35/19	Levekårsutvalet	12.06.2019
73/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Nattlegevakt/legevaktsentral

Samandrag:

Akuttmedisinforskrifta skjerpar kravet til organiseringa av legevakta. Samhandlingsreforma og endra befolkningssamansetting gjer at det er behov for å utvikle tenesta om nattlegevakt og legevaktsentral. Volda og Ørsta kommunar har gått vidare i eit planarbeid om felles legevakt. I samband med dette vil Ørsta og Volda ha ei tilbakemelding frå kommunane i ytre om dei vil vere med vidare på samarbeid om nattlegevakt og legevaktssentral i nye lokale.

Rådmannen si tilråding:

1. *Kommunestyret vedtek at Ulstein kommune vil halde fram med felles interkommunal legevakt etter flytting av nattlegevakt frå Volda sjukehus til anna teneleg lokalisasjon i området Hovden/Furene.*

2. *Kommunestyret vedtek at det i samband med flytting av nattlegevakta følgjer legevaktssentralen med. Legevaktssentralen blir då ein del av den interkommunale nattlegevakta organisatorisk og det skal ved slik flytting utarbeidast ei revidert avtale med Volda kommune som vertskommune.*

3. *I samband med flyttinga vil det bli ein auke i kostnader knytt til leige av lokale. Om driftskostnaden overstig kr. 300.000,- skal saka handsamast på nytt. Det vil også bli ein investeringskostnad til nytt utstyr med ei kostandsramme på 100 000 kr. Kostnaden må innarbeidast i budsjettet for 2020.*

4. *Pkt. 1-3 forutsett at Ørsta og Volda kommune får på plass ein avtale om felles legevakt for ettermiddag/kveld og helg i tenelege lokale.*

Vedlegg:
Kopi av Budsjett felles interkommunal legevakt og nattelgevakt

Saksopplysningar:

Legevakt er ei teneste kommunane har ansvaret for 24 timar i døgnet, 365 dagar i året. Det er ei teneste med stort volum. I gjennomsnitt nyttar om lag kvar tredje innbyggjar tenesta kvart år. Tenesta blir brukt av alle og ingen veit når dei neste gong har behov. Tenesta er kritisk, både fordi innbyggjarane brukar den i sårbare og vanskelege situasjonar og fordi den er den delen av primærhelsetenesta som får flest klager.

Legevakt er ein sentral del av primærhelsetenesta og står i nær samanheng med ei velfungerande fastlegeordning. Legevakt er allmennmedisinsk verksemd, men også ein viktig og naudsynt første del av den akuttmedisinske kjeda. Legevakt er ei teneste som blir nytta av innbyggjarar i alle aldersgrupper og livssituasjonar.

Legevakt har fleire funksjonar:

- Største volumet av legevakttenesta er å diagnostisere og ferdig behandle akutte allmennmedisinske tilstandar, det vil seie situasjonar der pasienten ikkje treng spesialisthelsetenester eller sjukehusbehandling. (grøn, 70%)
- Diagnostisere tilstandar som krev henvising eller innlegging i sjukehus utan særleg tidstap (gul respons, øh-hjelpinnleggingar, 27%)
- Diagnostisere, primærbehandle og stabilisere tilstandar som er akutt livstruande og som krev at pasienten må raskt til sjukehus (raud respons, øh-innleggingar, 3%)
- Vere ein del av den allmenne helseberedskapen i kommunane (ved større ulykker/hendingar, psykososialt krisearbeid, smittevern ol.)

Ny akuttmedisinforskrift kom 1.mai 2015. Krava i forskrifta er umogleg å oppfylle for kommunane slik vi har organisert legevakta i dag.

Vi fyller i dag ikkje:

- krav om forsvarleg transportordning og tilrettelegging for utrykking,
- kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar
- krav om leiing og kvalitetsarbeid.
- kompetansekrav

Krav om forsvarleg transportordning og tilrettelegging for uttrykking
Det er sterke sentrale signal om at alle legevakter bør ha ein uniformert legevaktsbil og det er forventa at dette blir spesifisert i rettleiaren som er under utarbeiding. Ein legevaktsbil legg til rette for at ein også kan ha ein del utstyr tilgjengeleg i bilen som gjer at ein kan gjere meir diagnostikk og starte behandling der folk oppheld seg.

På søre Sunnmøre har ein valt at ØH-sengene i kommunane skal vere desentraliserte. Dette gir ekstra behov for at legevakta er mobil. Dette kjem også dei andre bebuarane på sjukeheimen og heimebuande eldre til gode.

Slik legevakta i distriktet er organisert i dag, er dette utfordrande. Legane er i stor

grad åleine på vakt. Dette er ein arbeidssituasjon som er svært krevjande og til tider utrygg både for innbyggjarane og legen. For eksempel kan innbyggjarane oppleve å vente på legekontoret på legen utan noko form for observasjon. Ved tilstandar med rask forverring kan dette få uheldige konsekvensar.

Å vere to på jobb handlar ikkje berre om pasienttrykkleik, men også om tryggleiken for legen som arbeidstakar. På legevakt møter ein menneske i alle slags situasjonar og kriser, og det er ikkje uvanleg med rus og voldsproblematikk. Få andre, om nokon, yrkesgrupper har i dag ein arbeidssituasjon der dei er åleine når dei jobbar i slike risikosituasjonar.

Krav om opplæring og samtrening med andre naudetatat
Kommunane har eit ansvar for at helsepersonellet som skal arbeide i legevakta får naudsynt opplæring og trening i eigne arbeidsoppgåver og skal sikre at det blir gjennomført regelmessige øvingar i samarbeid og samhandling med resten av naudetatane.

Organiseringa i dag legg ikkje til rette for dette og dette blir ikkje gjennomført.

Krav om leiing og kvalitetsarbeid
I følgje akuttmedisinforskrifta og samarbeidsavtalen med helseføretaket skal kommunane ha omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda. Helse Møre og Romsdal og kommunane har oppretta eit akuttutval. Organiseringa i dag gjer at kommunane rundt Volda sjukehus har utfordringar med å vere med i dette arbeidet på lik linje med kommunane rundt dei andre sjukehusa i fylket.

Vi har i dag ikkje eit eige journalsystem til legevakta, men brukar journalsystemet til fastlegane. Det gir uklare juridiske ansvarsforhold. Ein kommunal legevakt bør ha ei eige journalsystem som kommunen er ansvarleg for.

Legevaktene i dag er lite integrert i resten av ø-hjelpstilbodet i kommunane (heimetenester, sjukeheim, mottak av tryggleiksalarmar, barnevernsvakt) og har lite samarbeid med andre naudetatar (brann, politi) og spesialisthelsetenesta (sjukehus, psykiatriske ambulante team, ambulansar) på systemnivå. Dette skuldast at det faglege og administrative ansvaret er splitta opp og framstår som uklar for alle partar.

Kompetansekrav
Spesialist i allmennmedisin og godkjente allmennlegar med akuttmedisinkurs og kurs i valdshandtering kan gå sjølvstendige vakter. Legar med mindre enn 3 års erfaring/rettleia teneste eller som har gått mindre enn 40 legevakter må ha bakvakt.

For personell i legevaktssentral er det krav om relevant helsefagleg utdanning på bachelornivå, naudsynt klinisk praksis og gjennomført tilleggsopplæring for arbeid som operatør. I praksis vil dette seie sjukepleiarar, gjerne med vidareutdanning.

Høg vaktdeltakinga av erfarne fastlegar er viktig for å halde kompetansekrava. Stor utskiftingar i fastlegekorpset og låg vaktdeltaking utfordrar kompetansekravet. For fastlegar er deltaking i legevakt obligatorisk, men det er i avtaleverket gitt rett til fritak under visse føresetnader.

Arbeidet med utviklinga av legevakta
På bakgrunn av desse skisserte utfordringane blei det gjennomført eit utgreiingsarbeid for seks kommunar i 2016-2017 om framtidig organisering av legevakta. I etterkant av prosjektarbeidet har det vore dialog mellom kommunane og helseføretaket om temaet. Det var eit ønske frå kommunane at legevakta og ambulansestasjonen framleis kunne vere nærlokalisert til sjukehuset.

Slik blir det ikkje. Det er no klart at ny ambulansestasjon blir i Furene/Hovden fordi omsynet til utrykningstid for ambulansen veg tungt. Det har også kome fram at når ambulansestasjonen blir flytta frå Volda sjukehus vil Helse Møre og Romsdal bygge om akuttmottaket og det vil ikkje lenger vere plass til nattlegevakta ved sjukehuset. Det gjer at det hastar å ta ei avgjerd på kva kommunane skal gjere med nattlegevakta vidare. Når det gjeld legevaktssentral ser Volda sjukehus føre seg at dei framleis vil tilby kommunane å kjøpe denne tenesta frå sjukehuset.

For meir informasjon om korleis legevakta er organisert i dag og forklaring av begrep, sjå den vedlagte prosjektrapporten.

Vurdering og konklusjon:

Samhandlingsreforma har ført til at kommunane i fleire år har tatt imot stadig dårlegare pasientar som ei følge av redusert liggetid i sjukehus. Kommunane har bygt opp tilbodet i sjukeheimane og i heimetenestene slik at fleire kan få behandling i kommunen. Det har i same periode ikkje vore noko utvikling i legevakttenesta.

Ei framtidig legevaktorganisering bør stette dei forskriftskrava som gjeld i dag, vere mogleg å utvikle vidare og vere ein best mogleg teneste for innbyggjarane. Vi fyller i dag ikkje kompetansekravet, krav om forsvarleg transportordning, kravet om opplæring og samtrening med andre naudetatar eller krav om leiing og kvalitetsarbeid. Ei ny organisering og samarbeid med nabokommunane kan løyse desse utfordringane og vi kan med samarbeid få ei legevakt som kan utviklast vidare.

Kravet om opplæring og kravet om kvalitetsarbeid let seg ikkje løyse utan meir administrative ressursar i legevakta. Om kvart av dagens legevaktdistrikt skal gjere det for seg, vil dette bli meir kostnadskrevjande enn om ein gjer det saman.

Kravet om ei forsvarleg transportordning og moglegheita for å kunne rykke ut gjer at alle legevaktdistrikt må ha ein legevaktsbil og hjelpepersonell. Det er derfor ei minimumsbemanning ein må ha for å stette dei nye krava, både administrativt og pasientnært, uavhengig av størrelsen på legevaktdistriktet.

Om vi stettar desse krava, kan vi utvikle ei betre legevakt. Legevaktene prioriterer i dag i for lita grad dei sjukaste pasientane. For mykje av tida på legevakt går til å behandle dei pasientane som kunne ha venta til neste dag (grøn). Ein trur at dette til ei viss grad kjem av avlønningssystemet ein i dag har i legevakt og kapasitetsproblem i fastlegeordninga. Dette fører blant anna til at legevakta er eit for dårleg tilbod til psykisk sjuke og pasientar med rusproblem. 20% av

pasientkontaktane i legevakttenesta blir innlagt i sjukehus (gul og raud), dette utgjer 60-70 % av alle øyeblikkeleg hjelp innleggingar i spesialisthelsetenesta og utgjer der for ein stor del av den samla bruken av helseressursar i Norge. Det er derfor eit viktig samfunnsoppdrag å legge til rette for at legevakta kan gjere gode prioriteringar på kva som er rett hjelp til rett pasient til rett tid. Slik legevakta stort sett er organisert i dag med lege åleine på jobb og beredskapsgodtgjering, legg vi ikkje til rette for ei god prioritering.

Auka reiseavstand til legevakta kan gje redusert bruk, både for dei innbyggjarane som bør kome til lege og dei som kan vente til neste dag. Det er ynskjeleg at bruken av legevakta skal bli litt redusert for dei tilstandane der helsehjelp ikkje hastar, men for at bruken av legevakta ikkje skal bli for låg, bør ikkje reisetida overstige meir enn 45 minutt for 90 % av innbyggjarane.

Det som er aller mest sårbart med legevakta slik den er organisert i dag er at legen er åleine på jobb. Det er behov for hjelpepersonell. I tillegg kan samlokalisering med andre tenester fjerne noko av denne sårbarheita. Det som fagleg peikar seg ut som den mest aktuelle samarbeidsparten er ambulansetenesta som er den andre tenesta som har ei svært sentral rolle i den akuttmedisinske kjeda.

Ambulansetenesta er ein del av spesialisthelsetenesta og har dei siste åra hatt ei kraftig oppgradering på kompetanse og utstyr, og er eit kjærkome hjelpeinstans når det verkeleg hastar. Ambulansepersonell er likevel ikkje så godt eigna til å vurdere tilstandar som ikkje hastar så mykje. Legen og ambulansepersonellet har utfyllande kompetanse som gjer at dei som fagpersonar kan utfylle kvarandre. Det er forventingar til at dette gir positive synergiar for å sikre at tenestene vert ytt på rett nivå/rett ressursnytting til beste for pasienten og til meir effektiv ressursbruk. I tillegg vil ei samlokalisering også gje fordelar i form av at ein lettare kunne få til samtrening,

Alle kommunar skal vere knytt til ein *legevaktsentral* som kan ta i mot henvendingar heile døgnet. Legevaktsentralen skal kunne nåast på det nasjonale nummeret 116117. Legevaktsentralen skal vere bemanna av personell med kompetanse på minimum bachelornivå og kursing tilsvarande personell som arbeider i legevakta. Det er også krav til tilgang på naudnettsentralutstyr og elektronisk logg av samtalar. Ein legevaktsentral kan ha ansvar for fleire legevaktdistrikt.

Kommunane på Søre Sunnmøre kjøper i dag legevaktformidlingstenesta frå helseføretaket. Sjukepleiarane som utfører tenesta er i dag tilsette ved mottaket i sjukehuset og rullerer i sitt arbeid mellom legevaktformidling og mottaksarbeid i sjukehuset. Om natta har dei også støttefunksjon for nattlegevakta. Fagleg sett vil det vere ønskeleg at legevakta og legevaktsentralen er samla på same stad. I planlegginga av ny legevakt er det vurdert at det er betre at kommunane driv denne tenesta sjølv. Det vil sannsynlegvis bli dyrare for alle kommunane om denne tenesta blir delt i to, så Volda og Ørsta vil tilby dei andre kommunane vidare samarbeid om denne tenesta i nye lokale.

I 2009 blei den interkommunale nattlegevakta oppretta. Frå starten var kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med i ordninga. Seinare har også Sande og Herøy blitt med i denne ordninga. Legen er då stasjonert ved akuttmottaket ved Volda sjukehus, men kan rykke ut ved behov. Legevakta vil då

framleis ha helsefagleg personell tilstades som kan observere dei som eventuelt ventar på lege. Ordninga har fungert tilfredstillande både for innbyggjarane og helsepersonellet, og det er ynskeleg at ordninga blir vidareført.

For legevakt på kveld og i helgane er det enno ikkje kome nokon konklusjon for kva administrasjonen tilrår i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Dette blir det derfor jobba vidare med og det vil kome eiga sak på dette når tilrådinga er klar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

- Ingen kjende.

Konsekvensar for helse:

- Ei god legevakt med rett helsehjelp til rett tid er positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

- Det er ingen kjente miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

- Det vil kome ei auke i driftsutgiftene på leige av lokale.

Beredskapsmessige konsekvensar:

- Eit godt organisert legevakt vil auke den helsemessige beredskapen.

Konsekvensar for barn og unge:

- Ingen kjende.

Namn	Marit Botnen
Rådmann	kommunalsjef helse- og omsorgsetaten

KONTO	BESKRIVELSE	LEGEVAKT/LEGEVAKTSENTRAL BUDSJETT	NATTLEGEVAKT
10110	FASTLØN - KOMM. REGULATIV	4 850 000,00 kr	3 350 000,00 kr
10140	KOMM. REG. - AVTALEFESTA TILLEGG	780 000,00 kr	550 000,00 kr
10210	SJUKEVIKARAR	70 000,00 kr	50 000,00 kr
10230	FERIEVIKARAR	120 000,00 kr	85 000,00 kr
10531	ANNA LØN - VAKTGODTGJERSLE	7 295 000,00 kr	3 495 000,00 kr
10534	SKATTEPLIKTIG KM- OG DIETTGODTGJERSLE	10 000,00 kr	10 000,00 kr
10911	PENSJONSINNSKOT - KLP	1 965 000,00 kr	1 130 000,00 kr
10990	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	2 125 000,00 kr	1 220 000,00 kr
11100	MEDISINSK FORBRUKSMATERIELL	90 000,00 kr	30 000,00 kr
11140	MEDIKAMENT	50 000,00 kr	20 000,00 kr
11330	DATALINJER OG DATAKOMMUNIKASJON	40 000,00 kr	40 000,00 kr
11611	BILGODTGJERSLE	60 000,00 kr	60 000,00 kr
11910	HUSLEIGE, LEIGE AV LOKALE	600 000,00 kr	450 000,00 kr
11980	LISENSAR	750 000,00 kr	500 000,00 kr
12000	INVENTAR OG UTSTYR	50 000,00 kr	40 000,00 kr
12012	IT-UTSTYR	20 000,00 kr	15 000,00 kr
12090	MEDISINSK UTSTYR	20 000,00 kr	15 000,00 kr
12620	KJØP AV VASKERITENESTER	10 000,00 kr	5 000,00 kr
	LEGEVAKTSBIL	150 000,00 kr	50 000,00 kr
Sum utgifter		**19 055 000,00 kr**	**11 115 000,00 kr**
16000	BRUKARBET. ORDINÆRE KOMM. TENESTE	- 1 650 000,00 kr	- 250 000,00 kr
16900	FORDELTE UTGIFTER	-14 005 000,00 kr	- 10 380 000,00 kr
17020	REFUSJON FRÅ STATEN	- 3 350 000,00 kr	- 450 000,00 kr
17110	REFUSJON SJUKEPENGAR	- 50 000,00 kr	- 35 000,00 kr
Sum inntekter		**-19 055 000,00 kr**	**- 11 115 000,00 kr**

Kommune	Ant. innbyggere	Kostnader pr kommune nattlegevakt	Kostnader pr. kommune kveld+helg	Totalt
Volda	9 197	2 100 000,00 kr	1 668 000,00 kr	**3 768 000,00 kr**
Ørsta	10 857	2 495 000,00 kr	1 958 000,00 kr	**4 453 000,00 kr**
Herøy	8 927	2 060 000,00 kr	0,00 kr	**2 060 000,00 kr**
Sande	2 493	570 000,00 kr	0,00 kr	**570 000,00 kr**
Ulstein	8 609	1 975 000,00 kr	0,00 kr	**1 975 000,00 kr**
Hareid	5 155	1 180 000,00 kr	0,00 kr	**1 180 000,00 kr**
SUM	*45238*	*10 380 000,00 kr*	*3 626 000,00 kr*	###########

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10241 19/10291
Saksbehandlar: Verner Larsen
Dato: 04.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/19	Fellesrådet	11.06.2019
38/19	Levekårsutvalet	12.06.2019
74/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Ulshav AS - samanslutning med Furene AS

Samandrag:
Saka gjelder spørsmål om vidare drift av Ulshav AS som eige selskap eller samanslutning med Furene AS. Rådmannen rår til at selskapa vert slått saman.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommune godkjenner utkastet til fusjonsavtale med Furene AS slik den ligg føre i vedlegg 1.

Vedlegg:
Informasjonsskriv til Ulstein kommune med avtaleutkast og fusjonsgrunnlag
Møteprotokoll frå interimstyret 09.04.2019

Andre relevante dokument:
Konstituert interimstyre i Furene og Ulshav

Saksopplysningar:

«Skriv her»
Ulshav AS fekk i november 2018 eit nedtrekk på 5 AFT plasser. Dette fører til ein reduskjon i driftsgrunnlaget for selskapet og diskusjon om rammer for vidare drift vart aktualisert. Det vart gjennomført ulike sonderingar og styret i Ulshav sende i februar 2019 eit brev til Ulstein formannskap og fekk slik tilbakemelding frå ordføraren.

Viser til brevet frå styret i Ulshav til underteikna datert 5.februar 2019.
Brevet vart lagt fram som melding til formannskapet den 12.februar og vart drøfta der.
Ut frå diskusjonen så vil eg melde tilbake til styret at formannskapet gav grønt lys til å halde fram
fusjonsforhandlingane med Furene. Pr i dag er det vanskeleg å gi klare signal på at kommunen vil kjøpe fleire tenester frå Ulshav, sjølv om det sjølvsagt ikkje er utelukka.
Det vert i så fall eit budsjettspørsmål som vi må kome attende til etter ferien.
Formannskapet gav også nokre føringar for kva ein eventuell fusjonsavtale skal innehalde:

1. Verdsetting av Ulshav må skje på tilsvarande måte som ved fusjonen med Dragsund ASVO
2. Det bør gå fram av fusjonsavtalen kva aktivitetar ein ser for seg skal halde fram/utviklast vidare i Ulsteinvik
3. Ein fusjon er å rekne som ei virksomheitsoverdraging, det betyr at dei tilsette sine arbeidsforhold skal vidareførast i det fusjonerte selskapet.
Elles er formannskapet samde om at det er styrets oppgåve og ansvar å ivareta selskapet, dei tilsette og selskapets formål på ein best mogleg måte.
Ein fusjonsavtale må sjølvsagt godkjennast av kommunestyret.

Vurdering og konklusjon:

Der er i prinsippet tre alternativ for Ulshav AS.

Det eine er nedlegging, som ikkje er noko godt alternativ. Ved ei nedleggin kan kommune berre ta ut aksjekapitalen. Dei andre verdiane i selskapet skal tilfalle formålet med verksemda.

Det andre er vidare drift. Vidare drift, med det inntekstgrunnlaget selskapet har vil krevje at kommune kjøper meir tenester frå selskapet. Dette er eit svært usikkert driftsgrunnlag og kommune har ikkje budsjettert med kjøp av fleire tenester.

Det tredje alternativet er fusjon med Furene AS. Dette vil ivareta målsettinga med drifta og dei tilsette på best mogleg måte. Verdiane i Ulshav AS vert dermed flytta inn i ei større og meir robust økonomis eining og formålet med drifta av Ulshav AS vert ivaretatt. Det må påreknast at det nye selskapet vil samordne drifta mellom anlegga i Saunesmarka i Ulsteinvik og Dragsund ASVO, men Mjøl og meir er eit tilbod Furene vil ha i Ulsteinvik.

Fusjonsavtalen i vedlegg 1 ivaretek kravet frå formannskapet om verdisetting. Kommune får utbetalt aksjekapitalen på 100 000. Dei andre verdiane i Ulshav AS

vert overført til Furene AS og fordeling av aksjar i Furene AS vert omrekna for å kompensere for den verdien Ulstein kommune har tilført Furene AS. Dette er same modell som vart nytta ved fusjon med Dragsund ASVO:

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: Positive i den grad ny organiserer hjelper målgruppene.
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: Små i og med at der er restriksjonar på andre midlar enn aksjekapitalen i denne typen verksemd.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.
Konsekvensar for barn og unge: Positive i den grad ny organiserer hjelper med å nå denne gruppa.

Namn	Verner Larsen
Rådmann	rådmann

Interimstyret – Ulshav AS og Furene AS

INFO TIL ULSTEIN KOMMUNE FUSJONSGRUNNLAG

Vurderingsgrunnlag for vidare handsaming

1. Utkast – Avtale om overdraging av aksjar
2. Vedlegg med utdjuping av løysing

09.04.2019

AVTALE
OM OVERDRAGING AV AKSJAR

PARTAR OG FØREMÅL:

Avtale er inngått d.d. mellom
seljar (Seljar): **Ulstein kommune, 6090 Ulsteinvik, org. nr. 964 979 456**
og
kjøpar (Kjøpar): **Furene AS, org.nr. 923 994 149, 6105 Volda**

Føremålet med avtalen er integrasjon av Furene AS og Ulshav AS der første steg er oppkjøp av aksjar med seinare integrasjon gjennom fusjon av morselskap og 100 % eigd dotter.
Målet er at drifta etter interintegrasjon skal vere sikra betre ressursutnytting, og ei styrking av det faglege tilbodet til brukarane..

AKSJEPOST:

Avtalen omfattar overdraging av 1000 aksjar (100 %) i **Ulshav AS**(Selskapet), org.nr. 968 349 171 pålydande kr 100,- per aksje.

Avtalen føreset at det er/vert gjort vedtak som opphevar avgrensinga for omsetning av aksjar som det følgjer av §5 i Selskapets vedtekter.

DEFINISJONAR:

Enkelte uttrykk, som vert nytta i denne avtalen, skal forståast på følgjande måte:

- Overdragingstidspunkt: Dato fastsett i punkt E og er samanfallande med tidspunktet der Kjøpar tek over rettane som følgjer av 100 % eige av aksjane i Selskapet.
- Oppgjerssummen: Samla vederlag – samanfallande med kjøpesummen etter punkt D.

PRISFASTSETTING:

Kjøpesummen vert fastsett til **kr 100,00** per aksje, som er lik pålydande verdi på aksjane, til saman **kr 100.000,-**

Prisfastsettinga har utgangspunkt i avgrensinga, som er nedfelt i føreskrifta og i samarbeidsavtalen med NAV:
§ 13-6 annet ledd bokstav b :

- *overskudd skal forbli i virksomheten og komme primærvirksomheten, attføringsarbeidet og deltakerne til gode.*

Det er ein føresetnad for prisfastsettinga at Selskapets føremål vert ført vidare og at Kjøpar opprettheld tilsvarande føremål i sine vedtekter.

Det er gjennomført verdivurdering av både Selskapet og Kjøpar med tanke på ein eventuell fusjonsprosess og utrekning av bytteforhold dersom ein slik fusjonsprosess vart gjennomført etter aksjelova kap. 13. Sal av aksjar etter denne avtalen representerer eit alternativ til fusjon, ved oppkjøp av aksjar og deretter ein retta emisjon mot Seljar som første steg. Etter at Kjøpar gjennom tilsvarande avtaler med dei andre aksjonærane, eig 100 % av Selskapet, kan det gjennomførast ein mor-dotterfusjon (steg 2). Prisfastsetjinga byggjer på verdigrunnlaget som er utarbeidt med dette føremålet.

SPESIELLE FORHOLD:

Avtalen om overdraging av aksjar i Selskapet byggjer på føresetnaden om at det etter salstransaksjonen skal gjennomførast ein retta emisjon mot Seljar. Emisjons-kursen er spesifisert i vedlegg og aksjonærsamansetjinga hjå Kjøpar etter emisjonen følgjer også av tidlegare dokument, som ligg til grunn for vedtaket om sal av aksjane i Selskapet – berre mindre prosentuelt avvik som følgje av avrunding til heile aksjar. Det skal vere høve for Seljar å motrekne innskotsplikta ved den retta emisjonen mot tilgodehavande som aksjesalet skaper. Salsvederlag utover innskotsplikta skal utbetalast til Seljar etter nærare avtale mellom partane.

OVERDRAGINGSTIDSPUNKT:

Verknadstidspunktet for overdraginga skal vere per XX/XX 2019. På dette tidspunktet skal selskapets aksjeeigarbok oppdaterast med ny eigar av aksjane og aksjebevis skal utstedast. Kjøpar kan per dette tidspunktet utøve eigarrettane knytt til aksjane i Selskapet.

OPPGJER AV KJØPESUMMEN:

Oppgjerssummen på kr 100.000,00 skal nyttast til motrekning av innskotsplikt ved teikning av aksjar i Selskapet ved den retta emisjonen som følgjer av pkt. E i denne avtalen med kr ?. Overskytande del skal utbetalast etter nærare avtale mellom partane.

ANDRE FORHOLD:

- Det skal ikkje gjennomførast ekstraordinære disposisjonar, som er eigna til å endre vurderingsgrunnlaget for Kjøpar, i perioden frå underteikning av denne avtalen og fram til overdragingstidspunktet utan etter skriftleg samtykke frå Kjøpar.
- Seljar har informasjonsplikt for eventuelle forhold som måtte ha oppstått etter siste årsrekneskap og som har vesentleg betydning for vurdering av balansestillinga i Selskapet. Dette gjeld forhold som tidlegare ikkje er kommunisert skriftleg eller følgjer av anna materiale under forhandlingane om kjøp av aksjar/vurdering av eventuell fusjon.
- Det ligg som føresetnad at både transaksjonane for kjøp av 100 % av aksjane i selskapet vert behandla i Seljar sine organ snarast mogleg slik at både kjøp og retta emisjon kan gjennomførast dette året.
- Tidspunkt for gjennomføring av fusjon mellom Kjøpar og Selskapet (mor-dotter) vert vurdert av styret i Kjøpar.
- Kjøpar står fritt i si vurdering av eventuell styrerepresentasjon i Selskapet, samt andre tilpassingar som måtte vere nødvendige i prosessen med å integrere selskapa, utvikle rasjonell drift og tilpasse seg både ein marknad i endring og endra rammevilkår.
- Forhold til tilsette og vidareføring av drift og aktivitet i Ulshav etter overtakinga er belyst i vedlegg.

Avtalen ligg føre i to eksemplar – eitt til Kjøpar og eitt til Seljar.

Volda, den x/xx 2019		
Kjøpar	Furene AS	Furene AS

Ulsteinvik, den x/xx 2019		
Seljar	Ulshav AS	Ulshav AS

VEDLEGG:

Mandat

Furene har gjort fylgjande vedtak i ekstraordinært styremøte den 18 mars:

Styret i Furene ser at ein fusjon med Ulshav AS vil kunne understøtte formålet til begge selskapa og er positive til å gjennomføre samtalar og forhandlingar. Styret ynskjer at begge selskapa vel 2 representantar til eit interimsstyre.
Interimsstyret sitt mandat er å leie prosessen, utarbeide ein omforeint fusjonsplan og kommunisere med eigarane fram til formelle vedtak er gjennomført.
Styra i dei to selskapa skal ha denne til drøfting og vedtak i løpet av hausten 2019, med sikte på ein formell fusjon pr. 1.1.2020.
Som interimsstyre for Furene AS foreslår vi: Leiar eller Nestleiar i styret og dagleg leiar.

Styret i Ulshav har gjort vedtak i sitt styremøte 25 mars. I dette vedtaket ligg det føringar frå eigar:

Verdsetting av Ulshav må skje på tilsvarande måte som ved fusjonen med Dragsund ASVO
Det bør gå fram av fusjonsavtalen kva aktivitetar ein ser for seg skal halde fram/utviklast vidare i Ulsteinvik
Ein fusjon er å rekne som ei vrksomheitsoverdraging, det betyr at dei tilsette sine arbeidsforhold skal vidareførast i det fusjonerte selskapet.
Ein fusjonsavtale må sjølvsagt godkjennast av kommunestyret.

Modellval

Fusjon gjennom kjøp av aksjar og retta emisjon.

Basert på den forenkla fusjonsmodellen då denne er enklare, billegare og raskast.

1. Furene gjer avtale om kjøp av 100% av aksjane i Ulshav AS til verdien av innskoten kapital Ref. Dragsund ASVO. Og avtaleutkast.
2. Deretter ein avtalefesta retta emisjon mot seljar som aukar UK sin aksjepost i Furene.
3. Val av nytt styre og vidareføre drift som eige selskap fram til 1.1.2020.
4. Fusjon mellom mor og heileigd dotterselskap innan 01.03.2020.(Sjå neste side).

- Det skal inngåast ein eigen avtale om overdraging av aksjar til pålydande verdi av Ulstein Kommune sine aksjar i Ulshav AS
- I avtalen skal det byggast inn føresetnad om at det skal skje ein retta emisjon med kapitalauke i det fusjonerte selskapet, der Ulstein kommune aukar sin aksjedel i Furene AS
- Avtalen reflekterer verdien som ligg til grunn etter ei ekstern verdivurdering utført av revisor. Dette betyr i praksis balanseførte verdiar pr. 31.1.18. med evt. Justeringar og verdivurdering av bygningar/eigedom etter ny takst.

Andre forhold

Tilsette

Ein fusjon er å rekne som ei virksomheitsoverdraging, det betyr at dei tilsette sine arbeidsforhold skal vidareførast i det fusjonerte selskapet.

- Det er ein tydeleg intensjon om at alle tilsette skal kunne velje å halde fram med sin eksisterande avtale eller inngå ny arbeidsavtale med Furene.
- Funksjon og tittel må tilpassast Furene sin organisasjons- og funksjonsmodell.
- Individuelle avtalar skal fylgje gjeldande tariffavtalar, men tilsette må rekne med å kunne bli tildelt andre oppgåver eller funksjonar.
- Pensjon og lønsvilkår som skal samkøyrast må løysast med individuell avtale.
- Alle skal fylgje Furene sine vedtekne arbeidstidsordningar og reglar i medarbeidarhandboka.

Aktivitetar vidare

Det bør gå fram av fusjonsavtalen kva aktivitetar ein ser for seg skal halde fram/utviklast vidare i Ulsteinvik

Talet på deltakarar og NAV sine signal om at meir skal ut i ordinære bedrifter vil utfordre ein driftsmodell med behov for interne deltakarar og arenaer. Furene ser difor for seg at:

- Selskapet Ulshav held fram som i dag fram til 31.12.2019.
- Mjøl og Meir skal vidareutviklast i sentrum av Ulsteinvik (leigeavtale til 01.01.2023).
- Fruktavdeling bør vidareførast som eige konsept. Lokasjon bør vurderast.
- Drifta i Saunesmarka skal evaluerast og vurderast i løpet av hausten 2019 der deltakarane sine behov og utfordringar skal telje med.
- Vidare drift i lokala i Saunesmarka føreset tilgang på fleire deltakarar og nye oppdrag med større aktivitet.

Protokoll – møte 1

Interimstyret – fusjonsprosess Furene/Ulshav

Konstituering av styret:

Styret har konstituert seg slik:
Leiar: Kari Mette Sundgot
Skrivar: Eldor Skeide

Mandat

Mandat er definerte i dei to styrevedtaka styra har gjort.
Interimstyret legg dette til grunn for å forhandle fram løysing.
I dette ligg:

- Utarbeide forslag til fusjonsmodell
- Forslag til avtale mellom Furene as – Ulshav as og Ulstein Kommune som eigar av Ulshav.
- Konkretisering av konsekvens for tilsette Ulshav, i lys av «viksomhetsovetakelse».
- Tankar om vidareføring og framtidig drift og aktivitet etetr overtaking/Fusjon.

Prosess og framdrift

Interimstyret slutta seg til den skisserte planan som legg opp til ei handsaming og semje om eit grunnlag ein kan presentere for Ulstein Kommune snarast råd. Dei innspela ein får der vil påverke den vidare prosessen. Målet er å få dette opp til handsaming i aktuelle organ for behandling i mai/juni.

Fusjonsmodell

Interimstyret slutta seg til den skisserte modelle som Ulstein Kommune har ynskja og som vart nytta i fusjonen mellom Furene AS og Dragsund ASVO as i 2013.
Modellen vert gjennomført som totrinns prosess med kjøp av aksjar med oppgjer gjennom ein retta emisjon mot Ulstein Kommune. Deretter ein mor/dotter fusjon når Ulshav er 100% eigd av Furene as

Prising og verdivurdering av selskapa

For å få fastsett verdi på selskapa må det gjennomførast ei taksering av eigedomane.
Begge selskapa bør nytte same takseringsfirma for lik vurdering.
Det bør nyttast revisor til verdivurderinga og fastsetting av endring i aksjesits i Furene etter retta emisjon.
Takseringskostnader vert dekka av dei respektive selskapa.
Revisorhonorar vert delt 50/50.

Oppfølging:

Eldor tek kontakt med Uno Lundberg på vegne av begge selskapa for tilbod og tidspunkt for taksering.
Eldor kontaktar 2 ulike revisorforma med tanke på pris for dette oppdraget.

Informasjon og kommunikasjon

Interimstyret ynskjer å presentere resultatet av dagens møte til den adm. Og politiske leiinga i Ulstein Kommune snarast råd. (Rådmann og ordførar). Kari Mette avtalar.
Kari Mette og Eldor må møte. Magnar og Alvhild møter om det høver.

Oppfølging:

Eldor fullfører utkast til avtale saman med vedlegg som svar på bestilling frå styra og eigar.
Kari Mette sender saman med møteinnkalling.

Tilsette i Furene og Ulshav er informert.
Furene informerer sine eigarar på eit overordna nivå denne veka.
Vidare informasjon vert planlagt etter møtet med Ulstein kommune

Interimstyret 9.04.2019

Kari Mette Sundgot	Alvhild Kvamme Iversen	Magnar Hatløy	Eldor Skeide
Sign.	Sign.	Sign.	Sign.

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10417 19/10441
Saksbehandlar: Svein Arne Orvik
Dato: 08.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
75/19	Formannskapet	18.06.2019

Bidrag til tv-aksjonen 2019

Samandrag:

Ulstein kommune brukar å støtte den årlege tv-aksjonen med 35 000 kroner. Rådmannen tilrår at kommunen gjer det same i år. Tv-aksjonen går i år til arbeidet CARE gjer for å skape eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

Rådmannen si tilråding:

Ulstein kommune bidreg med 35 000 kroner til årets tv-aksjon. Bidraget vert dekt over tilleggsløvingskontoen til formannskapet.

Vedlegg:
VS: Økonomisk bidrag til TV-aksjonen 2019
Bidrag 2019 Ulstein kommune

Saksopplysningar:

Tv-aksjonen går i år til arbeidet CARE gjer for å skape eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

Vurdering og konklusjon:

Tv-aksjonen er ein nasjonal dugnad der både frivillige enkeltpersonar, private verksemder og offentlege verksemder bidreg. Ulstein har tradisjon for å støtte tv-aksjonen med 35 000 kroner, og det er naturleg å gjere det same i år.

Likestillingsmessige sider ved saka: Aksjonen fremmar rettane til kvinner globalt.
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: Løyvinga vil gå frå tilleggsløvingskontoen til formannskapet.
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Namn	Svein Arne Orvik
Rådmann	leiar demokrati og kommunikasjon

Fra: Ulstein Postmottak
Sendt: 8. mai 2019 14:14
Til: Knut Erik Engh; Svein Arne Orvik
Emne: VS: Økonomisk bidrag til TV-aksjonen 2019
Vedlegg: Bidrag 2019 Ulstein kommune.docx

Hei,

Eg sender denne til dykk, men eg registrerer denne på saksnummer 19/754.

Venleg helsing

Bennie Hansen
konsulent
Servicetorg og dokumentsenter

Fra: Victoria Linnerud <Moreogromsdal@tvaksjonen.no>
Sendt: 8. mai 2019 13:39
Til: Knut Erik Engh <knut.erik.engh@ulstein.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>
Emne: Økonomisk bidrag til TV-aksjonen 2019

Hei,

Tusen takk for fjorårets bidrag! Sender med dette oppfordring til Ulstein kommune om å bidra økonomisk til TV-aksjonen 2019. Se vedlagt brev.

Vennlig hilsen

Victoria Linnerud | **CARE Norge** | **Fylkesaksjonsleder Møre og Romsdal TV-aksjonen NRK**
CARE | blimed.no
Mobil: +47 993 81 787
E-mail: moreogromsdal@tvaksjonen.no

20. OKTOBER 2019

TV-AKSJONEN NRK

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

Ålesund, 8. mai 2019

TV-AKSJONEN NRK CARE 2019 – Oppmoding om økonomisk stønad

Fyrst og fremst vil eg takka Ulstein kommune for stønad til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med kommunen er ein lang tradisjon, og er avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebering på aksjonsdagen, som i år er 20. oktober. Over 98 prosent av kommunane og fylka i Noreg bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håpar at Ulstein kommune også vil støtta TV-aksjonen NRK CARE 2019.

TV-aksjonen går i år til arbeidet CARE gjer for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

TV-aksjonen skal gje 400.000 kvinner moglegheit til å tena sine eigne pengar, bestemma over eigen kropp og få si røyst høyrt i samfunnet. TV-aksjonsmidlane går til arbeidet CARE har i Mali, Niger, DR Kongo, Burundi, Rwanda, Palestina, Jordan, Afghanistan og Myanmar.

TV-aksjonen skal gje kvinner eit betre liv, gje dei høve til å skapa sin eigen arbeidsplass, sin eigen inntekt og til engasjement og deltaking i politikk og i lokalsamfunnet. Dette skapar ringverknadar for meir enn 1,5 millionar menneske.

Slik kan de enkelt vera med å støtta TV-aksjonen:

For å synleggjera det breide engasjementet frå alle kommunane i landet blir alle bidraga registrert på www.giverstafett.no frå 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura straks sendt på e-post. Det går også an å lasta ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert. Om du ikkje får faktura på e-post med ein gong, ta kontakt med fylkesaksjonsleiar som kan hjelpe dykk.

Registrerte og innbetalte summar vil bli ein del av statistikken for din fylkeskommune på aksjonsdagen.

Ta kontakt med fylkesaksjonsleiar om du har nokre spørsmål.

Med venleg helsing

Victoria Linnerud
Fylkesaksjonsleiar
Tlf. 993 81 787
moreogromsdal@tvaksjonen.no

Gunn Berit Gjerde
Leiar for fylkesaksjonskomiteen

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10436 19/10448
Saksbehandlar: Verner Larsen
Dato: 10.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
76/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Forprosjekt innovasjonslab i Ulstein kommune

Samandrag:

Det er utarbeidd ein forprosjektrapport om etablering av Skaparhus i Ulstein kommune. Deltakara i prosjektgruppa har vore representantar frå NCE iKuben, ProtoMore, Ulstein kommune, Høgskulen i Volda, Ulstein vg. skule, Mafoss og ÅKP. Rådmannen går inn for at Ulstein kommune er med vidare i prosessen.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein kommune støtter arbeidet med etablering av Skaparhus og ein arena for læringslivet slik det er vist i forprosjektet Innovasjonslab i Ulsteinvik.

For å få prosjektet i gong er Ulstein kommune innstilt på å garantere for husleigekostander i to år i prosjektet. Føresetnaden er at prosjektplan og budsjett er klar, eller at rammene for kommune sitt bidrag er avklart til medio september.

Vedlegg:
SV: Rapport innovasjonslab

Andre relevante dokument:
Rapport innovasjonslab

Saksopplysningar:

Saka gjelder forprosjekt innovasjonslab i Ulsteinvik. Formannskapet gav si tilslutning til utarbeiding av forprosjektet i sak FSK 19/40.

I samfunnsdelen av kommuneplanen vedtatt i K-sak 17/5 er hovudmålet i kapittel 10 «Nyskaping og digitalisering» sagt at «Ulsteinsamfunnet og kommunen skal være mellom dei fremste i landet på nyskaping gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi. Dette kan opne for knoppskyting og nyetablering i framveksande næringar og effektivisering i arbeidslivet gjennom fornying, forenkling og forbetring.

Som strategiar er det sagt at vi skal :

- Skape opne møtestadar for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder
- Være nyskapingsaktør i skjeringspunktet mellom kommune og næringslivet
- Designe og utvikle Læringsarena Ulstein som ein digital kunnskapsressurs, ein kulturinstitusjon og ein læringsarena som spreier og deler kunnskap.

Vurdering og konklusjon:

I Ulstein kommune sin nyskapingsstrategi «Fire steg på ein ny veg» vedtatt i kommunestyret den 28.3 2019 er hovudoverskrifta i kapittel 2 « Legge til rette for samskaping» og overskrifta i kapittel 3 «Bygge kultur og kapasitet».

Dette prosjektet går rett inn i begge desse kapitla. Det bygger nye samarbeidsrealsjonar og det tilfører kapasitet, kompetanse og nye verktøy til søre Sunnmøre. Ulstein kommune bør gripe dette prosjektet med begge hendene. Eit slikt felles utviklingsmiljø kan ha stor vekstkraft og bli ein ny utviklingsmotor i kommunen. Det nye miljøet kan få stor innverknad for næringslivet regionalt og for pågåande prosjekt. Teknologiskulen og samarbeidet kring denne er nemnt i rapporten, og er ein del av grunnlaget for etableringa. Det er naturleg at det ny etablerte Ulstein næringsforum også vert ein del av miljøet. Koplinga kommune, skule, næringsliv og akademia er svært interessant, det har vist seg som ei sterk kraft i teknologiskulen, og Ulstein kommune har ikkje råd til å la eit slikt prosjekt gå frå seg visst vi meiner det vi har vedtatt om målsettingar og strategiar i kommunen sitt planverk.

Det er ei stor utfordring for kommunen at denne etableringa kjem parallelt med at kommunen har forplikta seg til betydelege beløp i etablering av Ulstein næringsforum. Men det er ikkje slik at desse to investeringane erstattar kvarandre. Det er slik at dei utfyller kvarandre og er gjensidig styrkande. Ut frå kommune sin innovasjonsstrategi og målsettingane i samfunnsdelen av kommuneplanen ligg prosjektet midt i målformuleringane.

Dei økonomisk rammene er ikkje presist avklart i dette forprosjektet. For å gå vidare med prosjektet må det etablerast ein garanti for husleigekostander for to år og garanti for ei prosjektleiarstilling i same tidsrom. Kostanden knytt til husleige er naturleg nok svært usikre når anslaget på nødvendig areal varierer så mykje som det gjer og plassering ikkje er avklart. Ulstein kommune vert utfordra til å garantere

for husleigekostnaden og beløpet er sett mellom 150 – og 600 000 pr år avhengig av areal og leigepris. Fleire av dei som skal inn i dette samarbeidet har husleigekostnader der dei er i dag, og vi legg til grunn at dei tek desse med seg inn i prosjektet og dekker opp deler av husleiga. Det same kan Ulstein næringslag. Ein garanti frå kommunen i denne samanheng må vel nærmast være at kommunen dekker husleigekostand for ledig areal i prosjektperioden. Detaljer i dette vert avklart i neste steg der det skal utarbeidast prosjektplan og budsjett.

For å kome vidare i prosjektarbeidet kan kommunen gi eit klart signal om at den er villig til å støtte prosjektet økonomisk i ein prosjektperiode på to år. Kommune kan gi signal om at den er villig til å garantere for husleigekostnader. Det er ikkje spørsmål om ei konkret løyving, men eit vedtak om at kommune støtter neste fase i prosjektarbeidet og vil være med å ta ein del av kostnaden / risikoen ved oppstart i lag med dei andre samarbeidspartane.

Det må då være ein føresetnad at endeleg prosjektplan og budsjett er klar medio september slik at kommunen kan få tala inn i økonomiplanen for 2020 til 2023 om prosjektet skal starte i 2020.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: Kostnadssida vert ikkje nøyaktig klarlagt før i neste fase av prosjektet. Eit vellukka prosjekt vil ha ei inntektsside verksemder, kommune og lokalsamfunn.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Positiv med omsyn til utvikling av teknologiskulen og samarbeid med Ulstein vg. skule

Namn	Verner Larsen
Rådmann	rådmann

Forprosjektet *Innovasjonslab i Ulsteinvik* anbefaler å etablere eit SKAPARHUS i Ulsteinvik for utdanning og arbeidsliv – ein ARENA FOR LÆRINGSLIVET

1. Konklusjon

Prosjektgruppa anbefaler partane å medverke aktivt til etablering av ein felles arena for kompetansebygging og innovasjon i Ulsteinvik; ein ARENA FOR LÆRINGSLIVET.

Arenaen vil vere ein open møteplass mellom utdanning og arbeidsliv, der ein løyser reelle problem, lærer gjennom praktisk uttesting, lagar prototypar, møter ny teknologi, utviklar talent og elles møtast på like vilkår. Arenaen skal vere eit kreativt miljø, der ein treff innovasjonsaktørane i regionen, kan leige base som gründer/einmannsbedrift eller stikke innom som «drop in»-brukar. Lokalitetane må kunne brukast til undervisning og kurs og i tillegg ha møtefasilitetar innan rekkevidde.

Greier ein å samle kompetansemiljøa, vil dette bli eit SKAPARHUS som kan bygge på forspranget som ligg i satsinga på *Teknologiskulen* i Ulstein og ta den det neste steget. Det vil også vere å ta eit heilt nytt steg for å kople kompetanse og metode i skule og næringsliv. Dessutan er måten vi lærer på i sterk endring både i skulen, på arbeidsplassen og på fritida. Derfor må dette også vere ein plass for den uformelle læringa; for aktivitetar som Kodeklubben og for kreative enkeltmenneske, uavhengig av yrke eller alder.

Hjartet i møteplassen er skaparverkstaden. Denne blir utstyrt med både manuelle og digitale verktøy og vil såleis ha fleire avdelingar eller rom. Fleire bedrifter har på gitte vilkår tilbode å plassere eigne robotar og anna verktøy i verkstaden.

For å vere eit reelt verktøy for skulane, må verkstaden leggast til sentrum med gangavstand frå Ulsteinvik barneskule og Ulstein ungdomsskule. Krinsane sin bruk av verkstaden kan koordinerast med bruken av Ulstein Arena. Det er ynskjeleg å kople transport til og frå UVS til Kommunen sitt *autonom buss*-prosjekt. Også for næringslivet og kommunen sin øvrige bruk, vil ei slik plassering skape best mogleg tilgjengelegheit. Skulen står over for ei stor endring i innhald og undervisningsmetodikk og vil ha behov for fasilitetar som stettar denne utviklinga. Å knytte dette til enkeltskular vil vere fordyrande og mindre i tråd med intensjonane i Fagfornyinga 2020. Ei samlokalisering til fellesareal for grunnskule og vidaregåande skule vil kunne gje rom og handlingsrom for ein heilt annan utstyrs- og metodepark.

For at skaparhuset skal verte ein suksess, er sjølve verkstaden som møteplass heilt sentral. Dette skal ikkje vere ein næringspark, men eit ope miljø for alle skapande krefter som vil dele og utvikle sine ferdigheiter og kunnskapar. Slik er dette også eit tiltak utan fasitsvar på kva ein vil få ut av det, men ein møteplass der det ein får tilbake, vil avhenge av dei som deltek og investerer tid, kompetanse og andre ressursar der.

Arenaen skal etablerast med ein klar delingsfilosofi, der brukarane møtast med mål om open og gjensidig læring. For etablering, oppstart og koordinering av aktivitet og tilbod, vil det vere nødvendig med ein tilsett fagleg ressurs.

Prosjektgruppa tilrår på denne bakgrunn at partane i forprosjektet forpliktar seg til å stille ressursar til disposisjon for å gjennomføre eit to-årig prosjekt, der ein etablerer skaparverkstaden og legg grunnlag for å utvikle denne til eit skaparhus for Ulsteinregionen.

2. Partar i forprosjektet

Ulstein Kommune (Kommunen), Ulstein vidaregåande skule (UVS), NCE iKuben (iKuben), Protomore Kunnskapspark AS (PM) og Høgskulen i Volda (HVO) har vore partar i forprosjektet. I tillegg har Mafoss og ÅKP vore med i prosjektgruppa for forankring i næringslivet og koordinering med eksisterande aktørar i regionen. Ved vidareføring i eit hovudprosjekt, så tilrår vi at ÅKP-miljøet også blir med som formell partnar.

3. Arbeidsgruppa

- NCE iKuben Kjersti Kleven (Prosjektleiar)
- ProtoMore Ragna Brenne Bjerkeset
- Ulstein Kommune Gry Nordal
- Høgskulen i Volda Synnøve Amdam
- Ulstein v.g. skule Sveinar Kleive, Jon Arne Garshol Haram
- Mafoss Jan Thormodsæter
- ÅKP Robert Voldnes

Gruppa har hatt fire prosjektmøter frå 7. februar til 3. juni. I tillegg har ulike medlemmer gjennomført intervju med brukargruppene, vore på studietur til Sunnfjord Skaparhus i Førde, besøkt BitRaf makerspace i Oslo og gjennomført ein workshop med lokalt næringsliv. Deltakarane har dekka sine eigne kostnader til prosjektarbeidet. Prosjektleiing og fasilitering av workshop har vore dekka av NCE iKuben og ProtoMore Innovasjonslab.

4. Bakgrunn og formål

Ulstein Kommune har sidan 2015 hatt ei satsing på teknologi som er unik. Særleg vert dette synleg i prosjektet «Teknologiskulen», som blir lagt merke til over heile landet. No er kommunen i finalen for å motta Kommunal og Moderniseringsdepartementet sin Innovajonspris for 2019. Satsinga i grunnskulen har forplanta seg til Ulstein vidaregåande skule, som vidaregfører dette både gjennom generell teknologibruk i undervisninga, men også spissa gjennom programfag og etablering av «Teknologi og innovasjon» som ny studiespesialisering frå hausten 2019. Denne er dei åleine om i landet. Samtidig er innhaldet i grunnskulen og vidaregåande skule i endring gjennom Fagfornying 2020. Her blir det lagt til grunn eit kompetanseomgrep som stiller nye krav til praktisk utprøving og praktisk bruk av kunnskapen gjennom tverrfagleg problemløysing og utvikling av evner innan innovasjon og entreprenørskap.

Næringslivet i Ulsteinregionen har vore gjennom ei krise etter nedgangen i offshore og har behov for ny næringsutvikling på basis av eksisterande og ny kompetanse. Arbeidslivet, enten det er offentleg eller privat, har eit stort behov for ny kompetanse for utvikling og bruk av digitale løysingar, for deling av erfaring og for prosessar som gir rask og radikal utvikling. Klynge-miljøa i Molde og Ålesund har innovasjonslab'ar for både fysisk og digital utvikling og testing av innovasjonar. Dei treng likevel meir desentraliserte verktøy for å nå ut til breidda av deltakarbedriftene sine. Det er også verdt å poengtere at enkelte kommunar no melder seg som deltakarar i klyngene fordi ein ser at næringslivet og kommunane har identiske utfordringar og utviklingsbehov framover. Ulstein Kommune har i 2019 meldt seg inn i som aktiv deltakar i NCE iKuben og er frå før støttespelar for ÅKP. Eit skaparhus er heilt i tråd med Ulstein kommune sin nyskapingsstrategi *«Fire steg på ein ny veg»* og vil vere eit godt verktøy for å realisere denne.

Med kombinasjonen av satsinga i skulen og eit innovativt næringsliv med behov for rask og radikal utvikling, har ein her mulegheit til å skape ein heilt spesiell arena for samskaping mellom det

offentlege og private. Så langt har prosjektgruppa ikkje funne andre arenaer som løyser dette behovet. Ulstein-samfunnet ynskjer å vere i front og eit slikt samarbeid gir grunnlag for å ta utviklinga i lokalsamfunnet vidare inn i ein ny fase.

5. Aktivitetar i forprosjektet

(a) Behovsavklaring og forankring

Prosjektgruppa ser grunnskulane og vidaregåande skule i Ulstein, næringslivet og Ulstein kommune som organisasjon som primærbrukarar av arenaen. Vi ser også behovet for at dette er ein open arena som kan brukast av til dømes Kodeklubben, men som også privatpersonar kan leige seg inn i eller vere medlem av. Det er også potensiale for at skaparhuset kan bli ein ressurs for heile Søre Sunnmøre.

Prosjektet har av tidsomsyn valt å avgrense behovskartlegginga til aktørane som er heimehøyrande i Ulstein Kommune. Vi trur også at ei etablering må skje med utgangspunkt i desse, men at det er mogleg å skalere og gjere tilbodet tilgjengeleg også utanfor kommunen. Det har kome forslag om å utvikle ei mobil avdeling.

Prosjektet har gjennomført intervjurundar og møter med sentrale aktørar i grunnskulen (rektorgruppa, ressursgruppa og tillitsvalde), blant lærarane på UVS, på Høgskulen i Volda og fem utvalde bedrifter. Vi konstaterte etter dette at initiativet traff godt dei behova som både grunnskulen og vidaregåande skulen har, særleg som konsekvens av dei nye læreplanane frå hausten 2020. Høgskulen i Volda, som gjennom m.a. arbeidet med *Teknologiskulen*, er mellom dei fremste kompetansemiljøa innan forsking på og implementering av ny teknologi i undervisninga, såg også dette som eit potensielt laboratorium. Det var viktig å også få gode innspel om bedriftene sine behov. I tillegg til intervjua, gjennomførte prosjektgruppa ein workshop med 20 deltakarar frå 8 bedrifter, Ulstein Kommune og Mafoss, der tema var identifisering av felles behov, forslag til løysingar og innspel til korleis næringslivet kan bidra til og bruke arenaen. Her vart også Sunnfjord Skaparhus presentert som case til inspirasjon. Det var stort engasjement og utkomet av workshop'en gav eit godt grunnlag for å anbefale vidare arbeid med prosjektet.

(b) Metode og fasilitering

Det er eit stort potensiale i bruk, formidling og utvikling av metode for læring og innovasjon i dette unike samarbeidet mellom skule og næringsliv. Her kan ein få ein interessant base for forsking på området.

- Grunnskulen og UVS skal utvikle metodikk for å bruke skaparverkstadar i undervisninga. I tillegg ligg det føringar i dei nye læreplanane frå hausten 2020 om meir utprøving, innovasjon og entreprenørskap.
- Høgskulen i Volda vil få eit laboratorium for testing av pedagogikk.
- NCE iKuben vil bruke skaparhuset som møteplass for sine deltakarbedrifter på Sunnmøre.
- NCE iKuben og ProtoMore samarbeider om å bygge ei verktøykasse av metodikk til bruk i bedriftene. Dei utviklar også sine eigne fasilitatorar til å assistere bedriftene og utdannar/kursar i tillegg bedriftene til å nytte metodikkane sjølve. Desse kan vidareutviklast i lag med skulen.
- ÅKP tilbyr ei rekke utviklingsprogram frå gründerstøtte til vekstprogram for etablerte bedrifter. ÅKP desentraliserer no desse verkemidla og arenaen vil passe godt i utrullinga av desse løysingane.
- ÅKP har utvikla den digitale innovasjonskatapulten «DigiCat», som er del av SIVA sitt norsk katapult-program. Denne vil kunne testast og nyttast i arenaen.
- NCE Blue Leagasea, GCE Blue Maritime og Norwegian Rooms, som alle høyrer til under ÅKP-paraplyen, vil vere naturlege brukarar av og bidragsytarar til arenaen.

(c) Infrastruktur; utstyr og lokale

Læringsarenaen skal først og fremst stimulere og legge til rette for skaping, enten dette skjer ved hjelp av digitale eller andre verktøy. Verkstaden treng derfor å vere utstyrt både med tradisjonelle handverktøy og maskinar, i tillegg til 3D-printerar, laser-kuttarar, robotar og digitale kommunikasjonsmiddel. I tillegg vil aktørar som ÅKP og ProtoMore kunne ta med sine mobile løysingar.

Det vil vere viktig at skaparhuset kan utvikle seg ut i frå korleis bruken blir. Derfor tilrår prosjektet å starte med ei basisutrustning, som ein så bygger ut etter kvart. Derfor bør også lokalet vere fleksibelt og kunne endrast over tid. Dersom dette blir eit miljø som tiltrekker seg ulike bedrifter, vil ein kunne sjå på sambruk av verktøy og utstyr.

Kommunen og UVS har investert i utstyr lokalt på skulane og på Ulstein Arena. Prosjektgruppa ser læringsarenaen som eit supplement til dette. Skulane sine framtidige investeringar, bør derimot sjåast i samanheng med utviklinga av arenaen.

Lokalet for læringsarenaen må ligge sentralt i Ulsteinvik sentrum. Nærare 1000 elevar i grunnskulen er samla her og på UVS er det ytterlegare 500 elevar. For å få til sambruk med eksisterande infrastruktur, så bør det også vere nærheit til Ulstein Arena og Quality Ulstein Hotel. Også for næringslivet og kommunen sin bruk, vil ei plassering i sentrum vere mest tilgjengeleg. Det er ynskjeleg å også utvikle ein mobil verkstad som kan nyttast meir lokalt både av utdanning og næringsliv.

(d) Kompetansemiljø

For å skape eit interessant kompetansemiljø – eit reelt *skaparhus* – så tilrår prosjektet at ein jobbar aktivt for ei samlokalisering med andre innovasjonsaktørar. Vi meiner Ulstein Næringsforum, Mafoss, ÅKP-miljøet og NCE iKuben bør vere å finne under same tak som arenaen. I tillegg bør det vere mogleg for grunderar og andre å leige kontorplass i kortare eller lengre periodar, studentar og personar frå nasjonale og internasjonale kompetansemiljø kan hospitere her.

Arenaen skal vere mest mogleg open for alle brukarar til ei kvar tid, uavhengig av alder eller yrke. Det skal vere mogleg med felles formaliserte prosjekt mellom ulike aktørar, men det skal også fungere som ein uformell møteplass mellom aktørane. Det vil likevel vere behov for at lokalet kan reserverast for skjerma prosessar.

Prosjektgruppa har laga ei første oversikt over potensielle lokale i Ulsteinvik sentrum. Gruppa har besøkt tre lokale som (avhengig av prioritering) kan fungere, men har ikkje innhenta tilbod. Lokala har fleksibilitet mellom ca 150 – ca 500 kvm, der ein kan starte med å skaparverkstaden med møterom, for så å utvide med kontor og andre soner.

(e) Organisering

Prosjektgruppa anbefaler at etableringa av skaparverkstaden blir definert som eit toårig prøveprosjekt, der ein samarbeidsavtale definerer partane sitt ansvar for gjennomføringa. Dette er ein arena som også i organisering og struktur må utfordre etablerte samarbeidsformer og dette bør takast endeleg stilling til på basis av erfaringane i prosjektperioden.

Sjølv om ein skal basere seg på brukarane sine faglege ressursar, vil det likevel vere behov for ein ressurs til dagleg koordinering og iverksetting av aktivitet. I oppstarten vil det vere behov for ein prosjektleiar som brukar nok tid til å få verkstaden raskt på plass, held fram forankringsarbeidet og

får raskt på plass aktivitet frå brukarane. NCE iKuben, ProtoMore, Høgskulen i Volda og ÅKP stiller seg positive til å bidra i oppbygginga av fasiliteringskompetanse i oppstarten.

(f) Finansiering

Forprosjektet har ikkje kome i mål med eit gjennomarbeidd investerings- og driftsbudsjett. Ser ein på erfaringstal frå andre, så kan ein estimere ei investering på 750.000 kr - 1 mill kroner. Det blir foreslått å søke oppstarten finansiert gjennom offentleg støtte, fond og gåvemidlar og det er naturleg å søke næringslivet om støtte til utstyr. Det må raskt etablerast inntektsgjevande aktivitetar. Faste brukarar vil vere ei basisinntekt, slik som Ulstein kommune og UVS sin bruk av verkstaden til undervisning. Vidare er det naturleg at ÅKP-miljøet, NCE iKuben, ProtoMore og Høgskulen i Volda forpliktar seg til å legge eit visst antal aktivitetar til skaparhuset kvart halvår i to år. Så kjem bedrifter og private medlemmar sin bruk i tillegg. Ut over dette vil det etter kvart kome utleige av kontorplassar.

Det vil vere nødvendig å ha ein garanti for husleige og prosjektleiing i to år og prosjektgruppa ser det naturleg at partane i prosjektet, i tillegg til ÅKP-miljøet, gjer ein innbyrdes avtale om dette. Prosjektgruppa ser det som tenleg for leige av lokale at Ulstein Kommune stiller som garantist for husleige i inntil 2 år. Husleige for 150-400 kvm i Ulsteinvik sentrum er estimert til mellom 150.000 kr – 600.000 kr pr år (1000 - 1500 kr pr kvm). Her vil det vere naturleg å forhandle ein avtale for eit startareal med høve til utviding.

6. Vidare arbeid

Gitt positivt vedtak hos partane om å gå vidare med å etablere skaparhuset, så vil prosjektgruppa foreslå fylgjande prosess:

- Partane einast så snart som mogleg om organisasjonsform, garantistilling for oppstart og utpeiking av prosjektleiar.
- Det blir etablert ei styringsgruppe. Her bør ein legge vekt på kontinuitet frå forprosjektet.
- Styringsgruppa og prosjektleiar blir gitt mandat innan dei gitte økonomiske rammene til å:
    - utarbeide endeleg prosjektplan og budsjett
    - inngå avtale om leige av lokale
    - søke finansiering
    - etablere og utstyre verkstaden
    - iverksette aktivitet i samsvar med intensjonane lagt til grunn i denne rapporten.

Ulsteinvik/Molde/Volda, 7. juni 2019

Kjersti Kleven

Kjersti Kleven
Prosjektleiar

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10435 19/10453
Saksbehandlar: Verner Larsen
Dato: 11.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
77/19	Formannskapet	18.06.2019

Førarlaus buss - vidareføring etter forprosjekt

Samandrag:
Det er gjennomført eit forprosjekt for sjølvkøyrande buss i Ulsteinvik. Forprosjektet har konkludert med ei rute for bussen og det ligg til rette for vidare arbeid for å etablere eit proveprosjekt.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein formannskap tek sluttrapporten for forprosjektet til vitande og ber om at det vert arbeidd for å realisere eit prøveprosjekt med autonome bussar i Ulsteinvik våren 2020 i henhald til planen i forprosjektet.

Vedlegg:
Sluttrapport Fase 1 for selvkjørende elminibuss i Ulsteinvik

Andre relevante dokument:
Sluttrapport Fase 1 for selvkjørende elminibuss i Ulsteinvik

Saksopplysningar:

Sak om forprosjekt for førarlaus buss var oppe i formannskapet i F-sak 19/47. Forprosjektet er no ferdig og prosjektrapport ligg føre. Deltakarar i forprosjektet går fram av side fire i rapporten.

Forprosjektet har ført til at foreslått rute for bussen er endra slik at den går frå Høddvoll via Holsekerveien til Ulstein Arena.

Vurdering og konklusjon:

Etablering av eit slikt prøveprosjekt er i tråd med målsettingar i samfunnsdelen av kommuneplanen, når det gjelder forsøk med autonom buss og tilrettelegging for ferdsel utan bruk av bil. Endringar innafor samferdselssektoren er og eit av dei områda, som kommune kan påverke, der ei omlegging vil ha størst klimaeffekt.

Det er all grunn til å gjennomføre prøveprosjektet og skaffe seg erfaring og forsprang slik at vi er budd på endringa som kjem. Med eit oversiktleg bybilde, korte avstandar og tett busetnad kan Ulsteinvik bli eit attraktivt prøveområde i framtida.

Arbeidet med forprosjektet har skaffa oss nokre kontaktpunkt og ei plattform for vidare arbeid.

Estimat på kostander er 2,1 til 2,3 mill. kr i eksterne kostander og 0,55 mill. kr i tilrettelegging, kommunikasjon og interne kostnader. Dette er eit estimat for to bussar i tre månader med 30 timar driftstid i veka. Andre kombinasjonar av bussar og driftstid vil gje andre driftsrammer.

Rådmannen rår til at det vert arbeidd vidare med prosjektet med sikte på å få eit pilotprosjekt finansiert i 2019 og i drift våren 2020.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: Positive i den grad dette fører til auka bruk av buss og der ein går til / frå buss stopp.
Miljøkonsekvensar: Positive på sikt når dette vert eit reelt alternativ til bilbruk.
Økonomiske konsekvensar: Avhengig av kostnadsramme, tilskot og med finansieringa frå aktørar i prosjektet.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: truleg positive som servicetilbod ut frå den ruta som er valgt og positiv vinkling på miljøengasjementet. Ulstein vg. skule er og positive til tiltaket ut frå teknologisatsinga.

Namn	Verner Larsen
Rådmann	rådmann

Fase 1

Sluttrapport - forprosjekt selvkjørende elbusser i Ulsteinvik

6. juni 2019

Frode Kjos og Jan Pillgram

ULSTEIN KOMMUNE

ACANDO

INNHOLD I SLUTTRAPPORT

Kjøring av Erna og Jonas fra Stortinget til IKT Norges årskonferanse

- Målsetting med Fase 1 i Acandos metodikk
- Arbeidsprosess
- Workshop 1
- Workshop 2
- Rutebeskrivelser
- Økonomi
  - Kostnadsmodell ved pilot
  - Mulige finansieringskilder
- Anbefalinger og veien videre
- Oppsummering

ARBEIDSPROSESS

Mai – Juni 2019

Workshop 1 → Befaring av ruter → Beskrivelse av ruter → Workshop 2 → Utarbeide sluttrapport → Presentere sluttrapport

Workshop 1

- Deltakere blir orientert om prosjektet.
- Deltakere får innsikt i metodikk og aktiviteter i et pilotprosjekt.
- Etablere en plan som involverer lokalt næringsliv og akademia.

Workshop 2

- Gjennomgang av rute i henhold til kriterier
- Deltakere får innblikk i den mobilitetsrevolusjonen vi står midt i.
- Deltakere oppnår felles forståelse for hvordan man kan gå frem videre - organisatorisk, finansielt og praktisk.

Arbeidet med denne fasen vil avklare aktuelle ruter og omfanget av en pilot.

DELTAKERE PÅ WORKSHOPENE

Navn	Organisasjon		Navn	Organisasjon
Lisa Hansson	Høyskolen i Molde – Kun WS1		Rolf Stavik	Samferdselsavd. i fylkeskommunen
Eivind Tveter	Høgskulen i Molde/Møreforskning – Kun WS1		Audun Hopland	Ulstein kommune
Sveinar Kleive	Ulstein VGS		Caroline Eiken	Statens Vegvesen
Magne Hetle	Områdeleder Nettbuss		Arne Runar Vik	Ulstein kommune teknisk etat
Knut Erik Engh	Ulstein Kommune - ordfører		Ole Martin Grevstad	Kongsberggruppen – Kun WS1
Verner Larsen	Ulstein kommune – rådmann - Kun WS1		Are O. Riise	Sparebank1 – gruppen – Kun WS1
Leif Rune Solås	MOWI (Marine Harvest) – Kun WS1		Nina Holm Sundgot	Sparebanken Møre
Sofie Fylsvik	Ulstein VGS – Kun WS2		Rolf Driveklepp	Sparebank1 Søre Sunnmøre - Kun WS2
Krzysztofdz Andrzej Dziedzic	Ulstein VGS – Kun WS2		Veronica Pilskog	Sparebank1 Søre Sunnmøre - Kun WS2

Forventninger til dagen og prosjektet ble diskutert

Workshop 1

Hensikt og mål med dagens workshop

Hensikt

- Deltakere blir orientert om prosjektet.
- Deltakere får innsikt i metodikk og aktiviteter i et pilotprosjekt.
- Deltakere oppnår felles forståelse for hvordan man kan gå frem videre - organisatorisk, finansielt og praktisk.
- Deltakere får innblikk i den mobilitetsrevolusjonen vi står midt i.
- Etablere en plan som involverer lokalt næringsliv og akademia.

Mål

- Oversikt over aktuelle prosjektdeltakere/ interessenter/partnere og deres roller og bidrag i et pilotprosjekt.
- Overordnet plan for prosjektfremdrift.
- Neste fellesaktivitet og treffpunkt planlagt.
- Identifisert mulige kilder til finansiering.
- Enighet om veien videre.

Teststrekningen er identifisert, den går fra Høddvoll til sentrum. 3 ulike snuplasser vurderes. Pilotruter presenteres i WS2.

ANBEFALINGER FOR PILOT

«Datamaskin på hjul»

1. Ikke konkurrere med eksisterende tilbud
2. Skape verdi for brukerne
3. Trafikksituasjonen må passe:
   - Ikke komplisert trafikkbilde
   - Helst avgrenset kjøretrasé
4. Må være i tråd med kommunale planer og strategier
5. Nærhet til et sted å oppbevare/lade bussen om natten (infrastruktur)
6. Regularitet – må dekke kapasitetsbehovet / skalering
7. Ruten må være i tråd med kriteriene i lovverket

Lovverket som tillater pilotdrift er gjeldende fra 1. januar 2018. Det må søkes hos Vegdirektoratet for hver enkelt pilot.

SUKSESSKRITERIE

Det er kun **ett** suksesskriterie:

Innbyggerne og involverte i Ulsteinvik har en positiv holdning til bussen og piloten som skal gjennomføres.

Det oppnås gjennom:

1. Bussen er sikker, både for de reisende og for omgivelsen, herunder:
   - Det skal være sikkert å vente på, gå på og av bussen.
   - Bussen bør derfor kjøre sideveien, ikke hovedveiene.
2. Bussen er godt synlig i bybildet. Det skaper marked og holdning.

SUKSESSKRITERIE (2)

3. Bussens fordeler oppveier hva den belaster offentlige budsjetter, herunder:
   - Bussruter planlegges slik at nyanlegg / omlegging av eksisterende infrastruktur kan unngås.
4. Bussen løser flere trafikkproblemer enn den skaper.
5. Bussen gjør nytte, mange bruker bussen. Det kan sikres ved at:
   - Bussene bør starte/kjøre innom blokkeområder og personintense arbeidsplasser / klynger av arbeidsplasser.
6. I 1. omgang bør det tas sikte på korte sentrumsnære linjer (2-4 km). Med stor turtetthet.

Kan Acando etterlate seg 2 busser som Ulsteinvik drifter og opererer selv?

DETALJERING AV FASE 1 - OPPSTART

Initiering

- Arbeidsmøte Acando og kundens prosjektleder
  - Avklare målsettinger for pilot
  - Avklare deltakere i prosjektet fra kundens side
  - Innledende overordnet diskusjon om rutemuligheter

Beskrive rutealternativer

- Befaring mulige ruter
- Oppsummering og dokumentasjon
- Arbeidsmøter vedr. Aktuelle ruter – avklare og prioritere alternativer, vurdere perioder og kapasiteter

Detaljere budsjett og plan

- Avklare omfanget for en pilot – rammebetingelser
- Innhente priser og inngå intensjonsavtaler
- Utarbeide kostnadsmodell
- Arbeidsmøte med kunde – avstemming - identifisere partnerinteresser, roller for disse og mulige sponsorinntekter
- Initiell kommunikasjonsplan

Verifisere oppstart Fase 2

- Utarbeide rapport Fase 1
- Utarbeide plan for Fase 2
- Presentasjon av sluttrapport Fase 1 og plan Fase 2
- Kunde verifiserer oppstart Fase 2

Arbeidet med denne fasen vil avklare aktuelle ruter og omfanget av en pilot.

ACANDO

Gruppeoppgave 1 – hvem kan bidra med næringsutvikling



KOMMUNIKASJONSPLAN

1. Definere overordnet kommunikasjonsmål – hva ønsker vi å oppnå med vår markedskommunikasjon?
2. Bestemme et felles kommunikasjonsbudskap
   - Pressen ønsker å få noe nytt! «Nå kan du reise med selvkjørende minibuss i et alminnelig trafikkmiljø»
   - Hvorfor ønsker Ulstein kommune å kjøre pilotprosjekter med selvkjørende minibusser?
3. Utarbeide et presseunderlag (dette kan vi starte på allerede nå)
   - Målsetning med pilot-prosjektet
   - Når, hvor og for hvem?
   - Klare og definerte roller i pilotprosjektet (Ulstein vs Acando). Andre partnere som skal være med?
4. Lage en liste over prioriterte medier
   - Hva er førstevalget? (TV ønsker mest sannsynlig bilder av en kjørende buss)
5. Når bør vi kontakte mediene?
   - Ønske om å være først ute – på hvilket tidspunkt kan vi si noe om når piloten starter for publikum?
   - Det er mulig å gå ut med først en sak med budskapet: «(Dato) kan du reise med selvkjørende minibuss», for så å ha en egen sak når bussen er på veien med bilder/video av bussen i drift.
6. Utarbeide en kommunikasjonsplan med tidsplan og ansvarlig person for hver aktivitet

ACANDO

ROLLER OG VIKTIGE OPPGAVER SOM MÅ IVARETAS VED PILOTDRIFT

Oppdragsgiver	Operatør	Foreløpig må det være operatør i buss	Leverandør av vedlikehold	Operatør/ lokal myndighet/ grunneier	Operatør/ leverandør av buss
Inngår kontrakt med Operatør	Ansvarlig for piloten	Driftskontroll	Lading og daglig service av buss	Evt. infrastruk-turtiltak i tråd med tillatelse	IT-løsning for overvåking av kjøretøy og informasjon
Utarbeide søknad om pilot.					

Søknad til Vegdirektoratet om pilotdrift som gir tillatelse for pilotdrift for angitt kjøretøy, rute og periode.

ACANDO

Workshop 2

UTFORDRING: NORSK INDUSTRIUTVIKLING

- Norge er en «first mover» på pilotering og uttesting for autonome kjøretøy, og det er få andre europeiske som har gjennomført like mange test-kjøringer som i Norge.
- Samtidig er det stort fokus og betydelige investeringer innen «Autonomous Vehicle» fra både bilindustrien selv og fra verdens ledende teknologiselskaper.

Hvilke muligheter vil det være for å skape norsk industri i dette bildet, og hva vil være våre konkurransefordeler?

BESKRIVELSE AV RUTER OG PRIORITERING - ULSTEINVIK - HØDDVOLL

Ved rutens foreslått start/stopp ved Høddvoll i Høddveien

Skisserte ruter:

1. Høddvoll via Holskerdalen og Joakimbakken til busstasjonen
2. Høddvoll via Høddveien og Holskerveien til krysset før biblioteket
3. Som rute 2, men svinge inn til biblioteket
4. Som nr. 2, men videre Kyrkjegata- bakken og Gjerdegata

1. HØDDVOLL VIA HOLSKERDALEN OG JOAKIMBAKKEN TIL BUSSTASJONEN



Om ruten:

- Ca. 2,1 km lang.
- Frakte de som skal trene på Høddvoll tur/retur sentrum
- Ved en maksimal og jevn fart på 18 km pr. time, vil det ta ca. 7 minutter å kjøre distansen.
- Farten i sentrum vil imidlertid bli en god del lavere, og bussen vil kunne få problemer med å komme videre i rundkjøringene da den er programmert til å være veldig forsiktig.

Acando anbefaler ikke denne ruten

Fordeler:

- En godt synlig rute som kan profileres til å frakte de som skal trene på Høddvoll tur/retur sentrum.

Ulemper:

- Konkurrere med eksisterende kommunikasjonstilbud.
- Lang rute på en godt trafikkert vei med 50 km grense med komplisert trafikkbilde i sentrum (rundkjøringer).
- Bussene vil hindre annen trafikk og vil kunne bli irritasjonsmoment.
- Vil antakelig ikke bli godkjent av Vegdir. uten betydelig endringer av infrastruktur.

ACANDO

2. HØDDVOLL VIA HØDDVEIEN OG HOLSKERVEIEN TIL KRYSSET FØR BIBLIOTEKET

Om ruten:

- Ca. 1,56 km lang.
- Frakte de som skal trene på Høddvoll tur/retur sentrum. i tillegg vil beboere langs traséen kunne benytte ruten.
- Ved en maksimal og jevn fart på 18 km pr. time, vil det ta ca. 5,5 minutter å kjøre distansen – lavere fart ved konfliktpunkter og 2 busstopp langs traséen, vil tilsi en tid på ca. 10-12 minutter.
- Bussene bør utstyres med utstyr for å automatisk åpne bommer ved kryssing av Støylesvingen.

Fordeler:

- Foruten samme formål som rute nr. 1. En vil også kunne frakte beboere langs strekningen som kjøres.
- Lite trafikk i traséen og forholdsvis få konfliktpunkter i traséen.
- Vil kunne legge til rette for flere stopp.

Ulemper:

- Ikke veldig synlig i sentrum.
- Gateparkering langs ruten kan bli en utfordring i forhold til innspilt rute – vil gå ekstra tid ved omkjøring av hindringer.
- En liten del av ruten har veldig smal vei.
- Vil kreve infrastrukturtiltak ved kryssing av Støylesvingen bl. a. ved at det monteres radiostyrte bommer.

ACANDO

RUTE 2.

3. SOM RUTE 2, MEN SVINGE INN TIL BIBLIOTEKET



Om ruten:

- Ca. 1,7 km lang.
- Frakte de som skal trene på Høddvoll tur/retur sentrum. i tillegg vil beboere lang. traséen kunne benytte ruten.
- Ved en maksimal og jevn fart på 18 km pr. time, vil det ta ca. 6 minutter å kjøre distansen – lavere fart ved konfliktpunkter og 2 busstopp langs traséen, vil tilsi en tid på ca. 11-13 minutter.
- Bussene bør utstyres med utstyr for å automatisk åpne bommer ved kryssing av Støylesvingen.

Fordeler:

- Stor synlighet og eksponering i bybildet.
- Foruten samme formål som rute nr. 1, vi en også kunne frakte beboere langs strekningen som kjøres.
- Lite trafikk i traséen i størstedelen av traséen.
- Vil kunne legge til rette for flere stopp.

Ulemper:

- Gateparkering langs ruten kan bli en utfordring i forhold til innspilt rute – vil gå ekstra tid ved omkjøring av hindringer.
- Vi kreve infrastrukturtiltak ved kryssing av Støylesvingen bl.a.ved at det monteres radiostyrte bommer.
- En liten del av ruten har veldig smal vei.
- Større kompleksitet den siste delen av ruten til biblioteket – kompleks utkjøring i et gangfelt.

RUTE 3.

4. SOM NR. 2, MEN VIDERE KYRKJEGATA, -BAKKEN OG GJERDEGATA





Om ruten:

- Ca. 2,17 km lang.
- Frakte de som skal trene på Høddvoll tur/retur sentrum. i tillegg vil beboere lang. traséen kunne benytte ruten.
- Ved en maksimal og jevn fart på 18 km pr. time, vil det ta ca. 7,5 minutter å kjøre distansen – lavere fart ved konfliktpunkter og 2 busstopp langs traséen, vil tilsi en tid på ca. 13 - 15 minutter.
- Bussene bør utstyres med utstyr for å automatisk åpne bommer ved kryssing av Støylesvingen.

Fordeler:

- Foruten samme formål som rute nr. 1, vi en også kunne frakte beboere langs strekningen som kjøres.
- Lite trafikk i traséen og forholdsvis få konfliktpunkter i traséen.
- Vi kunne legge til rette for flere stopp.
- Kan integreres med eksisterende skolebussruter.

Ulemper:

- Noe synlighet i sentrum, men påstigning til Høddvoll på et lite eksponert sted (Gjerdegt.)
- Gateparkering langs ruten kan bli en utfordring i forhold til innspilt rute – vil gå ekstra tid ved omkjøring av hindringer.
- En liten del av ruten har veldig smal vei.
- Vi kreve infrastrukturtiltak ved kryssing av Støylesvingen bl. a. ved at det monteres radiostyrte bommer.

ACANDO

RUTE 4.



GRUPPEOPPGAVE – PRIORITERING AV RUTE ULSTEINVIK



Rute nr. 3 ble prioritert av alle grupper i workshop 2 den 28. mai 2019. Denne kan bli noe justert i Fase 2 i prosjektet.

KOSTNADER

Anbefaler å kjøre anskaffelsesprosess for det er 4 ulike kjøretøy fra 3 produsenter og 5 operatører. De tar 4-16 personer og har ulike egenskaper. Pris kan antagelig presses.

Fra kroner 300.000 til 400.000 pr. mnd. for pr. buss inkl. vert

Oppstart og rammer

Fast pris kr 100.000

Definere tjenestetilbud

Estimat på kr 150.000

Kr 50.000 pr ekstra rute som ønskes vurdert

Tilrettelegge for pilot

Estimat på kr 150.000

Søknad etter medgått tid. Estimat: 50-60 timer.

Gjennomføre pilotdrift

- 100.000 i lønnskostnad pr mnd. gitt Ulsteinvik trenger 2 operatører for 6 timer og 5 dager i uka i 3 mnd. - Totalt 300.000 i lønnskostnad
- 1.200.000 i bussleie for 2 busser a 200.000 pr stk. i 3 mnd.
- Oppbevaring = uavklart
- Innkjøring av rute = 200.000
- Transport og reise = 200.000

Totalt estimat på 2.100.000,- til 2.300.000 for pilot

KOSTNADER OPPSUMMERT

Eksterne kostnader	Estimerte kostnader
Fase 2	150.000
Fase 3	225.000
Leie buss for 3 måneders drift	1.100.000
Lønn til verter	300.000
Innkjøring/Site Assessment Report (SAR)	200.000
Transport av buss	100.000
SUM	2.100.000

Interne kostnader	Estimerte kostnader
Prosjektledelse i 20 prosent stilling	200.000
Teknisk etat - lønnskostnader	50.000
Kommunikasjons- og andre kostnader	100.000
Infrastrukturkostnader – Meget usikkert	200.000

Totalt estimat på 2.100.000,- til 2.300.000 i eksterne kostnader for pilot

FORSLAG TIL INTERN ORGANISERING

MULIGE FINANSIERINGSKILDER - VERKTØYKASSE FOR OFFENTLIG STØTTE INNEN TRANSPORT

Innovasjon Norge

Skattefunn

Horizon 2020

N0x fondene

Sluttbruker (privat eller offentlig):
FoU-støtte, Investeringsstøtte, Utredningsstøtte, infrastruktur

Leverandør (nye og gamle):
Innovasjonskontrakter, Miltek, lån, estip, distriktsmidler, klyngeprogrammer

Forskning:
EnergiX, BIA, Transport2020, Regionale ff

Grunnforskning → Industriell forskning → Eksperimentell utvikling → Demonstrasjon → Markeds-introduksjon

ACANDO

PILOT-T

Prosjekt → Markeds-«introduksjon»

Pilot-T: Nye løsninger i skjæringsfeltet transport/IKT
Formål
Pilot-T-ordningen retter seg mot prosjekter i skjæringsfeltet transport/informasjons- og kommunikasjonsteknologier (IKT).
I et Pilot-T-prosjekt skal bedriften i samarbeid med andre fremskaffe ny kunnskap eller benytte eksisterende kunnskap på nye måter eller områder.
Målet er å få gode løsninger raskere over i anvendelse gjennom å utvikle og teste/pilotere teknologier og forretningsmodeller med potensial til å påvirke fremtidens transportsystem slik at det blir mer sikkert/øker fremkommeligheten, og/eller reduserer utslipp.

FRIST: 25. september 2019, 13.00 CEST
https://www.forskningsradet.no/utlysninger/2019/pilot-t-nye-losninger-i-skjaringsfeltet-transportikt/

Støttegrenser Kr 2 000 000-10 000 000
Antatt tilgjengelige midler Kr 60 000 000. Totalt utlyst beløp kommer senere.
Prosjektvariget 12-36 måneder

Endelig utlysningstekst kommer 14. august

ENOVA

Prosjekt → Markeds-«introduksjon»

Enovas strategi innen transport
Langsiktig målsetting: En utslippsfri og konkurransedyktig transportsektor tilpasset framtidens behov.
Transport er en av bærebjelkene i samfunnet og effektiv transport er en forutsetning for verdiskaping i andre sektorer. Samtidig står transport står for rundt en tredel av de nasjonale klimagassutslippene, og sammenlignet med øvrige europeiske land dominerer transportutslippene i Norge den andelen av utslipp som ikke er dekket av EUs kvotemarked for klimagassutslipp. Derfor blir utslippskutt i transportsektoren spesielt viktig for at Norge skal levere på internasjonale klimaforpliktelser.

Sektoren må:
Utvikle nye transportløsninger som møter framtidens behov
Konvertere til fornybare energibærere og klimavennlige transportmidler
Utnytte det sterke maritime miljøet til teknologiutvikling og radikal innovasjon
Enova vil:
Prioritere utvikling av teknologi og nye løsninger, med særlig vekt på maritim sektor hvor Norge har betydelig verdiskaping i hele verdikjeden
Prioritere en markedsdrevet utvikling av infrastruktur og transportløsninger som gir et godt samspill med øvrig energiforsyning
I samspill med andre offentlige aktører legge til rette for økt bruk av effektive transportformer og redusert transportbehov

FRIST: Kontinuerlig

ANBEFALINGER OG VEIEN VIDERE

Oppstart og rammer

Definere tjenestetilbud

Tilrettelegge for pilot



Gjennomføre pilotdrift

Pilotprosjektet avklarer alle praktiske forhold som må løses før den aktuelle piloten kan starte prøvedrift.

Anbefalinger

- Involvere beboerne langs traséen – Informasjon og diskusjon (utført)
- Kjøre pilotprosjektet faseinndelt og ikke forplikte nye faser før inneværende fase er gjennomført og evaluert.
- Arbeide videre med lokalt næringsliv med tanke på økonomisk støtte til pilotprosjektet.
- Starte Fase 2 og samtidig sende søknad om offentlig støtte i valgt støtteordning.
  Acando foreslår Pilot T gitt forankring og involvering av lokalt næringsliv.
- Etablere lokal prosjektorganisasjon for best mulig forankring og slik at arbeidet i størst mulig grad kan gjøres med lokale ressurser.

DETALJERING AV FASE 2 - DEFINERE TJENESTETILBUD

Initiering

- Arbeidsmøte Acando og kundens prosjektleder
  - Gjennomgå og avklare plan for fase 2
  - Avklare mulige støtteordninger til prosjektet og videre håndtering
  - Avklare behov for IT-støtte

Detaljert gjennomgang av ruter

- Prioritere aktuelle ruter
- Detaljert gjennomgang av prioriterte ruter
  - Trasé – holdeplasser etc.
  - Konfliktpunkter i trasé
  - Behov for infrastrukturtiltak
  - Avklare muligheter for garasje, lading, service etc. pr. lokasjon
- Arbeidsmøte - gjennomgang av dokumenterte ruter - periode og dimensjonering av tilbud

Konkretisere kostnads- og inntektsmodell

- Evt. partnere og interesse/rolle/økonomisk bidrag/inngå avtale(r)
- Intensjonsavtaler anskaffelse av buss og kontrollsenter
- Oppdatere kostnadsmodell dersom justeringer fra Fase 1
- *Opsjon*: evt. utarbeide søknad om støtte til prosjektet

Verifisere oppstart Fase 3

- Utarbeide rapport Fase 2
- Utarbeide plan for Fase 3
- Presentasjon av sluttrapport Fase 2 og plan Fase 3
- Kunde verifiserer oppstart Fase 3

Det må vurderes om prioritert rute skal risikovurderes av nøytral 3. part (for eksempel DNV GL).

ACANDO

OPPSUMMERING

- Det har vært gjennomført to workshop-er der aktuelle ruter har vært diskutert.
- Ut i fra rutenes kompleksitet, nytteverdi, kommende lovverk og lokale reguleringer, anbefales i det videre arbeidet mot pilot å prioritere rutealternativ nr. 3 - Høddvoll via Høddveien og Holskerveien til biblioteket
- Det anbefales at arbeidet med søknad om økonomisk støtte startes
- Det anbefales at Ulstein fortsetter arbeidet med Fase 2 der rutetilbudet defineres nærmere og nødvendige tilpasninger av ruten gjøres.

ACANDO

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10439 19/10456
Saksbehandlar: Arne Runar Vik
Dato: 11.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
78/19	Formannskapet	18.06.2019

Innspel til ruteendringsprosessen for kollektivtrafikk 2020

Samandrag:
Møre og Romsdal fylkeskommune har starta opp det årlige arbeidet med å tilpasse/endre rutetilbodet for kollektivtransporten. Ev. ruteendringar vil i hovudsak verke frå 1. mai 2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune har invitert m.a. kommunane til å kome med innspel til arbeidet.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein formannskap viser til saksutgreiinga og oppmodar Møre og Romsdal fylkeskommune om å utvide dagens Fram Ekspress tilbod med ny ekspressrute Volda - Furene - Garnes - Moa.

Vedlegg:
327743_READONLY

Saksopplysningar:
Ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussruter er ein årviss aktivitet som har som mål å optimalisere kollektivtilbodet i fylket innanfor tilgjengelige rammer.

Frå fylkeskommunen si samferdselavdeling er det i høyringsbrevet peika på at framlegg om ruteendringar som tidligare er sendt inn er ikkje nødvendig fremme på nytt.

Møre og Romsdal fylkeskommune bed om at innspel må vere komne innan 26.juni. Det vert vist til vedlegg for meir informasjon om prosessen

Fylkeskommunen har i dag etablert FRAM Ekspress som «merkevare» i Møre og Romsdal (tidlegare Time ekspressen), og følgande ekspressruter er i drift:

- FRAM Ekspress rute 101/100 Volda-Ålesund-Molde-Kristiansund
- FRAM Ekspress rute 420 Molde-Åndalsnes (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 681 Ålesund-Åndalsnes (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 901 Kristiansund-Oppdal (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 902 Molde-Sunndalsøra-Surnadal-Trondheim (Mørelinjen)
- FRAM Ekspress rute 905 Molde-Kristiansund-Trondheim (Mørelinjen)

Vurdering og konklusjon:
Det har over tid vore peika på at Garneskrysset som knutepunkt for busstrafikken må vidareutviklast og styrkast. Det har også vore vist til at det sentrale målpunktet for dei reisande på Sunnmøre er Moa. Det er i dag ikkje god bussfrekvens frå Sulesund til Moa, og det burde ha vore etablert gjennomgåande rute frå Søre Sunnmøre via Garneskrysset, ferje Hareid – Sulesund til Moa bussterminal.

Ved å etablere ei Fram Ekspress rute over Garnes (Volda-Furene-Garnes-Moa). Med betre materuter inn/ut mot Garnes vil ei slik ekspressture over Garnes gi:

- Betre bussfrekvens mellom dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre.
- Betre frekvens og samordning mot dei vidaregåande skulane på Søre Sunnmøre, høgskulane, sjukehusa og flyplassar mm.
- Betre frekvens mellom Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre (Moa bussterminal).

Likestillingsmessige sider ved saka: Betra kollektivtransport har positiv likestillingsmessig effekt.
Konsekvensar for folkehelsa: Auka kollektivtilbod, vil kunne gje redusert biltrafikk – noko som har folkehelsegevinst over tid.
Miljøkonsekvensar: Auka bruk av kollektivtransport med redusert bilbruk som følgje vil vere positivt miljømessig.
Økonomiske konsekvensar: Avgrensa for kommunane
Beredskapsmessige konsekvensar: Små konsekvensar
Konsekvensar for barn og unge: God kollektivtransport er eit viktig tiltak for barn og unge.

Namn	Arne Runar Vik
Rådmann	kommunalsjef teknisk etat

«MOTTAKARNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTAD»

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	40427/2019	Atle Ræstad, 71 28 01 25	02.05.2019

Ruteendringsprosessen 2020 - Innspel frå kommunar og operatørar.

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i august 2019. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2020.

For å få ut ny ruteinformasjonen rettidig til 1.mai 2020, er det viktig at fristen for innlevering av innspel blir overhalden. I praksis må nye rutetider offentleggjerast før jul kvart år.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir bedne om å kome med desse no. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspel (buss, ferje og hurtigbåt) må sendast samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

Fylkeskommunen har avgrensa økonomiske ressursar og har dermed lite spelerom, og det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei tydeleg prioritering på sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårleg belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

- Forslag på ruteendringar som er fremma tidlegare og av ulike grunnar ikkje har vorte gjennomført, er unødvendige å fremme igjen.
- Forslag til ruteendringar som gjer korrespondansar betre vil bli prioritert.
- Forslag som gjeld endringar i rutetidene på riksvegferjerutene(rute nr: 10, 11, 33 og 48) må tas direkte med Statens vegvesen.
- Forslag til endringar av haldeplassar eller andre saker som ikkje angår rutetidene spesifikt, må sendes i eige brev utanom denne ruteendringsprosessen.

Hugs at mange av ferjesambanda får nye rutetider frå 1.januar, når nye anbod vert starta opp.
I samband med arbeidet med «Prosjekt kollektivtransport Kristiansund» vil det bli sendt ut eit høyringsbrev til Kristiansund og Averøy kommunar i løpet av veke 19 med ein høyringsfrist som er lik høyringsfristen i dette brevet.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 26.juni 2019** (utan at heile saksbehandlinga i kommunen vert vedlagt).

Med helsing

Stig Helle-Tautra
seksjonsleiar

Atle Ræstad
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10164 19/10450
Saksbehandlar: Steinar Nummedal
Dato: 11.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
79/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Låneopptak i Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

Samandrag:
Kommunestyret har tidlegare vedteke å flytta ansvaret for finansiering av investeringar til Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) frå kommunane til SSIKT. Samla låneopptak for SSIKT for 2019 er kr. 10.775.000 som alle kommunane i samarbeidet må godkjenne.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein kommune godkjenner at SSIKT kan ta opp kr. 10.775.000 i lån for å finansiere investeringar i 2019.

Saksopplysningar:
Styret i SSIKT har vedteke eit investeringsbudsjett for 2019 på kr. 10.775.000.

SSIKT treng eit eige kommunestyrevedtak frå kvar deltakarkommune for å ta opp lån. Investeringane skal finansierast ved låneopptak og lånet skal nedbetalast over 5 år.

Investeringsbudsjettet for SSIKT i 2019 er:

Maskinar og utstyr på driftssenter	2.950.000
Agresso digitaliseringstiltak	875.000
Sak/arkiv system	5.750.000
Gerica: Svar ut	200.000
Helsestasjonsprogram	1.000.000
Sum	**10.775.000**

Alle summar er nettobeløp (eks mva).

Utrekninga under viser estimert kostnad som kvar kommune får i framtida grunna låneopptak i SSIKT for 2019. Det er teke utgangspunkt i ei rente på 2% og økonomisk levetid på 5 år.

			Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
År	**Avdrag (5 år)**	**Rente (2%)**	**0,097**	**0,088**	**0,168**	**0,164**	**0,121**	**0,171**	**0,191**
2019	-	107 750	10 452	9 482	18 102	17 671	13 038	18 425	20 580
2020	2 155 000	172 400	225 758	204 811	391 003	381 694	281 615	397 985	444 533
2021	2 155 000	129 300	221 577	201 018	383 762	374 625	276 400	390 615	436 301
2022	2 155 000	86 200	217 396	197 226	376 522	367 557	271 185	383 245	428 069
2023	2 155 000	43 100	213 216	193 433	369 281	360 488	265 970	375 875	419 837
2024	2 155 000	21 550	211 125	191 536	365 660	356 954	263 363	372 190	415 721
	10 775 000	560 300	1 099 524	997 506	1 904 331	1 858 989	1 371 571	1 938 336	2 165 042

Sjå elles tertialrapporten med omsyn til forslag om å omdisponere 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» til gangbru over Sauneselva, mens resterande beløp på 1.806.250 vert føreslått nytta til ekstraordinær nedbetaling av lån.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen vil tilrå at SSIKT tek opp lån på kr. 10.775.000 i 2019.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: sjå saksutgreiinga
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Namn	Steinar Nummedal
Rådmann	leiar økonomiavdelinga

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10379 19/10399
Saksbehandlar: Arne Runar Vik
Dato: 07.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
80/19	Formannskapet	18.06.2019

Oppstart av arbeid med levekårsplan 2020 - 2032

Samandrag:
I Ulstein kommune sin planstrategi for 2016 – 2020 går det fram at levekårsplanen skal rullerast i 2018. Det var ikkje administrativ kapasitet til å starte i fjor, men no skal arbeidet kome i gong. Rådmannen rår til at levekårsutvalet får fullmakt til å godkjenne planprogram, leggje planframlegg ut til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe og ha elles ha funksjonane som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein formannskap startar opp arbeidet med «levekårsplan for Ulstein kommune 2020-2032», jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 11-1 og 11-2.

Formannskapet vidaredelegerer sitt mynde som kommuneplanutval for arbeid med levekårsplanen til levekårsutvalet. Dette gjeld t.d. fullmakt til å godkjenne planprogram, å leggje ut planframlegg til offentleg ettersyn, vere styringsgruppe for planarbeidet og elles ha funksjonane som administrasjonen sitt næraste politiske rådgjevings- og avgjerdsorgan i prosessen.

Saksopplysningar:

Saka gjeld oppstart av planarbeid for revisjon av levekårsplanen for Ulstein kommune.

Gjeldande levekårsplan for Ulstein kommune vart godkjent i kommunestyret 2014 og er gjeldane for perioden 2013-2020. Det er i planstrategien for Ulstein vedteke å starte opp arbeidet med levekårsplanen i 2018, i samsvar med dei formelle krava til planprosess for kommunedelplanar.

I planstrategien står der følgjande om levekårsplanen:
Denne omfattar store kommunale tenesteområder som oppvekst, helse, omsorg, sosial og kultur. Planen trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. I samband med dette skal det gjennomførast ein samfunnsanalyse som er meint å tene som ein referanseramme. Det skal kartleggast kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester. Levekårsplanen var vedteken i kommunestyret i 2013. Planen har som mål å skape samhandling og tverrsektorielt samarbeid for å skape gode løysingar for utviklinga av lokalsamfunnet. Rullering vil skje i 2018. Ved rullering skal mindre planar som tema- og sektorplanar innlemmast i Levekårsplanen

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for utarbeidinga av Levekårsplanen:

Tidsrom 2019-2020	Aktivitet
	Innleiande arbeid:
Juni 2019 September 2019 Oktober 2019	· Oppstartsmøte, varsel om oppstart · Utarbeiding av planprogram · Sende ut planprogram for høyring og offentleg ettersyn i 6 veke. · Arbeide med samfunnsanalyse
Oktober 2019 – januar 2020 Februar 2020	· Utarbeide planforslag · Sende planforslag på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.
Februar/mars 2020	· Arbeide med innspel · Folkemøter
April – mai 2020 Juni 2020	· Arbeide med siste del av planen · Endeleg vedtak i kommunestyret. · Kunngjering av levekårsplanen

Framdriftsplanen vil kunne bli endra undervegs i prosessen.

Det er etablert ei administrativ prosjektgruppe som har denne samansetninga:
Kommunalsjef oppvekst Gry Nordal
Kommunalsjef helse og omsorg Marit Botnen
Kultursjef Leif Ringstad
Planleggar Cecilie Roppen
Interkommunal samfunnsplanleggar Jarand Holtekjølen Dugstad

Vurdering og konklusjon:
Det er viktig å få revidert planen med sikte på vidareføring av intensjonen i tidligare plan, implementere nye føringar frå statlege og regionale nivå og nye utfordringar for Ulstein samfunnet. Den nye kommunedelplanen for levekår vil vera gjeldane for perioden 2020-2032, men det blir lagt opp til rullering etter nærare fastlagt plan**.**

Levekårsplanen omfatte store delar av det kommunale tenesteområde som oppvekst, helse, omsorg, sosial, teknisk og kultur. Planen trekkjer fram viktige arenaer, både eksisterande og under planlegging, og arrangement som er med å engasjere befolkning allereie frå ung alder. Under arbeidet med planen skal det gjennomførast ei analyse der det skal kartleggast kva som har vore typiske utviklingstrekk for Ulstein kommune og kva som kan forventast å bli utviklinga framover, samt tilhøyrande utfordringar og konsekvensar for den kommunale produksjonen av tenester. Levekårsplanen skal skape støre samhandling mellom dei ulike sektorane for å skape gode løysingar for Ulsteins samfunnets framtidige problem.

Under planarbeidet med levekårsplanen er aktivering av innbyggjarane i kommunen, avgjerande i å gje verdifulle innspel i kartlegginga av Ulstein samfunnet. I følgje plan- og bygningslova har kommunane eit særskilt ansvar for brei medverknad, der Ulstein kommune vil nytte seg av plattformar, der alle grupperingar i Ulstein samfunnet skal kunne gje innspel. Innspel, synspunkt, merknadar vil verta tatt til vurdering.

I denne valperioden har det vore gjennomført folkemøte i alle krinsar i perioden februar / april. Det vil vere gunstig å ha planframlegget klart til offentleg ettersyn slik at det kan presenterast og med høve til innspel og merknader i tilknyting til folkemøta om dette blir vidareført på same måte i komande valperiode.

Likestillingsmessige sider ved saka: Vert ein del av vurderingane i planarbeidet.
Konsekvensar for folkehelsa: Dette vert tema i planarbeidet.
Miljøkonsekvensar: Dette vert tema i planarbeidet, men kanskje ikkje det som får klarast fokus i denne planen.
Økonomiske konsekvensar: Tiltak og prioriteringar i planarbeidet vil måtte følgjast opp med økonomiske løyvinga knytt til arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett.
Beredskapsmessige konsekvensar: Avgrensa
Konsekvensar for barn og unge: Svært viktig gruppe i planarbeidet

Namn	Arne Runar Vik
Rådmann	kommunalsjef teknisk etat

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10456 19/10480
Saksbehandlar: Verner Larsen
Dato: 11.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
81/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Ulstein fjernvarme AS - tilføring av kapital

Samandrag:
Saka gjelder tilføring av kapital til Ulstein fjernvarme as. Midlane skal gi selskapet økonomisk rom til nye investeringar og sikre vidare drift. Rådmannen går inn for at det vert tilført midlar.

Rådmannen si tilråding:
Ulstein kommune løyver 8 mill. kr til tilføring av eigenkapital i Ulstein fjernvarme AS. Løyvinga vert dekt frå kapitalfondet.
Midlane vert tilført selskapet med fire mill. kr innan 2. desember 2019 og fire mill. kr innan 31. januar 2020.

Saksopplysningar:
Saka om tilføring av kapital til Ulstein fjernvarme vert lagt fram til politisk behandling. Det er ein føresetnad for saka at generalforsamlinga i Ulstein fjernvarme AS gjer vedtak om utviding av aksjekapitalen i generalforsamlinga den 18.06. 2019

Der er tidlegare tilført 12,5 mill. kr i aksjekapital og 11 mill. kr i ansvarlege lån, sist i sak K-sak 16/72

Styret i Ulstein fjernvarme AS har gjort slikt vedtak i sak 19/10
Vedtak:
1) Styret i Ulstein Fjernvarme AS ber eigar, Ulstein kommune, om utvida kapitaltilførsel i form av fri aksjekapital på kroner 8.000.000,-. Midlane skal gå til utbygging av nye energi sentralar (ES 12 og ES 6) og sikre selskapets drift og stabilitet kommande år. Selskapet skal også satse meir på marknadsføring.
Styret legger til grunn at det gis støtte frå Enova til prosjekta. Ved eventuell mangel på endeleg
utbyggingsavtale i tenkte prosjekt kan midlane omdisponerast til utbygging av annan/andre
energisentral(ar). Aksjekapitalen utbetales med kroner 4 millionar innan 2.desember 2019 og resterande kroner 4 millionar innan 31.januar 2020.

Vurdering og konklusjon:
Det er fornuftig å tilføre selskapet midlar for å gjennomføre dei investeringane som er planlagt. Den som ligg nærast i tid er leverase til Alvehaugen. Alvehaugen har i dag to luft til vatn varmepumper som er moden for utskifting i tillegg til ein oljekjel. Tilkopling til fjernvarme vil erstatte dei to varmepumpene og gi ein betydeleg reduksjon i bruken av oljekjel.

Der er sett i gong ei evalueringa av Ulstein fjernvarme AS og Ulstein eigedomsselskap KF med eksterne ressursar for å vurdere organisering og samarbeidsformer. Det vert arbeidd for å få fram desse vurderingane til møtet i september. Når rapporten ligg føre vil den gi eit grunnlag for ei langsiktig vurdering av selskapet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende
Miljøkonsekvensar: Fjernvarme har ein positiv miljøgevinst.
Økonomiske konsekvensar: Bruka av midlar til eigenkapital vil redusere kommune sine renteinntekter og likviditet. Med nye krav om eigenkapital knytt til investering vil det og verke inn på evna til investering. Investering i aksjekapital gir og ein risiko for tap av midlar.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Namn	Verner Larsen
Rådmann	rådmann

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10141 19/10369
Saksbehandlar: Annika Brandal
Dato: 06.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
41/19	Levekårsutvalet	12.06.2019
82/19	Formannskapet	18.06.2019

Søknad om midlar til Personboka 2020

Samandrag:
Sverre Bjåstad jobbar med ei oppdatert utgåve av Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein. Han søkjer om stønad frå Ulstein kommune på kr 35.000,- for å gi ut boka. Han har også søkt Hareid kommune om støtte.

Rådmannen si tilråding:

Alternativ 1:

1. Ulstein formannskap set stor pris på, og ser viktigheita av det arbeidet som Sverre Bjåstad gjer med Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein.
2. Ulstein kommune yter kr 35.000,- til arbeidet. Dette vert finansiert frå tilleggsløyvingane.

Alternativ 2:

1. Ulstein formannskap set stor pris på, og ser viktigheita av det arbeidet som Sverre Bjåstad gjer med Personboka/bygdebok for Hareid og Ulstein.
2. Av budsjettmessige årsaker kan ikkje Ulstein kommune imøtekome søknaden fullt ut. Ulstein kommune støttar prosjektet med å kjøpe bøker til ein verdi av kr 10.000,- Dette vert finansiert frå kulturmidlar til enkelttiltak.

Vedlegg:
Søknad om støtte til Personboka 2020

Saksopplysningar:
Sverre Bjåstad har gitt ut Registerboka for bygdebøkene i Hareid og Ulstein i 1987. I 2001 publiserte han Personboka 2000 for Hareid og Ulstein, i 2007 gav han ut Utflyttarboka, medan han digitaliserte Personboka 2000 i 2016. No søkjer han om støtte til å gi ut ei oppdatert Personbok.

Vurdering og konklusjon:
Då Personboka 2000 og Utflyttarboka 2007 kom ut, var det eit imponerande lokalhistorisk arbeid som vart avslutta. Den store verdien boka har hatt som oppslagsbok i samband med bruk av bygdebøkene, og ikkje minst som konkret historisk kjelde og oppslagsbok om folk generelt i Hareid og Ulstein kan ikkje overvurderast. Det vert sagt at nest etter Bibel og salmebok, er Personboka 2000 den mest brukte boka i heimane i kommunane våre. Då bøkene blei digitale var det endå fleire som fekk til gong til dei.

Han har jobba med ein ny versjon av boka sidan 2016, og nærmar seg no ferdigstilling. Innhaldet i boka er om lag som boka han gav ut i 2000, med oppdatert informasjon. I tillegg kjem det eit nytt innhald kjem om lag 50 gruppebilder med ein kort omtale av personar som har flytta til Hareid og Ulstein frå ulike fylke/land. Om lag 6 personar på kvart bilde. Dette arbeidet er tidkrevjande, men Bjåstad trur dette vil høge nivået av boka.

Målet er å gi ut boka i oktober/november 2019.

Hareid kommune har støtta boka med kr 20.000,-

Rådmannen vurderer dette prosjektet som eit viktig bidrag til utviklinga av eit oppdatert lokalhistorisk oppslagsverk og rår politisk nivå til å støtte prosjektet. Rådmannen vel å legge fram til alternative forslag til vedtak.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.
Økonomiske konsekvensar: Som omtalt i tilrådinga, to alternativ.
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Namn	Leif Ringstad
Rådmann	kultursjef

Ulstein kommune

v/kultursjefen

6065 Ulsteinvik

Søknad om kr 35 000 frå Ulstein kommune i høve utgjeving av papirboka Personboka 2020

Dette svarar til dei kr 20 000 som har tilkome meg frå Hareid.

Grunn for søknaden:

Eg har i 2016, 2017 og 2018 arbeidd for utgjeving av ei oppdatert PERSONBOK /Bygdebok for Hareid og Ulstein. Arbeidet har no kome så langt at eg er trygg på at boka kjem ut innan eit år. Boka som blir ei papirbok kan no presenterast i eit prøvetrykk med den innsamlinga som til no er ferdig (90%), og får namnet **PERSONBOKA 2020 for Hareid og Ulstein**.

Innhaldet i boka er om lag som den eg gav ut i 2000. Som nytt innhald kjem ca. 50 gruppebilde med ein kort omtale av personar som har flytta til Hareid og Ulstein frå ulike fylke/land. Om lag 6 personar på kvart bilde. Dette arbeidet er ganske tidkrevjande arbeid. Men eg trur det vil høge nivået av boka.

Eg har som mål å gi ut boka i okt/nov 2019.

Hareid 13.11.2018

Helsing

Sverre Bjåstad

Geilehøga 11 6060 hareid

Tlf 918 64 037

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10213 19/10348
Saksbehandlar: Rune Urke
Dato: 06.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
83/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena

Samandrag:
Etter nærmare 10 år med planlegging og bygging av Ulstein Arena, så er endeleg byggekostnaden avklara. Investeringskostnaden vart kr. 315.978.125. Investeringa er fullfinansiert, og det er ikkje behov for å ta opp ytterlegare lån.

Dagleg leiar si tilråding:
Styret i UEKF vedtek byggekostnaden på Ulstein Arena til kr. 315.978.125. Når midlane frå sal parkeringsplassar og utbetaling av tippemidlar er på plass, skal midlane snarast nyttast til nedbetaling av lån.

Handsaming:
Tilrådinga frå dagleg leiar vart samrøystes vedteken.

Vedlegg:
Byggerekneskap Ulstein Arena
Ulstein Arena, bygerekneskap detaljar
Ulstein Arena, oversikt finansiering

Saksopplysningar:
Alle prosjekt har det ved seg, at det skal føre til eit bestemt resultat. Kva har prosjektet Ulstein Arena ført til av resultat? Har resultatet svart til forventningane? Er resultatet så bra at det kan forsvare investeringskostnaden? Underteikna vil overlate til kvar enkelt å vurdere svar på spørsmåla ovanfor. Prosjektet Ulstein Arena har i alle fall ført til stort engasjement.

Det er ei lang historie bak planlegging og bygging av Ulstein Arena. I 2010 vedtok kommunestyret at det skulle utlysast ei «plan og design» konkurranse. Det vil seie at det skulle lysast ut ein konkurranse mellom arkitektar og konsulentar om å lage det beste prosjektet for Ulstein Kommune. Vinnaren av konkurransen vart prosjekteringsgruppen «Next Level». Denne gruppa bestod av ei gruppe arkitektar og ingeniørar som fekk retten til å føre arbeidet vidare i samarbeid med kommunen. Dette vedtaket vart styrande for den vidare prosessen. Prosjekteringsgruppa med sine dyktige arkitektar hadde fått stor makt til å styre og planlegge vidare utvikling av prosjektet i samråd med Ulstein Kommune.
Denne utviklinga av prosjektet varte i fleire år, heilt til ein hausten 2014. Då vart det vedteke å lyse prosjektet ut på anbod. Anboda kom inn vinteren 2015, og det vart laga ei sak til kommunestyret i mai 2015, der ein godkjende eit byggeprosjekt med total investeringsramme på 268 mill kroner. Med knappast mogleg fleirtal vart det vedteke å gjennomføre prosjektet. Frå dette tidspunktet vart prosjektet overført frå Ulstein Kommune til Ulstein Eigedomsselskap (frå planleggingsfase til byggefase)

Byggearbeidet starta etter ferien 2015 med utgraving av den store byggegruva. Massane frå utgravinga vart disponert til fleire gode formål med mindre fyllingar, og gode masser med sprengt stein vart køyrd til Eidet for å kunne nyttast til turvegar på fjellet. Men det var svært store mengder av fjell og lausmasser som skulle deponerast. Mesteparten av dette vart deponert på innsida av Boholmen. Dermed fekk Ulstein Verft dermed gratis utfylt nytt industriareal, og kommunen fekk kvitte seg med overflødige masser.

Det vart planlagt å grave ut området under bassenget først. Dette fordi denne betongkonstruksjonen måtte ferdigstillast først, og så skulle resten av betongveggane byggast med fuge inn mot bassenget. Dette fordi det er kritisk viktig at bassenget ikkje får setningar som kan skade betongen. Det viste seg at på deler av grunnen der bassenget skal stå, var det dårleg fjell med dårleg bereevne. Samstundes var der «svelleleire» som har stor kapasitet til å kunne ekspandere, og med fare for å kunne løfte opp konstruksjonar. Dette var svært uheldig for prosjektet si framdrift og kostnad. Større mengder med fjell måtte gravast ut til ein kom på fast fjell. Så måtte ein støype pillarar opp til det nivået ein skulle starte bygginga på.
Gravearbeidet fortsette vidare. Men til alt overmål så kom vi bort i meir dårleg fjell der den store betongtrappa vender seg mot sentrum. Igjen måtte vi til med graving og masseutskifting. Arbeidet for andre fag vart forseinka, og heile byggeprosessen måtte forlengast med omlag 2 månadar. Både gravearbeidet og forlenga byggetid gjorde at det vart stor ekstra kostnad for prosjektet.

Byggearbeidet hadde god framgang i tråd med framdriftsplan i 2016. Ein kritisk

faktor i byggearbeidet var at basseng-delen av bygget måtte vere tett til jul 2016. Dette for at betongen i bassenget hadde lang herdetid før ein kunne legge fliser. Den kritiske faktoren her var at Skandinaviska Glassystemer AB (SGS) måtte ha på plass dei avanserte glaskonstruksjonane før Jul. Hausten 2016 vart frustrerande for oss som hadde rolla som byggherre for dette bygget. SGS klarte aldri å montere desse vindauga til Jul 2016. Problemet var at beslaga som skal halde glasfasaden ikkje passa. SGS og prosjekteringsgruppa skulda på kvarandre, og dei store glasareala kom ikkje på plass. I januar 2017 måtte vi derfor montere presenningar der det skulle vere glas for å sikre at betongen kunne herde og tørke. Til slutt kom glasa på plass vinteren 2017.

Eit anna uromoment var kostnadane som prosjekteringsgruppa fakturerte i byggefasen. Kontrakten med PG var at dei skulle fakturere etter timeforbruk, men med ei budsjettramme på 9,2 mill kroner. For byggherren var det uråd å vite kor mykje restarbeid som stod att å prosjektere til ei kvar tid. Vi fekk heller ikkje gode svar når vi tok opp dette spørsmålet. På det tidspunktet at det var fakturert meir enn honorarbudsjettet, sette vi ned foten og nekta å betale ytterlegare honorar. Dette utvikla seg til ein konflikt med PG, og PG valde å gå til søksmål mot Ulstein Kommune. UEKF måtte sjølvsagt følgje opp med å hyre inn advokat, for å svare på dei påstandane som PG kom med. Vi måtte dermed sette i gang arbeid med å dokumentere våre krav og svare sakleg på motparten sine påstandar. Det var eit tidkrevjande arbeid å lage slik dokumentasjon. Spesielt byggeleiar Solgunn Gjermundset og våre advokatar måtte bruke mange timar på å dokumentere våre tap og krevje dekking av desse. Sjølvsagt gjekk det også med mange timar for administrasjonen i UEKF. Undervegs var det forsøk på forhandlingar mellom partane. Men det var stor avstand mellom partane, og ein vart ikkje samde. Ei anna sak var spørsmålet om kven som hadde fullmakt til å godta eit eventuelt forhandlingsresultat. Styret i UEKF vedtok å be kommunestyret om å gje ordføraren fullmakt til å godkjenne eit eventuelt forhandlingsresultat. Ordføraren fekk fullmakt med kommunestyret.
I november 2018 vart det i Sunnmøre Tingrett gjennomført rettsmekling mellom partane. Det var ryddige og konstruktive forhandlingar, og partane vart samde om forlik. Hovudpunktet i avtalen var at UEKF skulle betale 2,8 mill til PG, og ta mot 2 mill kroner frå forsikring. UEKF fekk kreditnota for til saman kr. 5.450.808 ex mva. Dette reduserte byggekostnaden for prosjektet med mange millionar, men vi måtte bruke mange millionar på advokatar og ekstern byggeleiar for å oppnå resultatet. Problema med den svenske glasleverandøren var ikkje ferdig. Etter at bygget vart teke i bruk 2. desember 2017 skulle entreprenørane sende sluttrekning. Vi hadde på dette tidspunkt protestert på nokre faktura frå SGS. Men når sluttrekninga kom så vart denne konflikten trappa opp. Vi var svært usamde i den store sluttfakturaen, og vi avviste sluttfakturaen. Igjen fekk vi ein konflikt der vi måtte involvere våre advokatar. Det vart også gjennomført forhandling, men utan resultat. SGS trua med rettssak, men stemninga kom aldri. Etter at SGS fekk norsk advokat vart det framdrift i forhandlingane. SGS gjekk motvillig med på at alle ubetalte faktura ikkje skal betalast. Denne semja vart kommunisert til vår advokat i april 2019. Avtalen medfører at vi kan redusere byggekostnaden med vel 5,7 mill kroner ex mva. Men vi venter fortsatt på kreditnota. Dette var den siste brikka som måtte falle på plass for at vi kan fastsette byggekostnaden for investeringsprosjektet Ulstein Arena.

Heile byggekostnaden er ført med frådrag for mva. Dette er gjort dels med momskompensasjon, og dels med frådrag for inngåande meirverdiavgift. Skatteetaten har uttalt seg om saka og kan godkjenne prosjektet som

«opplevingssenter» dersom det i tillegg blir bygd nokre badestamapar ute, ei ekstra sklie, samt nokre fleire «attraksjonar» inne i hallen. Denne utvidinga av prosjektet er eit eige prosjekt, og kostnadane med dette er ikkje innblanda i denne saka.

KOSTNADSAVVIK:
Ved årsskiftet 31.12.2018 var det bokført vel 321 mill kroner på prosjektet. Etter forliket med SGS er endeleg kostnad på kr. 315.978.125. Før byggestart vart investeringsramma sett til 268 mill kroner. Hausten 2016 varsla UEKF til Ulstein Kommune at ramma ville sprekke. Det vart laga sak på dette og Ulstein Kommunestyre godkjende i møte 23.05.2017 utvida ramme til kr. 299.616.000.
Vi viser til vedlagt prosjektrekneskap som viser avvika på dei ulike fagområda. Vi vil i det vidare gje nærmare forklaring på dei største avvika.
Konsulentkostnad byggefase:
Dette gjeld kostnadar til prosjektering og oppfølging frå PG. Dei oppgav sjølve budsjett på honorar til 9,2 mill kroner. Seinare opplyste dei at dette var feil. Rett sum skulle vere 11 mill kroner. Før byggestart hadde kommunen betalt ut 35,6 mill kroner. Men i overgangen før UEKF overtok byggeansvaret vart det fakturert 2 mill kroner som eigentleg høyrde til Ulstein Kommune. I byggefasen opplevde vi at det vart fakturert alt for mange timar på PG, og dette vart konflikt. Kostnaden enda på 19.750.000. Då er det trekt frå kr.5.450.808 som vart avtalt i forliket med PG.

Andre konsulentkostnadar:
Dette gjeld dels innleige av ingeniør til uavhengig kontroll og ITB koordinator, men hovudsakleg gjeld dette innleige av advokatar til å handtere konflikt med SGS og PG. Til saman kosta advokatane om lag 7,5 mill kroner.

Bygningsmessig arbeid:
Dette gjeld entreprisen til hovudentreprenør PEAB Nordang. Sjå vedlagt oversikt over kva kostnadar som inngår i avviket.

Byggeleiing:
Her har vi lagt inn kostnadar til ekstern firma til byggeleiing og eigen prosjektleiar. Her har vi undervurdert kor mykje arbeid som måtte gjerast av byggeleiar. Vi anslår at kostnaden på byggeleiar til å handtere konflikt med PG er på om lag 1,5 mill kroner.

Prisindeksregulering:
Etter norsk standard hadde kontraktane klausul om prisregulering. Avviket skuldast underbudsjettering, og at byggetida vart auka med over 2 månadar.

Reservar:
Sjå vedlagt tabell for kva kostnadsartar som inngår i denne summen.

FINANSIERING AV TOTALKOSTNADEN.
Ved årsskiftet 31.12.18 var bokført kostnad over 321 mill kroner. På grunn av at prosjektet ikkje hadde avslutta tvisten med SGS så var ikkje prosjektet avslutta, og tilleggskostnaden var ikkje fullfinansiert. Men revisor påpeika at alle investeringar i kalenderåret måtte finansierast. Sjå vedlagt dokument som viser kostnad og finansiering. Det vart henta inn ledige lånemidlar frå andre prosjekt samt investeringsfond. Til rest stod det då 10.230.285,42 som måtte finansierast med nytt lån. Dette vart ein premiss i årsrekneskapen til UEKF som no er vedteken.
I april 2019 kom forliket med SGS som reduserte byggekostnaden med kr

5.709.513. Ved årsskiftet har vi dermed finansiert vel 5,7 mill kroner for mykje på prosjektet. Desse midlane kan dermed nyttast til nedbetaling av gjeld.
Det same gjeld budsjettert sal av parkeringsplassar. Her kan det betalast ned gjeld når sal er gjennomført. Når det gjelder spelemidlar så er det utbetalt berre 1,7 mill kroner. Når resten av spelemidlane (budsjett 33,3 mill) er utbetalt så kan også desse midlane nyttast til nedbetaling av lån.

Vurdering og konklusjon:
Bygging av Ulstein Arena vart langt dyrare enn berekna. Kommunen sine skatteinntekter har endra seg ved å ligge på om lag 20% meir enn landsgjennomsnittet i 2014, til å ligge på landsgjennomsnittet i 2019. Det seier seg sjølv at kombinasjonen av sviktande inntekter og stor kostnadssprekk på prosjektet har vore svært uheldig, og det er sterkt å beklage at det vart slik.
Bygget med uteareal står no ferdig i all si prakt. Det vil sannsynlegvis ikkje kome liknande prosjekt i Ulstein på mange år. Det ein har lært av dette prosjektet kan derfor bli vanskeleg å overføre til seinare generasjonar. Men nokre ting som er lært kan overførast til andre prosjekt, sjølv om dette er langt enklare, mindre, og ikkje så utfordrande prosjekt.

Lærdom frå Ulstein Arena:
1, Det kan vere økonomisk gunstig å få lokale entreprenørar som planleggar og utførande.
2, Risiko for avvik i byggefasen bør få meir merksemd i planleggingsfasen.
3, Risiko for uforutsette kostnadar bør ikkje settast for lågt.
4, Val av type av entrepriseform bør få grundig vurdering på eit tidleg stadium av prosjekt.
5, Tal på byggekontraktar i prosjekt bør vere lågast råd.
6, Alle kostnadar i prosjektet må synleggjerast på førehand, og ikkje leggast i «sekkepostar»
7, Resultat av prosjekt, og konsekvensar etter ferdigstilling bør gjerast klart tidleg i prosessen.
8, Økonomireglementet for investeringsprosjekt bør arbeidast meir med, og vedtakast snarast.
9, Endringar i byggefasen bør unngåast så langt som råd.
10, Erfaringar frå alle prosjekt bør samlast skriftleg, og gjerast lett tilgjengelege for framtida.

Vedlegga til denne saka viser byggerekneskapen, og detaljar om kva som har skjedd. Dette er gjort med forsøk på å få fram hovudtrekka. Det er ei mengd mindre saker som har vore handtert i byggeprosessen utan at det vart store økonomiske konsekvensar. UEKF har undervegs forsøkt å finn postar i byggefasen for å redusere kostnadar, utan å lykkast særleg med det. Den største posten vi har fjerna er katodisk beskyttelse av armering med kr 700.000. Dette sidan vi fekk råd om at dette kunne vere tilrådeleg. Elles har det vist seg at eit kvart forslag til reduksjon ikkje har blitt reduksjon likevel. Dette fordi prosjektet var så komplisert at ei kvar endring fekk det resultat at det måtte prosjekterast om. Vinninga gjekk derfor opp i spinninga. Forslag frå arkitektane om endringar som skulle ha liten konsekvens på økonomi, viste seg å ha store konsekvensar på økonomi på andre fag.

Av rekneskapstekniske årsaker vart prosjektet fullfinansiert pr. 31.12.18. Bygget sine kostnader er kjende. No må fokuset vere på å få inn spelemidlar og sal av parkeringsplassar slik at midlane kan brukast til nedbetaling av lån.

Vi ser at det var stor prisstigning i byggetida. No er bygget ferdig. Det blir ikkje meir prisstigning, og kostnaden blir redusert etter kvart som lån blir betalt ned.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Namn	Rune Urke
Rådmann	dagleg leiar UEKF

Ulstein Eigedomsselskap

ULSTEIN
- der haug bryt båre

NOTAT

Saksnr	*Løpenr*	*Sakshandsamar*	*Dato*
2017/160	9197/2019	RUR	26.05.2019

BYGGEREKNESKAP ULSTEIN ARENA

Kostnadsart	budsjett	verkeleg	avvik
Prosjektering UK før byggestart	35 622 725	35 622 725	0
Konsulentkostnad byggefase	10 000 000	19 750 000	-9 750 000
Andre konsulentkostnadar	507 479	9 037 463	-8 529 984
Tomtekjøp	1 800 000	1 535 181	264 819
Rivingsarbeid	1 000 000	1 107 780	-107 780
Omlegging rør og ledningar før byggestart	1 000 000	1 041 003	-41 003
Bygningsmessig arbeid	137 249 070	158 206 495	-20 957 425
Glasarbeid	9 064 848	14 577 693	-5 512 845
Vassrutsjebaner	1 092 000	1 224 097	-132 097
Rørleggararbeid	13 120 400	13 730 906	-610 506
Luftbehandling	6 267 933	6 594 969	-327 036
Elektro	14 200 725	14 735 670	-534 945
Sentral driftskontroll anlegg	806 600	827 384	-20 784
Heisanlegg	872 000	962 871	-90 871
Vassrenseanlegg	6 396 220	7 039 182	-642 962
Anleggsbidrag Tussa	1 100 000	1 323 857	-223 857
Anleggsbidrag Fjernvarme	1 200 000	1 200 000	0
Uavhengig kontroll utførande	400 000	110 021	289 979
Byggeleiing	2 000 000	5 922 834	-3 922 834
byggelånsrenter	3 800 000	3 386 071	413 929
Tilknytingsavgift	500 000	646 843	-146 843
Prisindeksregulering	2 000 000	5 112 192	-3 112 192
Reservar	18 000 000	17 992 401	7 599
Totalkostnad	268 000 000	321 687 638	-53 687 638
Forlik med Skandinaviska Glassystemer		-5 709 513	
Netto kostnad	268 000 000	315 978 125	-47 978 125

Rune Urke
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Ulstein Eigedomsselskap

ULSTEIN
- der haug bryt båre

NOTAT

Saksnr	*Løpenr*	*Sakshandsamar*	*Dato*
2017/160	9198/2019	RUR	26.05.2019

BYGGEREKNESKAP ULSTEIN ARENA, DETALJAR.

Kostnadsart	budsjett	verkeleg	avvik
Konsulentkostnad byggefase	**10 000 000**	**19 750 000**	**-9 750 000**
2 mill kroner av avviket skulle vore ført på kommunen sin konto før byggestart. Resterande 7,7 mill kan forklarast i rettsforliket med Prosjekteringsgruppen.			
Andre konsulentkostnadar	**507 479**	**9 037 463**	**-8 529 984**
På grunn av 2 tvistesaker måtte vi engasjere advokatar. Dette kostnaden kom på om lag 7,5 mill kroner.			
Bygningsmessig arbeid, PEAB Nordang	**137 249 070**	**158 206 495**	**20.957.425**
På grunn av feilprosjektering: 5,5 mill. Mangel i prosjektering: 3 mill kroner. Innredning og klatrevegg: 1,5 mill Ombygging bibliotek: 1,5 mill Ekstrakostnad pga dårleg fjell: Problema med dårleg fjell førte til kostnadar på fleire fag. Det vart ekstra timar på dei prosjekterande. Det vart mykje ekstra arbeid på grunnarbeid. Vidare vart det ein god del betongarbeid. Lenger byggetid vart også ein konsekvens. Det er derfor uråd å seie nøyaktig kor mykje ekstra kostnad dette førte til totalt. Men det aller meste av ekstrakostnaden kom på hovudentreprenøren sitt fag, totalt om lag 5 mill kroner. I tillegg kjem ei rad endringar med tillegg og frådrag. Dokumentasjonen ligg i endringsloggen.			
Byggeleiing	**2 000 000**	**5 922 834**	**-3 922 834**
Denne posten var underbudsjettert. Problema som oppstod i prosjektet gjorde også at det vart ekstra mykje arbeid for dei eksterne byggeleiarane.			
Prisindeksregulering	**2 000 000**	**5 112 192**	**-3 112 192**
Prisstigninga var høgare enn budsjettert. At byggetida vart auka med over 2 mnd hadde også stor innverknad.			

Reservar	**18 000 000**	**17 992 401**	**7 599**

Posten for reservar skulle dekke inn uventa kostnadar i prosjektet. Vidare var det også tenkt at innreiing klatrehallen, inventar og utstyr skulle dekkast i denne posten.

Garantiar og provisjon	675 000
Transport gravemasser til Ulstein Verft deponi	765 000
Kamo ventilasjon	930 000
Nord Berg	380 000
PEAB	5 100 000
Svein Roppen AS	3 100 000
Tussa Installasjon	3 550 000
Skilting og profilering	400 000
Hammerø & Storvik, byggeleiing	310 000
	15 210 000

Endringar i prosjekt, initiert av byggherre:

Ombygging bibliotek	1 500 000
Betre spreienett data, kameraovervåking,	300 000
Lønn driftsleiar i 6 mnd i byggetid	500 000
Levering av storskjerm med ekstern finansiering	500 000
Arbeid utført for Fjernvarme	1 000 000
Etablering av bobilparkering og lading	300 000
Fjerning av katodisk beskyttelse	-700 000
Nettinggjerde mot skuleområdet	200 000
Menerga betaling og sikkerheitsystem	600 000
Skumanlegg for reingjering badeanlegg	400 000
Sum endringar	4 600 000

Rune Urke
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Ulstein Eigedomsselskap

ULSTEIN
- der haug bryt båre

NOTAT

Saksnr	*Løpenr*	*Sakshandsamar*	*Dato*
2017/160	9200/2019	RUR	26.05.2019

Oversikt finansiering Ulstein Arena pr 31.12.18

Total kostnad 321 689 196,59

Lånemidlar (budsjettert)	-275 623 000,00
Lånemidlar frå andre prosjekt	-9 412 399,49
Tilskot Ulsteinhallen (lånefinansiert i 2014)	-11 483 850,24
Ledig ramme ROP-bustad	-1 157 611,84
Spelemidlar	-1 700 000,00
Refusjonar (ikkje budsjettert)	-4 193 357,60
Sal parkeringsplass	-
Fakturert Fjernvarme	-908 451,00
Tilskot M&R	-2 993 000,00
Forsikringsoppgjer	-2 000 000,00
Salsinntekter Holsekervegen 40/Varleitevegen 17	-1 987 241,00
Udekka meirforbruk (låneopptak 2019)	-10 230 285,42

Finansiering utover budsjettert lån pr 31.12.2018

Meirforbruk ut over budsjett pt 31.12.2018	22 073 196,59
Manglande salgsinntekter	10 000 000,00
Ufinansiert andel av tippemidlar	7 300 000,00
Manglande inntekt Fjernvarme	1 091 549,00
Finansiert slik:	
Ikkje budsjetterte refusjonar 1)	-4 193 357,60
Forsikringsoppgjer	-2 000 000,00
Salsinntekter	-1 987 241,00
V9941 Avfallsrom Alvehaugen	-310 695,00
V9701 Ombygging Rådhuset	-97 229,60
V9978 Rømningstrapp rådhuset	-82 059,58

V9980 Ombygging Reiten	-88 744,00
V9982 Brukartilpassing Holsekerdalen	-229 131,00
V9968 Kjøp og sal av eigedomar	-6 508 771,00
V9989 Ombygging Ulsteinvik Barneskule	-50 270,11
V9973 Arena Ulstein Fase 2	-2 045 499,20
Tilskot Ulsteinhallen (lånefinansiert i 2014)	-11 483 850,24
Ledig ramme ROP-bustad	-1 157 611,84
Udekka meirforbruk (låneopptak 2019)	-10 230 285,42
	-0,00

1, Ikkje budsjetterte refusjonar

Eltel Sønnico AS - refusjon grøft	90 627,60
Com-net AS - fellesgrøft	19 420,00
Ulstein kommune - Grøft Arena/Petterbakken	93 310,00
Tilleggsløyving bubilparkering Ulstein Arena	100 000,00
Bruk kapitalfond UK	560 000,00
Tilskot overf frå UK - LæringArena	180 000,00
Tilskot frå Ulsmo	3 000 000,00
Hødd IL - sponsorstøtte til storskjerm	50 000,00
Brudevoll Kjøtt AS - sponsorstøtte til storskjerm	100 000,00
	4 193 357,60

Forventa framtidige inntekter/innbetalingar:		
Spelemidlar	33 300 000,00	
	(26 000 000 + 9 000 000 - 1 700 000)	
Kreditnota glasleveranse	5 709 513,00	
Sal parkeringsplassar	10 000 000,00	
	49 009 513,00	Nedbetalast på lån

Rune Urke
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10324 19/10336
Saksbehandlar: Rune Urke
Dato: 06.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
84/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Bygge ny 4-mannsbustad Ringen

Samandrag:
UEKF ønsker å bygge 4-mannsbustad i Ringen med investeringsramme på 7,5 mill kroner. Hovudsakleg blir investeringa finansiert av erstatning frå forsikring ved å få prosjektet godkjend som »gjenoppbygging til same formål» i forsikringsselskapet KLP.

Rådmannen si tilråding:
Styret i UEKF vedtek å bygge 4-mannsbustad på kommunal tomt i Ringen. Total investeringsramme: 7,5 mill. kroner.
Investeringa blir å finansiere med utbetaling frå forsikring, tilskot frå Husbanken, og investeringsfond i UEKF.

Handsaming:
Tilrådinga frå dagleg leiar vart samrøystes vedteken.

Saksopplysningar:
I 2018 hadde UEKF planar om å bygge 4-mannsbustad i Ringen. Dette for å dekke eit behov, og for å få ut resten av forsikringspengane til «gjenoppføring til same formål» etter tidlegare brannar. Sidan det var mogleg å kjøpe ein tilsvarande bustad i Holsekervegen til ein lågare kostnad, så valde UEKF å satse på dette bygget i staden. Holsekerdalen 142-150 er ferdig, men KLP nektar å godkjenne bygget som «gjenoppført bustad» Dette fordi det ikkje er bygd på kommunen si tomt, og dei 4 bustadane er ein del av eit sameige. Dette var svært uventa og overraskande for oss, men KLP står fast på sin konklusjon.

Vi har derfor diskutert saka med KLP vidare. Konklusjonen er at KLP godkjenner at UEKF bygger ein 4-mannsbustad på det regulerte området i Ringen som er merka med «BKS 1». For å vere heilt trygge har vi også forhandla fram ein heilt avklara forsikringssum som blir utbetalt i tillegg til det som er utbetalt tidlegare. KLP vil betale ut kr. 4.190.000 i forsikringssum dersom vi ferdigstiller denne 4-mannsbustaden innan 5 år etter at brannskaden oppsto. Det betyr at det nye bygget må ha ferdigattest innan 18.08.2021. Dette er ein tidsfrist som bør vere overkomeleg å handtere dersom vi får eit snarleg vedtak om at prosjektet kan realiserast. Derfor fremjar vi denne saka no.

Økonomien i prosjektet er svært god sidan vi får så stor erstatning frå KLP. I tillegg kan vi rekne med å få om lag 1 mill kroner i investeringstilskot frå Husbanken.

Vi har sjølvsagt ikkje hatt prosjektet ute på anbod. Men vi har fått klare indikasjonar på kva prosjektkostnaden blir. Vi meiner at vi skal vere rimeleg sikre på at vi kan gjennomføre dette innafor ei total prosjektramme på 7,5 mill kroner inkl mva.. Reknestykket blir då slik:

Investering :	7.500.000
Forsikringsutbetaling	-4.190.000
Tilskot frå Husbanken	-1.000.000
Rest å finansiere med fond:	2.310.000

Vurdering og konklusjon:
For å få ut resten av forsikringsoppgjeret må vi realisere eit prosjekt som KLP godkjenner som «gjenoppføring». Dette prosjektet i Ringen er førehandsgodkjend av KLP.
Sidan økonomien i prosjektet er så god, så er dette ei enkel sak å vurdere. Dette bygget må realiserast.
Ved å bygge nytt får vi tenlege nye bustadar med lite vedlikehald. Så kan vi selje eldre bygg til leigetakar eller andre.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Namn	Rune Urke
Rådmann	dagleg leiar UEKF

ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 19/10322 19/10334
Saksbehandlar: Rune Urke
Dato: 06.06.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
85/19	Formannskapet	18.06.2019
	Kommunestyret	

Oppgradere Kyrkjegata 27 med investeringsmidlar

Samandrag:
Tilstandsrapporten for Kyrkjegata 27 syner at bustaden treng oppgradering. UEKF foreslår å investere i stor oppgradering intill 1,3 mill kroner, finansiert med fondsmidlar.

Dagleg leiar si tilråding:
Styret i UEKF vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringskostnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med eigne fond.

Fellesframlegg frå styret i UEKF:
Styret i UEKF vedtek å investere i oppgradering av bustaden Kyrkjegata 27. Investeringsksotnaden er sett til 1.300.000 kroner. Tiltaket blir å finansiere med bundne
investeringsfond.

Handsaming:
Fellesframlegget frå styret vart samrøystes vedteke.

Vurdering og konklusjon:
Det kommunale utleigebygget i Kyrkjegata 27, med ansvar nummer V086, har fått skadedyr inne i bygget. Vi har leigd inn profesjonell hjelp til å få kontroll med skadedyra men det har ikkje lukkast utan å bruke gift.
No er bustaden tom og det er lagt ut gift. Det er stygg lukt i bygget, og arbeid er sett i gang med å rive deler av himling for å fjerne det som luktar. Omfanget av dette arbeidet er umogleg å fastslå på noverande tidspunkt. Det er fortsatt ikkje klarlagt korleis skadedyra har kome seg inn i bygget.
Som ein del av arbeidet med å lage vedlikehaldsplan er det laga tilstandsanalyse av bygget. Her er det peika på fleire områder som treng utbetring. Kostnaden med å pusse opp bad, og skifte av ein del vindauge, er vurdert som dei største postane. Til saman er det taksert at full oppgradering vil koste om lag 600.000 kroner. I tillegg kjem kostnaden med å reparere skaden etter at skadedyra er fjerna.

UEKF si forsikring dekker ikkje skadedyr. Dette er noko som vår samarbeidspartnar på forsikring ikkje kan tilby til kommunen. Vanlegvis er det berre private husstandar som kan teikne slik forsikring.

UEKF har hatt ein strategi med å gjere større rehabilitering i staden for å gjere delvis vedlikehald. Dette må vurderast også på dette bygget.

Tilstandsanalysen av bustaden viser at det er stort behov for vedlikehald. Vidare er det klart at kostnaden med å utbetre etter skadedyra vil ha ein stor og til no ukjend kostnad. Anten bygget skal seljast eller leigast ut vidare så er det nødvendig å sette bygget i stand. Bygget har god lokalisering, har mange soverom, og det er mangel på kommunale gjennomgangsbustadar. Mange som leiger kommunal bustad ønskjer å bli huseigar. Når bygget er sett i stand kan sal også vere eit alternativ.

Vurderingar og konklusjon:

Konklusjonen må bli at bygget med ansvarnummer V086 bør bli totalrenovert ute og inne slik at bygget står fram som attraktivt og rimeleg vedlikehaldsfritt i mange år framover. Då blir dette så omfattande og kostbart at det må sjåast som eit investeringstiltak. Maksimal ramme for investering bør settast til kr. 1.300.000 sidan det er uklart kor stor kostnad som er knytt til skadedyr.
UEKF kan finansiere oppgraderingane med midlar frå forsikringsoppgjer etter brannskade. Desse midlane kan berre nyttast til investering, og ikkje til drift.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Namn	Rune Urke
Rådmann	dagleg leiar UEKF